

# Semantisk analyse av norske verb og preposisjonar som frase og i preposisjon-verb-samansetningar

Ein korpusstudie

Leo Eeg



Masteroppgåve i lingvistikk  
Institutt for lingvistiske og nordiske studier,  
Universitetet i Oslo  
Vår 2017



# **Semantisk analyse av verb og preposisjonar som frase og i preposisjon-verb-samansetningar**

*Ein korpusstudie av norsk talespråk*

*Samanlikning av verb og preposisjon i par med frasar og samansette former*

©Leo Eeg

2017

Semantisk analyse av norske verb og preposisjonar som frase og i  
preposisjon-verb-samansetningar

Leo Eeg

<http://www.duo.uio.no/>

Trykk: Reprosentralen, Universitetet i Oslo

## Samandrag

Denne oppgåva samanliknar 33 uttrykk som består verb og etterstilt preposisjon, kalla frase, med 33 liknande samansetningar med preposisjon som forledd til verb (t.d. DRA PÅ-PÅDRA). Frasar og samansette former med like element er her kalla *par*. Slike uttrykk er også kalla frasale verb, partikkelverb og verbpartikkelkonstruksjonar. Bakgrunn for samanlikninga er å sjå kva for samband ein frase og ei liknande samansett form har i tyding, i norsk talespråk. Det er ulik grad av likskapar i kvart par, nokre er så godt som synonyme i særskilde tydingar (TA OVER-OVERTA), andre har tydingar utan eit klart samband (GI TIL-TILGI). I tillegg til å vise korleis samansette former er relaterte til frasar, undersøker denne oppgåva også kva som motiverer ulike tydingar av kvar frase og samansett form, etter elementa dei består av. Samanlikninga av frasar og samansette former er gjort på bakgrunn av korpusmateriale frå norsk talespråk, og det er tydinga og bruken til para i talespråket som er utgangspunktet. Viktige punkt er den grunnleggjande, romlege tydinga frasen kan uttrykkje og ekstensjonar av denne.



# Føreord

Eg vil fyrst og fremst takke rettleiaren min, Åshild Næss. Vidare ein takk til medstudentar og andre som på eit eller anna vis har hjelpt til på vegen.

**Leo Eeg**  
**Oslo, mai 2017**





# Innhold

<b>1</b>	<b>Introduksjon</b>	<b>1</b>
1.1	Bakgrunn . . . . .	1
1.2	Tidlegare forskning . . . . .	2
1.2.1	Falk og Torp 1900 . . . . .	4
1.2.2	August Western 1921 . . . . .	7
1.2.3	Olav Næs 1972 . . . . .	8
1.2.4	Norsk referansegrammatikk, Faarlund et al. 1997 . . . . .	10
1.2.5	Ongstad 1974 . . . . .	13
1.2.6	Norén 1996 . . . . .	14
1.2.7	Om omgrepa preposisjon, partikkel og adverb . . . . .	15
1.3	Forskingsspørsmål . . . . .	17
1.4	Teoretisk rammeverk . . . . .	17
<b>2</b>	<b>Metode</b>	<b>22</b>
2.1	Korpus som metode . . . . .	22
2.2	Val av korpus . . . . .	23
2.3	Om korpusa . . . . .	24
2.4	Søkinga . . . . .	25
2.5	Analyse . . . . .	27
<b>3</b>	<b>Analyse av par</b>	<b>30</b>
3.1	Introduksjon . . . . .	30
3.2	An-par . . . . .	33
3.2.1	Frasen GÅ AN . . . . .	34
3.2.2	Samansett form ANGÅ . . . . .	34
3.2.3	GÅ AN vs. ANGÅ . . . . .	35
3.2.4	Frasen LEGGE AN . . . . .	35
3.2.5	Samansett form ANLEGGE . . . . .	35
3.2.6	LEGG AN vs. ANLEGG . . . . .	36
3.2.7	Frasen SLÅ AN . . . . .	36
3.2.8	Samansett form ANSLÅ . . . . .	37

3.2.9	SLÅ AN vs. ANSLÅ . . . . .	38
3.2.10	Oppsummering AN . . . . .	38
3.3	AV-par . . . . .	38
3.3.1	Uttalevariantar av AV . . . . .	39
3.3.2	Frasen BRYTE AV . . . . .	40
3.3.3	Samansett form AVBRYTE . . . . .	40
3.3.4	BRYTE AV vs. AVBRYTE . . . . .	41
3.3.5	Frasen GJØRE AV . . . . .	42
3.3.6	Samansett form AVGJØRE . . . . .	42
3.3.7	GJØRE AV vs. AVGJØRE . . . . .	43
3.3.8	Frasen GÅ AV . . . . .	44
3.3.9	Samansett form AVGÅ . . . . .	46
3.3.10	GÅ AV vs. AVGÅ . . . . .	47
3.3.11	Oppsummering AV . . . . .	47
3.4	FRA . . . . .	47
3.4.1	Frasen TA FRA . . . . .	48
3.4.2	Samansett form FRATA . . . . .	49
3.4.3	TA (I)FRA vs. FRATA . . . . .	49
3.4.4	Oppsummering FRA . . . . .	50
3.5	INN . . . . .	50
3.5.1	Frasen FØRE INN . . . . .	51
3.5.2	Samansett form INNFØRE . . . . .	52
3.5.3	FØRE INN vs. INNFØRE . . . . .	53
3.5.4	Frasen GÅ INN . . . . .	53
3.5.5	Samansett form INNGÅ . . . . .	55
3.5.6	GÅ INN vs. INNGÅ . . . . .	56
3.5.7	Frasen SE INN . . . . .	56
3.5.8	Samansett form INNSE . . . . .	57
3.5.9	SE INN vs. INNSE . . . . .	58
3.5.10	Oppsummering INN . . . . .	58
3.6	NED . . . . .	58
3.6.1	Frasen LEGGE NED . . . . .	59
3.6.2	Samansett form NEDLEGGE . . . . .	60
3.6.3	LEGGJE NED vs. NEDLEGGE . . . . .	61
3.7	OPP-par . . . . .	62
3.7.1	Frasen DRA OPP . . . . .	63
3.7.2	Samansett form OPPDRA . . . . .	64
3.7.3	DRA OPP vs. OPPDRA . . . . .	64
3.7.4	Frasen FYLLE OPP . . . . .	64

3.7.5	Samansett form OPPFYLLE . . . . .	66
3.7.6	FYLLE OPP vs. OPPFYLLE . . . . .	66
3.7.7	Frasen LEVE OPP . . . . .	67
3.7.8	Samansett form OPPLEVE . . . . .	68
3.7.9	LEVE OPP vs. OPPLEVE . . . . .	68
3.7.10	Frasen LYSE OPP . . . . .	69
3.7.11	Samansett form OPPLYSE . . . . .	70
3.7.12	LYSE OPP vs. OPPLYSE . . . . .	70
3.7.13	Frasen STÅ OPP . . . . .	70
3.7.14	Samansett form OPPSTÅ . . . . .	71
3.7.15	STÅ OPP vs. OPPSTÅ . . . . .	72
3.7.16	Frasen TA OPP . . . . .	73
3.7.17	Samansett form OPPTA . . . . .	74
3.7.18	TA OPP vs. OPPTA . . . . .	75
3.7.19	OPPsummering . . . . .	75
3.8	OVER-par . . . . .	76
3.8.1	Frasen GÅ OVER . . . . .	76
3.8.2	Samansett form OVERGÅ . . . . .	78
3.8.3	GÅ OVER vs. OVERGÅ . . . . .	78
3.8.4	Frasen KJØRE OVER . . . . .	79
3.8.5	Samansett form OVERKJØRE . . . . .	79
3.8.6	KJØRE OVER vs. OVERKJØRE . . . . .	80
3.8.7	Frasen SE OVER . . . . .	80
3.8.8	Samansett form OVERSE . . . . .	81
3.8.9	SE OVER vs. OVERSE . . . . .	81
3.8.10	Frasen TA OVER . . . . .	82
3.8.11	Samansett form OVERTA . . . . .	83
3.8.12	TA OVER vs. OVERTA . . . . .	83
3.8.13	Oppsummering OVER . . . . .	84
3.9	PÅ-par . . . . .	85
3.9.1	Frasen DRA PÅ . . . . .	85
3.9.2	Samansett form PÅDRA . . . . .	86
3.9.3	DRA PÅ vs. PÅDRA . . . . .	86
3.9.4	Frasen PEKE PÅ . . . . .	86
3.9.5	Samansett form PÅPEKE . . . . .	87
3.9.6	PEKE PÅ vs. PÅPEKE . . . . .	87
3.9.7	Frasen STÅ PÅ . . . . .	87
3.9.8	Samansett form PÅSTÅ . . . . .	90
3.9.9	STÅ PÅ vs. PÅSTÅ . . . . .	90

3.9.10	Frasen TA PÅ . . . . .	90
3.9.11	Samansett form PÅTA . . . . .	91
3.9.12	TA PÅ vs. PÅTA . . . . .	91
3.9.13	Oppsummering PÅ . . . . .	92
3.10	TIL-par . . . . .	92
3.10.1	Frasen FØRE TIL . . . . .	93
3.10.2	Samansett form TILFØRE . . . . .	94
3.10.3	FØRE TIL vs. TILFØRE . . . . .	95
3.10.4	Frasen GI TIL . . . . .	95
3.10.5	Samansett form TILGI . . . . .	96
3.10.6	GI TIL vs. TILGI . . . . .	96
3.10.7	Frasen HØRE TIL . . . . .	96
3.10.8	Samansett form TILHØRE . . . . .	97
3.10.9	HØRE TIL vs. TILHØRE . . . . .	98
3.10.10	Frasen PASSE TIL . . . . .	99
3.10.11	Samansett form TILPASSE . . . . .	100
3.10.12	PASSE TIL vs. TILPASSE . . . . .	100
3.10.13	Frasen SETTE TIL . . . . .	102
3.10.14	Samansett form TILSETTE . . . . .	102
3.10.15	SETTE TIL vs. TILSETTE . . . . .	103
3.10.16	Frasen TREKKE TIL . . . . .	103
3.10.17	Samansett form TILTREKKE . . . . .	104
3.10.18	TREKKE TIL vs. TILTREKKE . . . . .	104
3.10.19	Oppsummering TIL . . . . .	104
3.11	UT-par . . . . .	104
3.11.1	Frasen PEKE UT . . . . .	105
3.11.2	Samansett form UTPEKE . . . . .	106
3.11.3	PEKE UT vs. UTPEKE . . . . .	106
3.11.4	Frasen SETTE UT . . . . .	107
3.11.5	Samansett form UTSETTE . . . . .	108
3.11.6	SETTE UT vs. UTSETTE . . . . .	109
3.11.7	Oppsummering UT . . . . .	109
<b>4</b>	<b>Konklusjon</b>	<b>110</b>
4.1	Konklusjon . . . . .	110
4.1.1	Inndeling . . . . .	110
4.1.2	Egentlig/Figurlig . . . . .	113
4.1.3	Stil . . . . .	115
4.1.4	Oppsummering av funn og vidare forskning . . . . .	116

<b>Referansar</b>	<b>117</b>
<b>A Tillegg A</b>	<b>121</b>
A.1 Oversyn over tal og tyding til frasar . . . . .	121
A.2 Oversyn over tal og tyding som samansette former . . . . .	125
<b>B Tillegg B</b>	<b>129</b>
B.1 Uttrykk med tal i tempus og total . . . . .	129

# Tabellar

2.1	Oversyn over preposisjonar og verb i para . . . . .	27
-----	-----------------------------------------------------	----

## Forkortingar

NRG - Norsk referansegrammatikk

NO - Norsk Ordbok

NN - Nynorsordboka

BM - Bokmålsordboka

SD - sekundærdeltakar (landemerke)

PD - primærdeltakar (trajector)

# Kapittel 1

## Introduksjon

### 1.1 Bakgrunn

I norsk (og andre germanske språk) har ein faste uttrykk som består av eit verb og ein preposisjon, og liknande samansetningar med ein preposisjon som forledd til eit verb, lik DRA PÅ og PÅDRA. Preposisjonen i desse uttrykka er ofte kalla (*verbal*)*partikkel*, medan heile uttrykket er kalla *partikkelverb/fraseverb*. Uttrykk som DRA PÅ og PÅDRA er også kalla fast og laus samansetning (t.d. Falk og Torp (1900) og Næs (1972)), fordi forleddet alltid står heilt inntil verbet, medan det er eit lausare samband reint formelt når preposisjonen er etterstilt. Fast samansetning kallar eg her for *frase*, og laus samansetning kallar eg for *samansett form*. Når frasen og den samansette forma består av like element, kallar eg dei for eit *par*. Frasen og den samansette forma i paret kan ha lik eller liknande tyding og ulik tyding. Denne oppgåva viser relasjonen mellom frasar og samansette former ved å sjå på moglege samband i tyding i par og vidare samband mellom ulike element (ulike par med PÅ og med GÅ, t.d.).

Skilnader mellom frasar og samansette former er i litteraturen forklart ved skilnaden mellom formelt og daglegdags språk og mellom bokmål og nynorsk, og ved at frasane har eigentleg eller bokstaveleg tyding og dei samansette formerne har figurlig, overført eller abstrakt tyding. Denne oppgåva tek føre seg skilnaden i tyding mellom frasar og samansette former i par. Ved å analysere døme med frasar og samansette former frå talespråk, viser eg kva for samband desse uttrykka har i tyding og kva som skil dei. Det sentrale i denne samanhengen er elementa, preposisjonane og verba, si grunnleggjande romlege tyding. I staden for å nytte omgrep som eigentleg, bokstaveleg, figurleg og abstrakt – som i litteraturen sjeldan er godt definert – viser eg uttrykkas relasjon til den romlege tydinga på den eine sida og den grunnleggjande tydinga på den andre sida.

Det har vore forska mykje på partikkelverb innanfor germanske språk. Ei vik-



tig side ved partikkelverba, og verb og preposisjonar i kombinasjon generelt, er at dei ofte ser ut til å vera idiomatiske og ikkje komposisjonelle, det er med andre ord vanskeleg å skjønne tydinga til heile frasen eller samansetninga utifrå kvar av delane. Ta til dømes OVERTA og TA OVER:

- (1) «nå bur jeg på en annen gård # foreløpig # til jeg skal **overta** den gården som jeg kom ifra da [...]» (tinn\_05um)
- (2) «vurderer du å **ta over** garden hjemme eller?» (dalsbygda\_02uk)

Det er ikkje opplagt kvifor eller korleis TA og OVER uttrykkjer tydinga 'arve/få eigarskap'. Det er også vanskeleg å sjå kva eller om det er noko som skil OVERTA frå TA OVER. Dette paret er blant dei para i denne oppgåva som har lik eller liknande tyding. Då er spørsmålet kvifor ein vel OVERTA eller TA OVER.

Skilnaden mellom uttrykka i para kan vera større, til dømes PÅSTÅ-STÅ PÅ.

- (3) «så **påstår** dem det da [...]» (drevsjoe\_03gm)
- (4) «[...] vi hadde slengtau # hvor vi **sto på** hver side av fortauet [...]» (who\_name: 120; who\_line\_key: 66281)
- (5) «[...] mens dem lot vaskemaskinen **stå på** da» (who\_name: 26; who\_line\_key: 10572)

Desse skil seg frå kvarandre på fleire vis, ikkje berre i tydinga, men fonologisk og syntaktisk.

Forholdet i tyding mellom frasar og liknande samansette former – som denne oppgåva tek føre seg – har ikkje vore problematisert i særleg grad tidlegare. Dessutan er dei fleste skildringar av desse para i hovudsak basert på skriftspråk, og skildringar av talemål manglar. Med tilgang til data frå talemålskorpus er det no mogeleg å basere analysen på data frå faktisk talemål, og slik gjera greie for den faktiske bruken av desse para. Hovudpoenget er her å vise skilnader og likskapar i tyding og bruk mellom uttrykk i eit par, og vidare vise kva for ein relasjon det er i tyding og bruk mellom frasen og den samansette forma i paret.

## 1.2 Tidlegare forskning

I det som er skrive om forholdet mellom frase og samansett form (lause og faste samansetningar) er det ikkje store skilnader. Den seinaste (meir utfyllande) skildringa av slike par i norsk er Faarlund, Lie og Vannebo (1997), som ikkje skil seg stort frå tidlegare skildringar, som Falk og Torp (1900). Hovudpoenget i desse skildringane er at den samansette forma har meir figurleg, overført eller abstrakt tyding, og at frasen har konkret eller bokstaveleg tyding, også kalla

den egentlege tydinga. Akkurat kva som blir lagt i desse omgrepa – figurleg, abstrakt, egentleg og konkret – blir ikkje gjort spesielt godt greie for. Eit liknande fenomen mellom affiks og sjølvstendige ledd er også ofte forklart ved skiljet abstrakt-konkret i tysk (t.d. Dewell (2011), som freistar å forklare skilnaden på andre vis), også i estisk (Klavan, 2014).

I dette delkapitlet blir det gjort greie for det som er skrive om skilnaden(e) mellom samansett form og frase. Elles er det skrive ein del om frasane (ofte kalla frasale verb eller partikkelverb/verbpartikkelkonstruksjonar). Særleg er det sett på skilnaden mellom verbpartikkelkonstruksjonar med venstrestilt partikkel, altså med substantivfrase etter partikkelen, og høgrestilt partikkel, med substantivfrase mellom verb og partikkel – som «Jon sparka hunden ut» og «Jon sparka ut hunden», etter Åfarli (1984). Seinare studie av verbpartikkelkonstruksjonar er Aa (2015), som mellom anna freistar å gje semantiske forklaringar på denne variasjonen/alternasjonen i norske målføre. Frasane er også diskutert i Sandøy (1976) (laust samansette verb i vestnordisk) og alternasjonen av Svenonius (t.d. (Svenonius, 1996)). Denne variasjonen eller alternasjonen går eg ikkje vidare inn på.

Skildringane av skilnaden mellom frase og samansett form er i hovudsak frå grammatikkar, med unntak av undersøkinga i avhandlinga til Ongstad (1974), som av den grunn kjem etter grammatikkane.

### **Preposisjonane**

Semantikken til preposisjonane er også relevant, og ein viktig del i oppgåva. Kva tyding preposisjonar har og bandet mellom dei ulike tydingane til ein preposisjon, er studert i nokon grad i norsk. Innan kognitiv lingvistik har ein studert polysemien til preposisjonar og (verbal)partiklar. Særleg viktig i den samanhengen er Lindner (1983), *A Lexico-Semantic Analysis of English Verb Particle Constructions with OUT and UP*. Andre viktige bidrag er Burgmann og Lakoffs analyse av engelske *over* (i t.d. (Lakoff, 1987) etter Brugman (1983), Tyler og Evans (2001) for nyare analyse). Semantikken til norske preposisjonar innanfor kognitiv lingvistik er ikkje talrike. Kristoffersen (2001) tek føre seg preposisjonen *mot*, Kristoffersen og Runde (2006) tek føre seg *til*, Krogstad (2000) tek føre seg *på*, og Zivanovic (2016) tek føre seg *opp*. Grunntydinga og dei ulike tydingsutvidingane er hovudpunktet i desse analysane. Relevante svenske studiar er Norén (1996), som ser på semantikken til svenske partikkelverb, og Strzelecka (2003), som er ein semantisk studie av svenske partikkelverb med *in*, *ut*, *upp* og *ner* med eit kognitivt perspektiv.

Preposisjonar, verbalpartiklar og kombinasjonar med verb og preposisjon er også sett på i kontrastive studiar mellom norsk og andre språk. Sjå Berg (2013) for

ein kognitiv analyse av det kroatisk verbalprefikset *na-* med omsetjing til norsk, og Miccoli (2010) for ei samanlikning av *off* og *av* og *on* og *på*, Berntsen (2009) for verbalpartiklar i spansk og norsk innanfor minimalismen. I desse er frase og samansett form sett på under eitt, men med vekt på frase. Forholdet mellom frase og samansett form er generelt ikkje gjort greie for eller skildra i detalj.

### 1.2.1 Falk og Torp 1900

Ein tidleg grundig gjennomgang av frasar og samansett former er Falk og Torp (1900). I tillegg til å vise til dansk og dansk-norsk (inkludert norsk folkemål) er Falk og Torp (1900) også ei historisk framstilling, og dei gjer greie for opphavet til frase og samansett form, men ikkje i detalj.

Falk og Torp nyttar fleire ulike omgrep om det eg har kalla frase og samansett form. Som oftast held dei seg til omgrepa «fast og løs sammensætning» og «egte og uegte sammensætning», som då er «sammensætning og ikke-sammensætning» (Falk & Torp, 1900, s. 333). Om desse motsetnadene tyder det same, er uklart, Falk og Torp definerer ikkje omgrepa<sup>1</sup>. Manglande definisjon av omgrep er generelt eit problem i Falk og Torp (1900), i denne framstillinga held eg meg til omgrepa dei nyttar.

Falk og Torp skriv at «[a]dverbiet<sup>2</sup> indgik i oldnorsk – som overhoved i germansk – aldrig egte komposition med verbet (udenfor participium), og dette forhold er endnu bevaret i vort folkesprog» (1900, s. 333). Dansken har så vore påverka av tysk, og ein fekk «egte» samansetningar med «fra- og tilstedsadverbier samt; inde, ude». «Egte komposisjon/samensætning» er samansett form.

I oldnorsk (omkring 1200 og 1300-talet) skal det ha vore temmeleg faste reglar for plasseringa av adverbet. Ved «enkel verbalform» stod adverb etter verbet (*legg niðr sverðit* (legg ned sverdet); *ef þeir brjóta upp húsit* (dersom dei braut opp huset)). Adverb stod som oftast framfor verb i relativsetningar og «tidsbisætninger» (*settist sá niðr með skömm* (han sette ned med skam); *er upp reis með ofbeldi* (er oppreist med ovmod)). Og ved samansett verbalform stod adverbet framfor partisipp og infinitiv (*hann var upp fœddr í Nóregi; var þl inn borit* (alt var bore inn)) (1900, s. 333-334).

I oldnorsk kunne preposisjonen vera «løsrevet fra sin styrelse og stillet foran verbet» utan at det var å rekne for ei fast samansetning (1900, s. 344), altså stå framfor verbet. Framfor verbet var preposisjonen betont, og «nærmet sig herved [...] til adverbiet uden, dog at opgive sin rektion<sup>3</sup>» (1900, s. 344). Dette galdt alle

---

<sup>1</sup>Noko Ongstad (1974, s. 8) også merkar seg.

<sup>2</sup>«adverbiet» er nok her å forstå som retningsadverb utan utfylling, til dømes *ned, opp, inn, ut*.

<sup>3</sup>Skilnaden preposisjon-adverb verkar igjen å vera utfylling og ikkje utfylling.

preposisjonar når dei ikkje var nytta «rent stedligt», men når dei, i lag med verbet, har ei meir abstrakt eller overført tyding. Etter innverknad frå gamal ordstilling og frå tysk, vart lause samansetningar med tida faste. Til dømes: «*thjetta var afgert* == dette blev afgjort; *enn er af tók veðrit* == da vinden aftog; *etw. [etwas] ab helfen* == afhjælpe noget; *abreisen* == afreise» (1900, s. 351).

Falk og Torp (1900) skriv at plasseringa av adverbet seinare vart mindre regelbunden. «I ældre dansk hersker tilsyneladende fuldkomment virvar» (1900, s. 334). Bruk av samansetningar (egte) med eitt trykk skriv dei at kjem av tysk innverknad. Det skal også ha vore stilistiske skilnader. Tekstar frå rundt 1500-talet viser at det ikkje var like mykje av dei «egte» samansetningane i «folkemålet», medan det var meir av det i høgtidlegare skrifter. Samanlikningar av ein Bibel frå 1525 og tekstar av Christian Pedersen, som skal ha skrive meir folkeleg, synleggjer denne skilnaden (1900, s. 335).

Om dansk og dansk-norsk anno 1900 skriv Falk og Torp at «[f]or egte og uegte sammensætning lader der sig ikke opstille regler, der er kun tale om sterkere og svagere tendenser» (1900, s. 335). Ein tendens er mellom anna meir bruk av «egte» samansetningar ved partisipp («på grund af deres attributive brug» (1900, s. 335), merk også at adverbet stod føre partisippet i oldnorsk. Det er fleire «egte» samansetningar ved infinitiv enn finitte tider, men også her kunne bruken variere (samansetning i preteritum og ikkje imperativ, t.d. «han oplæste brevet» ikke «opplæs brevet»).

Dei ulike verba «viser en ulig tilbøielighed ligeoverfor egte sammensætning» (Falk & Torp, 1900, s. 352). Intransitive verb har i større grad laus samansetning enn dei transitive. Det er også mindre vanleg med «egte komposition» ved «egentlig» tyding enn ved «figurlig» tyding («hvør præposition og verbum tilsammen danner en begrebslig enhed og de to bestanddele altsaa ikke mere opfattes hver for sig» (1900, s. 352)).

Døme på «egentlig» tyding hos dei intransitive verba er: «*vandet strømmer inn; sola steg ned; hæren drog ind til byen*» (1900, s. 335). Som ein kan sjå av dei tre døma er det fysiske objekt og rørsler i det romlege domenet. Dei transitive verba liknar dei intransitive i denne samanhengen.

«Figurlig» tyding av intransitive verb med «egte» samansetning og motsvar med frase er: «*naar man bortser herfra – han saa bort fra ham; heraf fremgaar – han gikk frem; indgaa med en forestilling – gaa ind i huset; en befaling udgik – jeg gaar nu ud*». Transitive døme med same skilnad er mellom anna: «*bortføre en pige – føre noget bort; [...] indføre i en bog, indføre korn – føre manden ind;*

nedlægge kommandoen (nædlegge et dyr) – lægge en byrde ned; opdrage børn – drage en op af en grøft» (1900, s. 338-339).

Det treng ikkje alltid vera ein tydingsskilnad mellom dei to typane, t.d. når dei begge er overført: «bortfalde – falde bort; fremblomstre – blomstre frem; udbryde – bryde ud (i klage)» (Falk & Torp, 1900, s. 335-336). Kva som gjer dei overførte til overførte, er ikkje gjort greie for.

Den overførte tydinga kan i nokre tilfelle vera ulik i laus og fast samansetning: «henfalde til drik – han faldt hen i tanker; dette indtraff ifjor – det traf ind med regn; der opkom mistanke – ugjerningen kom op; udgaa af teksten – ga ud paa at gjøre ugavn» (Falk & Torp, 1900, s. 336), og transitiv «indsætte en i et embede – sætte en ind i en sag; opfinde krudtet – finde op en histore» (1900, s. 339), også «afgaa ved døden – gaa af som embedsmand; afdrage paa en gjeld – han drog af paa lønnen» (1900, s. 353).

Om det ikkje er ein skilnad i tyding, vil det vera ein stilistisk skilnad, skriv Falk og Torp. I skriftspråk nyttar ein helst «fremtvinge; gjenkjende; gjenoptage; udnytte», medan det i daglegtale vil vera «uegte» samansetning, «tvinge frem; kjende igjen; tage op igjen; nytte ud» (1900, s. 339-340). Andre døme med lik tyding, men fast samansett i skriftspråk, er: «fremholde noget – hold frem som du stævner; indgaa egteskab – gaa ind paa et forslag; oplyse en sal – lyse op salen; udlægge Guds ord – lægge ud om en sag» (1900, s. 336).

Mange «egte» samansetningar («komposita») har reint «stedlig betydning», men det er meir bruk av dei «uegte» i dansk-norsk tale. Til dømes: «bortgive – give bort; hjemkalde – kalde hjem; indsvøbe – svøbe ind; nedgrave – grave ned; nedhugge – hugge ned» (1900, s. 336).

Nokre verb finst nesten berre i «egte» og «ugte» samansetningar, ikkje som sjølvstendig, enkle verb. I dansk-norsk daglegtale er det den «uegte» som er vanleg. Ta til dømes: «oplive – live op; opfriske – friske op; opmuntre – muntre op» (1900, s. 338).

Forfattarane meiner det har vorte vanlegare, frå eldre dansk til notisdansk, å nytte «egte» samansetning ved «figurlig» tyding og «uegte» ved «egentlig» tyding. For dansk-norsken kjem dei med fylgjande spådom:

«I den moderne dansk-norsk er, under indflydelse af folkesproget, tendensen gaaet i retning af en stigende forkjærlighed for løs forbindelse i begge betydninger; det nærmeste resultat af denne udvikling vil vistnok bli, at vort sprog ganske opgiver egte sammensætning ved egentlig betydning» (1900, s. 341).

I «nutidssproget» skal «egte» samansette intransitivar med «egentlig» tyding ha vore sjeldne. Døme er: «skibet afgik, afseilede, afreiste, ankom (samt: overnatte, overvintre, hvor simplex mangler)<sup>4</sup>» (1900, s. 352).

Falk og Torp viser at det tidleg var ein skilnad i bruk mellom frase og samansett form, og at han har halde seg i stor grad. Dei «egte» samansetningane var vanlegare i skrift og formelt språk, og var elles i større grad nytta ved «figurlig» eller overført tyding. Og sjølv når begge er «figurlige» eller overførte, vil tyding og bruk skilje dei i nokon grad. Som nemnt skriv dei at det er snakk om tendensar, og dermed at ein kan seia at tydinga til den «egte» samansette er meir overført, og den «uegte» samansette er nærare grunntydninga, altså «egentlig betydning» (1900, s. 354)).

### 1.2.2 August Western 1921

Western (1921) er ein riksmålsgrammatikk<sup>5</sup>. Western skriv at «de partikler som brukes i norsk til å danne sammensatte verber, er dels preposisjoner, dels adverb, f. eks. *frafalle, avbryte, opbygge*» (1921, s. 377). Disse partiklane kan også stå etter verbet, som Western skriv at er den opphavlege rekkjefylgja i norsk. Western gjev ein «almindelig regel» for tydingsskilnaden mellom dei to uttrykka i norsk: «det sammensatte verbum brukes i overført og det opløste uttrykk i egentlig betydning» (1921, s. 378). Altså har samansette *opstår* overført tyding, og *står op* har «egentlig» tyding. Det står ikkje eksplisitt kva det er lagt i «egentlig» og «overført». Dei samansette skal, ifylgje Western, også kunne få «egentlig» tyding, som i: «*læggen avsatte benet istfr. satte av; han avfyrtte geværet istfr. fyrte av; han bortgiftet sin datter istfr. giftet bort; å tilbygge en fløi istfr. å bygge til; han fraflyttet byen istfr. flyttet fra*».

Trykk er også ei viktig side. Om trykk (tonelag) skriv Western fylgjande:

«Denne betoning med sammensatt tonelag: *'sette-av, 'fyre-av, 'gifte-bort* o.s.v. er visstnok eneherskende i dialektene og vinner også mere og mere grunn i den dannede østlandske uttale, men det på Vest- og Sørlandet heter *sette 'av, fyre 'av* o. s. v. med trykket på partiklen. Også her på Østlandet høres ennu ofte denne siste betoning, især når verbet er intransitivt: *gå 'ut, komme 'inn, falle 'ned*, således alltid i imperativen *kom 'inn!* idet trykket på verbet for mange har en vulgær klang» (1921, s. 378-379).

---

<sup>4</sup>Korleis desse er «egentlige», er ikkje godt å seia.

<sup>5</sup>Mykje referert til i litteraturen.

Det andre elementet i frasen («av, bort, ut, inn, ned» som Western kallar partiklar) vil altså i nokre dialektar, og sosiolektar, ha trykk, i andre vil dei vera trykklette. Som forledd har elementet alltid trykk.

Western gjer også eit poeng ut av hyppig bruk av samansett form i skrivne tekstar. Til dømes når han skriv: «[i] litteraturen, især avislitteraturen, finner vi her en mengde unødvendige sammensetninger, som *avfordre* en for noget, *avkjøre*, *avkreve*, *efterfølge*, *eftertrakte*, *fragå*, *fraråde*, *fraflytte*, *medsende*, *medbringe* o. s. a. Slike bør helst opløses» (1921, s. 384).

### 1.2.3 Olav Næs 1972

Olav Næs skriv om uttrykka i mellom anna *Norsk grammatikk : elementære strukturer og syntaks* (1972, 3. utg.). Gjennomgangen av samansetningar i Næs (1972) skil seg ikkje stort frå Falk og Torp (1900) eller Western (1921). Framstillinga til Næs legg noko meire vekt på uttale enn andre framstillingar.

Næs skriv at «[d]e ordene som lager *sammensetninger* med verber, er de samme som grupperer seg om verbet i setningen: substantiver og adverbier» (1972, s. 379). Til «adverbier» reknar Næs også nokre partiklar og preposisjonar som «opphavlig stod foran verbet og siden smeltet sammen med det» (1972, s. 379). Lån frå tysk skal ha vore viktig i denne samanheng, både for form, tyding og danninga av samansetningane.

Trykklette prefiks lånt frå tysk er: *for-*, *be-*, *er-*, *ge-*. Desse er berre forledd, med unntak av *for-*. Næs skriv at utgangspunktet for nokre samansetningar med *for-* er «foran, framfor», som i: «fornærme (gå for nær), forsvare (svare for), forstå, fortelle» (1972, s. 379). «Løs sammensetning med *for* må holdes for å være en norsk type: gjelde *for*, gå *for*, regne *for*, stå *for*, svare *for*» (Næs, 1972, s. 380). Her kan eg leggja til at *forsvare* – *svare for* skil seg frå samansetningar som *inngå* – *gå inn* ved at *inn-* har trykk, medan *for-* er trykklett. Men *er-* kan vera trykkberande, skriv Næs, noko det også skal kunne vera i svensk.

Prefiksa med trykk lånt frå tysk er: *fore-*, *bi-*, *an-*, *unn-*. Desse finn ein også i laus samansetning: «foregå – gå for seg; bilegge – legge bi, bistå – stå bi; angå – gå an, anlegge – legge an, ankomme – komme an (på); unnkomme – komme unna, unnslippe – slippe unna». *Unn-* svarar då til *unna*, som Næs kallar adverb. *Bi-* svarar til trykklette *be-*, «med opprinnelig betydning «ved, hos» (1972, s. 381). Prefikset *fore-* er etter form dansk, og svarar til gamalnorsk *fyrir-*, «men sammen-

setningene gjengir T [tyske] ord» (1972, s. 380). Næs nemner ikkje eksplisitt at prefikset/partikkelen *fore-* finst i både fast og laus samansetning. Men i Næs (1952) gjev han også eit anna døme enn «foregå (gå for seg)», nemleg «foreligge (lm. liggje føre)» (1952, s. 234).

«Sammensetninger med norske adv. og prep. viser seg også i regelen å ha tysk utgangspunkt» (Næs, 1972, s. 381). Her listar Næs opp «avgjøre, avsette, etterforske, etterkomme, fullbyrde, gjengi, gjengjelde, gjenkjenne, gjenta, innarbeide, innsette, motsette, nedkomme, omlegge, opprette» som samansetningar med tysk utgangspunkt. Andre forledd Næs viser til er *inne-, over-, til-, under-, ut-*. Desse prefiksa (forledda) har alltid trykk, og nokre av «sammensetningene kan oppløses», skriv (Næs, 1972, s. 382).

Partikkelen *sam-* dannar faste samansetningar: «samarbeide, samkjøre, sammale». Dette prefikset skal vera vanlegare ved substantiv enn ved verb, «som heller danner faste og løse sams. med sammen-: sammenfatte, sammenligne, holde sammen, legge sammen[...]» (Næs, 1972, s. 383).

Elles er det (primære) adverb og preposisjonar som lagar faste og lause samansetningar, skriv Næs. Han skriv også at det var vanlegare å nytte fast samansetning i eldre bokmål(riksmål), men at det har vorte likare talemålet med lause samansetningar. «Ikkje sjelden har de konkurrerende tendensene ført til at fast og løs sms. blir brukt ved siden av hverandre med ulik betydning» (Næs, 1972, s. 383).

Næs skil mellom verb med sjølvstendige adverb og preposisjonar og laus (verb)samansetning med adverb eller preposisjon. Samansetninga skal ha «aksent 2» (tonem 2). Dessutan står objekt etter adverbet i samansetning. Her gjev Næs døme som: «gi bort noe, kjøre bort veden, legge bort titlene [...] tre fram, falle inn, gripe inn på» (1972, s. 383). For å skilje laussamansetning frå verb med sjølvstendig preposisjon/preposisjonsledd trekkjer han også fram trykk som eit kriterium. Det skal vera sterkare trykk på preposisjonen i samansetninga enn preposisjonen som «innleder sitt eget ledd» (1972, s. 384). Døme han gjev er: «han gikk fra sitt ord – han gikk fra stasjonen, han skrev på en veksle – han skrev på servietten, han la på prisen – han lå på benken, han tok på frakken – han tok på frakken». Næs gjer ikkje vidare greie for døma, men i dei siste to dømet så meiner han truleg at *tok på frakken* med trykk på preposisjonen tyder 'røre frakken' og utan trykk tyder 'klede på seg frakken'. Talemålskilnader gjer slike kriterium vanskelege å halde seg til.

Til slutt skriv Næs om tydingskilnaden, med klare likskapar til Falk og Torp (1900). Næs meiner at ulik tyding på fast og laus samansetning «er en naturlig



utvikling siden språkbruken alltid vil gripe en slik mulighet for å skape nyanser og differensiering» (1972, s. 385). Han skriv at den faste samansetninga oftare har ei meir avleidd, figurleg tyding fordi ho stammar frå den litterære tradisjonen. Men både fast og laus samansetning kan ha avleidd tyding: «føre bort – bortføre, kalle fram – framkalle en virkning el. et fotografi, stille fram – framstille varer el. en sak, gi igjen penger – gjengi en samtale, hente inn - innhente opplysninger [...] sette ned prisen – nedsette seg som sakfører, dra opp – oppdra barn, fylle opp – oppfylle et ønske» (Næs, 1972, s. 385).

Meir skriv han ikkje om tydingsskilnaden.

#### 1.2.4 Norsk referansegrammatikk, Faarlund et al. 1997

*Norsk referansegrammatikk* (NRG) (Faarlund et al., 1997) skriv at det er to hovudtypar verbale samansetningar. Den fyrste er samansetningar med nominalt forledd, *halshogge*, *godkjenne*, og den andre er med preposisjon som forledd (1997, s. 80). Samansetningar med preposisjon som forledd er ei stor gruppe. Ein del av preposisjonane kan i slike samansetningar bli rekna for å vera prefiks, (her viser dei til *an-*, *bi-*, *sam-*, *unn-*). Om elementet kan stå åleine, reknar NRG desse elementa for å vera eigne ord, ikkje prefiks (1997, s. 83). Dermed er *an*, *bi* eigne ord («Jeg skal se det an; Hun stod meg bi»), medan *for/fore/føre* er kalla prefiks i NRG (jf. 1.2.3).

Preposisjonar er ei vid gruppe i NRG, og inkluderer mellom anna *fram* og *inne*, som av andre er kalla adverb. Preposisjonar er både element som kan ta utfylling og dei som ikkje gjer det.

NRG skriv at «[m]ange av sammensetningene med preposisjon som forledd står i et nært forhold til verbfraser dannet av samme ord: *innkalle* – *kalle inn*, *oppgi* – *gi opp*, *underskrive* – *skrive under* osv.» (1997, s. 83). Tydinga vil ofte vera temmeleg lik i dei to ulike uttrykka, og verbpara vil bli sett på som variantar av eitt og same (komplekse) verb. I hovudsak nyttar Faarlund et al. (1997) omgrepa «samansetning/sammensatt form/verb» og «verbfrase» om det Falk og Torp kallar «fast og løs sammensætning». Bakgrunnen for at det er to ulike konstruksjonar, forklarar NRG med at det tidlegare var friare leddrekkjefylgje i norsk, noko Falk og Torp (1900) også viser til.

Det er gjort ei inndeling av tre grupper av samansett form og verbfrase i NRG:

- 1 Dei som berre finst i samansetning, som: *innkvartere*, *mellomlande*, *omfatte*.
- 2 Dei som berre finst i verbfrase, som: *kaste bort*, *kneppe igjen*, *flagge ut*.

3 Dei som finst i samansett form og verbfrase:

(a) med omtrent same tyding *bortfalle* – *falle bort*, *framtvinge* – *tvinge fram*.

(b) dei med noko ulik tyding *avta* – *ta av*, *avsette* – *sette av*, her er verbfrasen meir konkret og samansetninga meir abstrakt.

I gruppe 3(a) er det ført opp 14 ulike samansetningar, i 3(b) er det 23 ulike verbfrasar, ingen av desse listene skal vera fullstendige (Faarlund et al., 1997, s. 83). Overgangane mellom gruppene skal heller ikkje vera skarpe eller klart avgrensa. Med andre ord opnar NRG opp for meir glidande overgangar.

Faarlund et al. (1997, s. 85) set også opp nokre punkt som har noko å seia for bruken av frase eller samansett form. Eg har samanfatta desse punkta her:

**Tyding:** Samansette verb har ofte ei meir overført tyding enn verbfrasen (*framføre* – *føre fram*, *oppdra* – *dra opp* er døme dei viser til).

**Målform:** Samansette verb er vanlegare i bokmål enn nynorsk.

**Stil:** Særleg i bokmål kan samansette verb ha eit litt meir «litterært eller høytidelig preg», frasen er då meir «dagligdags».

**Partisipp:** Det er oftare samansett form i partisipp enn infinitiv og finitte verbformer.

Inndelinga i dei tre gruppene og dei ulike punkta for bruken av frase eller samansett form skil seg ikkje mykje frå det Falk og Torp skreiv hundre år tidlegare. Skilnaden er igjen knytt til egentlig/konkret tyding versus overført tyding, og til formell og uformell stil. NRG skriv ikkje eksplisitt at meir bruk av samansett form kjem av innverknad frå dansk (og/eller tysk). Situasjonen i norsk ser i stor grad ut å gjelde svensk også, som me skal sjå hos Norén (1996).

Samansett form og frase er også omtalt i Golden, Mac Donald og Ryen (1998) *Norsk som fremmedspråk*. Golden et al. nyttar omgrepet partikkelverb, som også omfattar lengre verbuttrykk som «*ha lyst til, være i stand til, ta vare på*» (1998, s. 117).

Golden et al. merkar også at ein ofte vil sjå samansette former i perfektum partisipp, «spesielt i passive konstruksjoner, men også i perfektum og etter *få*» (1998, s. 119) (passiv er også trekt fram i Åfarli (1984, s. 13)). Dette gjeld sjølv om det ikkje er vanleg med samansett form i infinitiv, presens eller preteritum. Også blant utrykka i passiv og perfektum – når dei har likskapar med adjektiv – er det skilnader i bruk av konstruksjonar. Dette skal eg ikkje sjå på i denne oppgåva,

(det er ein liten diskusjon av fenomenet i (Kjelsvik, 2013)). Golden et al. (1998) skriv at det er vanskeleg å koma opp med nokre reglar for desse.

Inndelinga av samansette former og frasar og skilnader mellom dei, er i stor grad like i Falk og Torp (1900), Western (1921), Næs (1972), Faarlund et al. (1997) og Golden et al. (1998).

### Preposisjonsobjekt

I NRG er *verb + preposisjon + direkte objekt* skilt frå *verb + preposisjonsobjekt*. Kort sagt fungerer preposisjonsfrasen i sistnemnde som eit objekt. «Preposisjonen har da ei avsvekka eller abstrakt tyding, og er betinga av det verbet han står til, ikkje av noko konkret innhald» (Faarlund et al., 1997, s. 697). Døme på dette er: «Ho leitte etter den nye boka. Vi venter på drosje. Dei sørgjer for seg sjølve». Eit adverbial skil seg frå ein preposisjonsfrase ved å ha meir konkret innhald, til dømes: «Ho bur i byen/ved kysten/oppe på fjellet» eller «leite under bordet, vente ved brua» (1997, s. 697-698). Preposisjonsobjektet sin semantiske relasjon til verbet skal vera den same som ved andre objekt, men nominalet er rekna som utfylling til preposisjonen. Så *drosje* er utfylling til preposisjonen *på* ikkje til verbet *vente*. I *bles ut lyset er lyset* utfylling til *blåse*, ikkje til *ut*, og substantivet/nominalet er objekt, og preposisjonen er adverbial (1997, s. 699). Dette liknar Næs (1972) sitt skilje mellom sjølvstendig adverb/preposisjon og adverb/preposisjon i laus samansetning (jf. 1.2.3).

Faarlund et al. (1997) trekkjer så fram nokre skilnader mellom preposisjonsobjekt, adverbial og preposisjon + direkte objekt. Det er fonologiske skilnader, syntaktiske og morfologiske, men som dei også er inne på, er det heller snakk om tendensar (1997, s. 701).

Verb og preposisjon (også preposisjonsobjekt) kan ha same hovudtrykk (på éi staving, og er då uttalt som eitt ord). Her viser NRG til tre ulike mønster for uttale. «1. Trykk på fyrste staving og tonem 1 (som i *skitur*), 2. Trykk på fyrste staving og tonem 2 (som i *biltur*<sup>6</sup>), 3. Trykk på siste staving (som i *bestå*)» (1997, s. 700). Ved preposisjonsobjekt skal det som regel vera etter mønster 1, når verbet har «einstavingsform». Dette gjeld til dømes for «Stol på meg» og «Ikkje snakk om ferien». Når preposisjonen ikkje har noka utfylling, får ein oftast mønster 2 i austnorsk, og mønster 3 i vestnorsk.

---

<sup>6</sup>Men *biltur* kan ha tonem 1 og 2 i austnorsk, *båttur* er betre døme på tonem 2.

### 1.2.5 Ongstad 1974

Til skilnad frå Western (1921), Næs (1972), Faarlund et al. (1997) og Golden et al. (1998) er ikkje Ongstad (1974) ein grammatikk, men ei avhandling. Ongstad (1974) undersøker bruken av samansette former og frasar. Han undersøker kva «partikkelkomponerte verb» (altså verb og partikkel) som kan og ikkje kan endre tilknytningsform, med andre ord kva for konstruksjonar som berre finst som samansett form eller frase og kva for konstruksjonar som finst som begge typar.

Ongstad kritiserer den kjende treinndelinga av typar faste og lause samansetningar, kor gruppe 1 er verb og partikkel/preposisjon som berre finst i frase, 2 berre som samansett og 3 som begge delar – ei undergruppe av gruppe 3 har tydingsskilnad, ei anna har det i mindre grad. Problemet er at fleire i gruppe 3 vil høyre til gruppe 1 og 2 også, fordi ein i denne inndelinga blandar form og tyding. Ved tydingsskiljet som ein finn i gruppe 3 (med like faste og lause), vil ein få tydingsinnhald som ein berre finn i «*fast sammensetningsform* eller *løs sammensetningsform*». Dømet hans er *avta* – *ta av* som kvar har tydingar ein berre finn i éi av samanstillingane (*avta en vare* mot *ta av* i tyding 'rydde') (Ongstad, 1974, s. 13). Ongstad vil skilje mellom form og tyding. Han føreslår omgrepa «fakultativ» og «obligatorisk», som famnar om både form og tyding. Eit uttrykk som *nedkomme* er fakultativ etter form, fordi frasen *komme ned* finst. Etter tyding er forma *nedkomme* derimot obligatorisk, i tydinga 'føde' er ikkje frasen *komme ned* mogeleg (Ongstad, 1974, s. 14). Tydinga til nokre frasar kan vera den same i samansett form, og etter tyding er denne fakultativ (som få-i-eige-tydinga av *ta over*).

Materialet til Ongstad er henta frå skriftlege kjelder av ulike typar og noko frå radio (1974, s. 18-19). Både bokmål og nynorsk er teke med i materialet, men bokmål utgjer «hovedmassen». I hovudsak studerte Ongstad tilknytningsformer med lik tyding. (Han gjorde i tillegg tre undersøkingar på akseptabiliteten til ulike tilknytningsformer på nokre testpersonar, eg går ikkje vidare inn på det her).

Ongstad finn at frasar (det han kallar særskrivne tilknytningsformer) jamnt over er vanlegare i alle former av verbet utanom partisipp (når alle tala er teke med). I partisipp er 74% samanskrivne og 26% særskrivne. For s-passiv er det same forholdet 47% mot 53%, 45% mot 55% i preteritum og presens slege saman, 44% og 56% for infinitiv, 30% og 70% for perfektum og 16% og 84% for imperativ (Ongstad, 1974, s. 44). Dei finitte formene (presens og preteritum) har ei ganske jamn fordeling mellom samanskreven og særskreven tilknytningsform.

Vidare diskuterer og studerer Ongstad skilnaden mellom frasar og saman-

sette former i par, når dei har liknande form og tyding. Han ser på skilnaden mellom abstrakt og konkret tyding. Konkretar har ein intendert referent som kan bli oppfatta som «en fysisk ting eller substans som i prinsippet kan sanses av minst én sans» (Ongstad, 1974, s. 68) og er knytta til nominalar. Metaforar som «han gikk ut av sitt gode skinn» og anna som bryt med «virkelighetsoppfatning» (1974, s. 68) ser han også på som abstrakt. Basert på materialet sitt kjem Ongstad til liknande konklusjon som forfattarane ovanfor, men han formulerer denne skilnaden litt tydelegare:

«Foretrekker dikotomien abstrakt - konkret h.h.v. sammenskrivning og særskrivning som tilknytningsform? Et akseptert, og vel riktig svar er ja. Men hvis en spør: - Foretrekker motsetningen sammenskrivning-særskrivning h.h.v. abstrakt og konkret, er svaret nei. Særskrivning foretrekker verken abstrakt eller konkret» (Ongstad, 1974, s. 154)

Altså uttrykk med *verb + preposisjon* kan vera både abstrakte og konkrete, men det er vanligare at abstrakte tydingar er uttrykt med *preposisjon+verb* (samansett form).

Ongstad (1974) tek føre seg noko av det same som denne oppgåva. Ein skilnad er at eg berre tek føre meg infinitivformer og presens- og preteritumsformer og ikkje imperativ og partisipp. Samansette former er som vist vanlegare i partisipp, og partisipp er meir adjektivisk, og historisk har preposisjon framfor verb vore vanleg i partisipp. Ongstad vil også vise kva samansetningar som kan skifte «tilknytningsform», og difor testar han akseptabilitet på informantar. I Ongstad (1974) er det ikkje freista å vise sambandet i tyding mellom dei samansette formene og frasane. I denne oppgåva tek eg føre meg dei som er fakultative etter form – dei same elementa finst i både frase og samansett form – og både fakultative og obligatoriske etter tyding.

### 1.2.6 Norén 1996

Norén (1996) tek føre seg ulike kriterium for leksikalisering av partikkelverb i svensk. Norén deler partikkelverba inn i tre grupper: «fast sammansättning, varierande sammansättning och löst sammansättning» (1996, s. 2). Dei varierande samansetningane er dei som både kan vera faste og lause og tydinga er lik/liknande. Norén viser til Johannisson (1954, s. 162f.) som har ei inndeling av samansetningstypar som liknar NRG si inndeling i stor grad. Dette skal igjen byggje på Ljunggren (1932, s. 217) som siterer Sahlstedt (1796). Både dei stilistiske og semantiske skilnadene er gamle, til dømes Sjöborg (1796) skriv om det same (Norén, 1996, s. 11). Så inndelingane me finn i NRG og Falk og Torp (1900) er

langt ifrå ny. Det er klart at desse skilnadene (tendensar i skilnad) mellom frase og samansett form har halde seg i lang tid.

For å trekkje fram Ljunggren (1932) er det der konkludert med at «skiljbar sammansättning med efterställd partikel under fornsvenskans tid liksom nu härskat i talespråket» (1932, s. 24). Samanskrijving (samansett form) har i tillegg til tysk også kome av påverknad frå latin, då særleg ved omsette tekstar (Ljunggren, 1932, s. 94). Basert på sitt materiale om «fornsvensk»<sup>7</sup> kjem Ljunggren fram til at ein:

«kanske kunna tala om en svag tendens att i verb med figurlig betydelse, vilka äro numerärt synnerligen underlägsna, hovudsakligen använda den oskiljbara sammansättningstypen, då efter allt att döma ifrågavarande betydelse är sällsyntare i förening med skiljbar sammansättning» (1932, s. 226).

### 1.2.7 Om omgrepa preposisjon, partikkel og adverb

Det er ei viss usemje om kva som skal kallast preposisjon, partikkel og adverb. I norsk nyttar til dømes ikkje *Norsk Ordbok* (NO) og den elektroniske *Nynorsk- og Bokmålsordboka* (NN og BM)<sup>8</sup> same omgrep som NRG. Omgrep og inndelingar av desse elementa er ikkje eit viktig punkt i denne oppgåva, og spelar ikkje ei avgjerande rolle for val av uttrykk. Omgrepet preposisjon er her nytta for å omtala ubøyelege element som kan stå som forledd, med trykk, til eit verb og vera etterstilt verb.

Forfattarane ovanfor nyttar omgrep som adverb, preposisjon og partikkel. Preposisjonar kan bli sett på dei (retnings)elementa som tek utfylling, *stå på bakken*, og element som ikkje gjer tek utfylling er kalla adverb, *gå heim*. Nokre element kan vera begge delar: *gå opp (trappa)* og *stå utanfor (huset)*.

Enkelte reknar partiklar for ei overgruppe, som Kinn (1994) (med likskapar til Western (1921, s. 539;559)). Etter denne inndelinga er partiklar som kan stå utan nominalt komplement, som tradisjonelle adverb, kalla intransitive partiklar. Dei som kan stå med nominalt komplement er kalla transitive, og dei liknar tradisjonelle preposisjonar. Partiklane kan vera nytta som dependentar til verb, substantiv, adjektiv og partiklar osv., og har vid bruk (Kinn, 1994, s. 5-6). Kinn representerer i nokon grad den «gamle» inndelinga, men dei intransitive partiklane inngår ikkje lenger i ei stor og uklar adverbklasse.

---

<sup>7</sup>Tekstar frå 1300-talet til 1500-talet

<sup>8</sup><http://ordbok.uib.no/>

Norsk referansegrammatikk har ei meir radikal inndeling, med ein vid definisjon av preposisjonar (diskusjon av inndelingar sjå Papazian (2006)). Faarlund et al. (1997) skriv at «preposisjoner er ubøyde ord av følgende type: *i, på, utenfor, inne, der*» (Faarlund et al., 1997, s. 411). Vidare skriv dei at preposisjonane dannar kjerne i frasar som kan fungere som adledd til verb, adjektiv, substantiv eller pronomen, og at preposisjonsfrasar kan stå som utfylling til ein annan preposisjon. Dei gjev fylgjande døme på preposisjonar:

Hytta ligger *ved sjøen*

Elevene var svake *i engelsk*

Taket *på huset* er nylig reparert

Kjenner du han *med det røde slipset*? Han hørte alt fra *under bordet*

Dei gjev også nokre døme på preposisjonar som ikkje har utfylling, altså utan nominale ledd osv..

Taket har blåst *av*

Jeg skal se *etter*

Ungene har gått *inn*

NRG reknar fleire ord som tradisjonelt har vore kalla adverb for å vera preposisjonar. Desse er kalla preposisjonar etter syntaktiske kriterium. NRG skriv at *utanfor* har same syntaktiske funksjon i *Han må vente utenfor* og i *Han må vente utenfor gjerdet* (1997, s. 412).

NRG skriv at når preposisjonar har ein «abstrakt funksjon», er dei «uten leksikalsk innhold eller med svært avbleket betydning» (1997, s. 446). Dette kan vera: «Dei måtte leite etter henne», «Vi stoler ikke på deg», «Dei snakka om ferien heile tida». Og utan utfylling «kalles den gjerne verbalpartikkel» (1997, s. 446). Nokre døme på det er:

«De sovnet *inn*»

«Vinden stilnet *av*»

«Jeg skal se *etter*»

«Har du fylt *ut* kupongen»

Verbet kan få ei anna tyding når det står med partikkel. Døme som er gjevne på det er: *gi opp, flagge ut, halde fram, brenne av (et skudd), bryte av (sendingen), gå av (på midten), slå av (lyset), falle bort, falle fra*. Det er mange av desse verbalpartiklane som kan danne samansetningar med verbet, skriv Faarlund et al. (1997).

Partikkel(verb) i NRG er syntaktisk og til dels semantisk definert, men det er også viktig å hugse på at verb og partikkel kan bli sett på som eitt ord – det er

ein fast frase med spesifikk tyding<sup>9</sup>. Partikkelverb er også omgrepet Golden et al. (1998) nyttar, Ongstad (1974) kallar det også *partikkelkomponerte verb*. I litteraturen utover norsk er det også vanleg å nytte omgrepet partikkelverb (t.d. Lindner (1983)), men ein bestemt definisjon av partikkelverb og i kva grad dei er skilt frå verb + preposisjon/adverb elles, er det lite semje om (Dehé (2002) for oppsummering, også diskusjon i Lindner). Skiljet mellom adjektiv, adverb og preposisjonar er generelt problematisk når det kjem til klasseinndeling (sjå t.d. Langacker (1987, s. 242-243)).

### 1.3 Forskingsspørsmål

Som allereie nemnt er hovudmålet med denne oppgåva å sjå på forholdet i tyding mellom samansette former med liknande frasar, likskapen og skilnadene. Ved bruk av talemålskorpus gjer eg ein semantisk analyse av ulike par. Oppgåva er korpusdriven, med vekt på språk i bruk.

Spørsmåla er: Kva skil dei ulike para, og korleis er forholdet mellom dei? Kva er sambandet mellom frase og samansett form, og i kva par er det ikkje eit samband?

Oppgåva vil vera eit bidrag til det som tidlegare er skildra i hovudsak i grammatikkar, på eit område som ikkje er så mykje forska på. Det bør også vera eit tillegg til litteraturen om det som er kalla partikkelverb og verbalpartiklar. Hovudskilnaden frå andre studiar og skildringar er at det er frasar og samansette former i par som blir samanlikna, og par frå talespråk, ikkje ulike skriftradisjonar. I skrift har ein for det fyrste skilnaden mellom bokmål og nynorsk, kor ein reknar at samansett form er vanlegare i bokmål, og frase er norma i nynorsk (der det er mogleg). For det andre er ikkje skrift og tale det same, til tross for likskapar dei har. Difor tek oppgåva føre seg talemål.

### 1.4 Teoretisk rammeverk

Eg held fram med ein analyse av preposisjonar og verb (partikkelverb) innanfor kognitiv lingvistik, og byggjer samanlikninga av samansett form og frase på tidlegare analysar av preposisjonar/partiklar/partikkelverb. Oppgåva er likevel i stor grad teorinøytral.

---

<sup>9</sup>Nemner det fordi det blir hevda på tvers av teoretisk ståstader.



Geeraerts (2006) skriv at det som samlar kognitiv lingvistikk (dei ulike greinene), og som er det grunnleggjande, er at *språk(et) handlar om tyding*. «Linguistics is not just about knowledge of the language (that's the focus of generative grammar), but language itself is a form of knowledge – and has to be analyzed accordingly, with focus on meaning» (Geeraerts, 2006, .s 4). Geeraerts gjev så fire kjenneteikn på språkleg tyding. Språkleg tyding er ikkje ein objektiv refleksjon av omverda, men ei hending kan vera vinkla (construed) på ulike vis. Språkleg tyding er også dynamisk og fleksibel, språket tilpassar seg omverda som heller ikkje er delt inn i klare kategoriar. Språkleg tyding er ensyklopedisk og ikkje-autonom, ved å ta del i verda og byggje på røynsler og kunnskap ein har om verda. Språkleg tyding er bruksbasert og eksperiensiell (basert på bruk og røynsle), dei abstrakte strukturane i språket (ordklasser til dømes) er danna på bakgrunn av språk i bruk.

Eit uttrykk si tyding er ikkje klart definert, består ikkje av tydeleg avgrensa tydingar, men ein fylgjer ein prototypemodell kor medlem av ein kategori er meir representativ eller sentrale. Dette tek utgangspunkt i forsøk og funn av kategoriar og prototype i eksperiment av Rosch (1975) (også diskutert i Rosch, Mervis, Gray, Johnson og Boyes-Braem (1976)), og Lakoff (1987) har vore viktig i å dra desse tankane og teoriane vidare. Det «prototypiske» dømet er korleis ein *sporv* er forstått som meir prototypisk og betre utgåve av *fugl*, samanlikna med *pingvin* eller *struts*, som også er *fuglar*. Merk at denne prototypen med *fugl* er basert på røynsle, og er ikkje ålment eller objektivt gjeldande

Eg skal ta føre meg dei viktigaste tema og omgrepa for denne oppgåva, dette byggjer i stor grad på Langacker (1987), Johnson (1987), Lakoff og Johnson (2003) og Lakoff (1993, 1987). Fyrst skriv eg om domene, så primær- og sekundærdeltakar og så biletskjema og metafor. Norske omsetjingar er henta frå Språkrådets termwiki<sup>10</sup>, når dei finst der, sjølv om ikkje alle omgrepa er like innarbeidde.

## Domene

Langacker (1987) skriv at alle språklege einingar er, i nokon grad, kontekstavhengig. Og konteksten som kjenneteiknar ei semantisk eining er kalla «domene» (Langacker, 1987, s. 147). Eit domene kan vera del av eit meir komplekst domene. Langacker gjev døme med konseptet [KNOKE] (vår kunnskap om knokar) som føresett konseptet [FINGER], og [FINGER] «provides the necessary context – or domain – for the characterization of [KNOCKLE] and hence constitutes one of its

---

<sup>10</sup>[http://www.termwiki.sprakradet.no/wiki/Kategori:Kognitiv\\_lingvistikk](http://www.termwiki.sprakradet.no/wiki/Kategori:Kognitiv_lingvistikk)

primary conceptual components» (1987, s. 148). Vidare er [HAND] eit domene for [FINGER], [ARM] for [HAND], [KROPP] for [ARM], og for form i heilskapen rekner Langacker at det yttste domenet er tredimensjonalt rom. Å definere rom ved andre konsept, har lite føre seg, og rom er rekna for eit *basisdomene* (*basic domain*) (1987, s. 148). Basisdomene kan ikkje (fullstendig) bli reduserte til andre domene. Andre basisdomene er: tid, syn, høyrsel, smak, kjensle osv. «By definition, basic domains occupy the lowest level in hierarchies of conceptual complexity: they furnish the primitive representational space necessary for the emergence of any specific conception» (Langacker, 1987, s. 149). Domene som ikkje er grunnleggjande (*basic*), er kalla abstrakte domene (*abstract domain*). Eit domene inneheld altså vår kunnskap og konsept eller førestilling om ei semantisk eining.

### Primær- og sekundærdeltakar

Primærdeltakaren er figuren i ein relasjonell profil eller relasjonell struktur. Eit uttrykk, til dømes ein preposisjon, kan uttrykkje ein relasjon mellom to eller fleire deltakarar (med ein figur og ein bakgrunn), og dette er den relasjonelle profilen eller strukturen. Den mest prominente eller sentrale deltakaren er kalla primærdeltakar (*trajector*), andre saliente deltakarar er kalla sekundærdeltakar(ar) (*landmark*) (Langacker, 1987, s. 217ff, 231ff). Sekundærdeltakar (SD) lokaliserer eller dannar referansepunkt for primærdeltakaren (PD). I eit uttrykk som *Bilen på gardsplassen* uttrykkjer *bilen* primærdeltakaren i *på* sin relasjonelle profil. *Gardsplassen* uttrykkjer bakgrunnen kor *bilen* er lokalisert, og *gardsplassen* utgjer då sekundærdeltakaren. Primær- og sekundærdeltakar er eigentleg ikkje å forstå som referentane til ord, men konseptualisering av relasjonen. *Bilen* kjenneteiknar berre primærdeltakaren i *på* sin relasjonelle profil, som prototypisk uttrykkjer kontakt mellom ein primærdeltakar og sekundærdeltakar, og vanlegvis er sekundærdeltakaren eit objekt eller entitet som er større enn primærdeltakaren i utstrekning. Å seia at *bilen* er primærdeltakaren, er altså ei forenkling.

### Biletskjema

Biletskjema<sup>11</sup> (*image schemas* Johnson (1987) og Lakoff (1987)) er primitive relasjonar eller strukturar som blir danna ved interaksjon med omverda. Dei strukturerer oppfatningane våre av røynda, og er ikkje statiske. Biletskjema er konseptuelle, ikkje faktiske bilete. Det er våre førestillingar om verda, forankra i røynsle. «Image schemata are those recurring structures of, or in, our perceptual interactions, bodily experiences, and cognitive operations» (Johnson, 1987, s. 79). Uli-

---

<sup>11</sup> Andre norske omgrep er *inntryksskjema* og *førestillingsskjema*.

ke skjema Johnson nemner, som er basert på røynsler, er VEG<sup>12</sup> (*PATH*), KOP-LINGAR/LENKJER (*LINK*), SYKLUSAR (*CYCLES*), SKALA (*SCALES*), SENTER-PERIFERI (*CENTER-PERIPHERY*) og BEHALDAR (*CONTAINER*) (for gjennomgang Johnson (1987, s. 133ff)). I Lakoff (1987, s. 283) blir også biletskjema KJELDE-VEG-MÅL (*SOURCE-PATH-GOAL*) trekt fram. I denne samanheng er skjema VEG, LENKJE, SENTER-PERIFERI og BEHALDAR relevante.

VEG – Skjemaet koplar saman den romlege verda, frå objekt til objekt og plass til plass (Johnson, 1987, s. 113). Ein veg har vanlegvis eit startpunkt, endepunkt og stader eller punkt som koplar start og endepunkt saman (jf. skjemaet KJELDE-VEG-MÅL til Lakoff (1987, s. 283)).

LENKJE – «The simple LINK schema makes possible our perception of *similarity*» (Johnson, 1987, s. 118). To eller fleire objekt har likskapar fordi dei deler særskilde trekk eller eigenskapar. Og det er desse trekka eller eigenskapane me forstår som lenkja mellom dei.

SKALA – Skjemaet er «basic to both the quantitative and qualitative aspects of our experience» (Johnson, 1987, s. 122). Det er røynsle om meir og mindre, eller ulike gradar av intensitet som er grunnlaget for dette skjemaet.

SENTER-PERIFERI – Dette skjemaet baserer seg også på våre kroppslege røynsler. For mennesket er kroppen senter for sansane, og me kan vidare rette merksemda mot ulike sider av eit objekt, ei hending og så vidare. Slik har me ei førestilling av kva som dannar sentrum og kva som er fjernare frå senteret, altså i periferien.

BEHALDAR – Dette skjemaet kjem også av kjennskapen til kroppen som ein behaldar, altså eit tredimensjonalt objekt, med ytre grenser, eit indre og opning.

Relasjonane som til dømes preposisjonar uttrykkjer, er konseptualisert gjennom slike biletskjema (som igjen har ein intern struktur, BEHALDAR har t.d. INTERIØR, EKSTERIØR og GRENSER (*INTERIOR, EXTERIOR, BOUNDARY*) (Lakoff, 1987, s. 284)).

## Metafor

Lakoff og Johnson (2003) skriv at heile vårt konseptuelle system er metaforisk forankra, eit konsept er forstått ved eit anna konsept (2003, s. 56). Ein metafor er eit mentalt domene som er konseptualisert ved eit anna domene («cross-domain mapping in the conceptual domain») (Lakoff, 1993, s. 186). Det er både sentralt i språket og sentralt for konseptualisering generelt. Metaforiske uttrykk er den språklege realiseringa av metaforen. Metaforar kjenneteiknar all språkbruk, det er ikkje rekna for å gjelde berre ein liten del av språket. Så snart «one gets away

---

<sup>12</sup>Biletskjema er skrivne med store bokstaver.

from concrete physical experience and starts talking about abstractions or emotions, metaphorical understanding is the norm» (Lakoff, 1993, s. 188). Domenet som er forstått ved eit anna, er kalla *måldomene*, og det domenet det er forstått ved, er kalla *kjeldedomene*. Det klassiske dømet er metaforen LOVE IS A JOURNEY. Domenet kjærleik er måldomenet konseptualisert som reise eller gjennom domenet reise, som er kjeldedomenet. Det er ei systematisk kopling mellom dei to domena.

Klassiske kategoriar er t.d. forstått metaforisk som avslutta/bundne regionar eller behaldarar. Til dømes ved at noko kan vera inne i og utanfor ein kategori, og kan bli plassert i kategorien eller teke ut av (Lakoff, 1993, s. 196). Dømet til Lakoff er om X er ein behaldar i A og A er ein behaldar i B, så er X ein behaldar i B (kan anvende på «Socrates is a man. All men are mortal. Therefore, Socrates is mortal» (1993, s. 196-197)). Andre kjende metaforar er MORE IS UP og LESS IS DOWN<sup>13</sup>, som baserer seg på våre røynsle om at meir av noko aukar volum, ofte høgare vertikalt. Kunnskapen om det konkrete kan slik bli «overført» til det abstrakte – *Vatnet steig opp – Lønna gjekk opp*. Hending eller retning i det romlege domenet er her kjeldedomene for generell auking, som er måldomene, altså OPP er kjeldedomene for MEIR – MEIR ER OPP. Metaforen MORE IS UP er basert på biletskjemaet SKALA, då ved at meir substans til ein haug eller behaldar fører til at nivået aukar.

Såkalla domenekopling (*domain mapping*) er det som her vil avgjera om eit uttrykk skal bli kalla metafor.

Biletskjema dannar grunnlag for ulike metaforar. VEG, SKALA og BEHALDAR er viktige i denne samanheng. Skjema er konsept som har «directly-understood structures on their own», og dei er nytta metaforisk til å organisere/strukturere andre komplekse konsept (Lakoff, 1987, s. 283). Skjema KJELDE-VEG-MÅL strukturerer «eigentleg» rom, ved startpunkt, retning og sluttspunkt, men kan også bli nytta om tid forstått som rom/veg. Merk at tid ikkje er forstått som meir abstrakt i denne samanheng, anna enn å ikkje vera fysisk (tid er av fleire rekna som meir fundamentalt (Langacker, 1987, s 149)), hovudpoenget er ei domenekopling.

---

<sup>13</sup>MEIR ER OPP(E) og MINDRE ER NED(E)

# Kapittel 2

## Metode

### 2.1 Korpus som metode

Materiale frå talemålskorpus er datagrunnlaget i denne oppgåva, og oppgåva er korpusdriven. Newman (2010) definerer korpus (korpusdata) som «the collection of relatively large amounts of connected (transcribed) speech or writing» (2010, s. 80). Denne typen data kan vera samla inn frå ulike kjelder og vera av ulike typar (tekst frå aviser, bøker eller skuleoppgåver og tale frå intervju, uformelle samtaler eller fjernsynsprogram, t.d.). Eit korpus bør ha ein (god) søkjefunksjon, kor ein både kan søkje etter bestemte ord, frasar, ordformer og morfosyntaktiske eigenskapar. I prinsippet kan eit korpus innehalde mykje informasjon utover ordnivå og det som er synleg i tekst. Newman skriv at om kognitiv lingvistikk til dømes skal fylgje tanken om at den kommunikative konteksten er viktig, må ein bli flinkare til å inkludere annan kontekstuell informasjon. Denne informasjonen kan vera intonasjon, pauser, augerørsle og så vidare (Newman, 2010, s. 82). Newman meiner spontan samtale er underrepresentert i korpus, også i talekorpus. Det er fleire årsaker til at det er lite av spontan samtale. Til dømes er det dei etiske sidene, og det kan også vera vanskeleg å skjønne «the exact nature of conversation without access to paralinguistic features» (Newman, 2010, s. 84), og det kan vera vanskeleg å transkribere denne typen samtaler.

Det er fordelar og ulemper med korpus som metode. Eit viktig poeng er at korpus er endelege, og omfanget og mangfaldet vil variere. Særleg talemålskorpus er avgrensa i omfang og mangfald, fordi det er ressurskrevjande å samle inn data og å gjera data brukeleg. Dette har ein klar innverknad på kva ein kan finna og ikkje finna i korpus. Det handlar ikkje berre om storleiken på korpuset, men også kva slags situasjonar data i korpus er henta frå.

Ein fordel ved korpus er at ein får ytringar og uttrykk i kontekst. Ein kan slik seia noko om korleis uttrykket er nytta, og ein får også høve til å seia noko om

kvifor uttrykket er nytta i den spesifikke samanhengen. På den andre sida kan ein ikkje teste ut andre moglege samanhengar som kan gje andre analysar, utover det som finst i korpus. Ein kan med andre ord ikkje teste ut eller finna ut av «all» tenkjeleg bruk av eit uttrykk, som ved introspeksjon og elisitering. Ein korpusstudie av denne typen viser kva som er moglege, ikkje kva som ikkje er moglege. Til gjengjeld er det ytringar og uttrykk frå faktisk språkbruk, ikkje konstruerte døme. Desse døma er sikrare ved at dei er upåverka av eins eigne teoriar og hypotesar, det er ikkje data og materiale som blir til undervegs. For sjølve framstillinga i denne oppgåva er uttrykk i kontekst også viktig. Jamfør Falk og Torp (1900) frå 1.2.1 som viser til uttrykk med egentlig tyding, men som regel utan ein kontekst som viser kva som er den eigentlege tydinga. Vidare informasjon om talar og talesituasjon er også viktig, nettopp fordi denne informasjonen kan seia noko om kvifor eit uttrykk er nytta. Ein talar sin alder, bustad og utdanning er alle viktige i denne samanhengen, og om talesituasjonen er ei samtale mellom vener eller intervju og kva som er «tema» i samtala.

Om ein reknar at språkbruk påverkar språket, er den faktiske språkbruken som korpus kan vise høgst relevant.

## 2.2 Val av korpus

Bakgrunnen for valet av talemål og ikkje skriftspråk er mellom anna at ein reknar med at det er fleire samansette former i bokmål og færre i nynorsk (jf. del 1.2), og ein analyse av skriftspråk må skilje mellom skriftmålsformene. Bruk av samansett form i staden for frase er også rekna å vera vanlegare i formelt språk. Skilnaden mellom formelt og uformelt språk gjeld truleg berre bokmål, fordi nynorsk generelt har frase over samansett form som norm. Formelt og uformelt språk og høgtidleg og daglegdags språk er ein skilnad i stil som viser seg i skrift<sup>1</sup> og tale. Ved å berre sjå på talespråk vil ein ikkje vera påverka av skriftspråksnormer i like stor grad. Dessutan legg få studiar vekt på hovudsakleg talespråk, og difor er det interessant å sjå bort frå skriftspråksdata.

Det er heller ikkje berre høgtideleg og ikkje-høgtideleg som kan gjera talemål og skriftspråk ulike og like. Skrivne tekstar kan vera, og skal i mange samanhengar vera, nøye reviderte og gjennomtenkte, som bøker og fagtekstar. I andre samanhengar er dei meir «online» og uredigerte. Ulike former for chatting kan vera døme på meir uredigert eller talenær tekst. Denne skilnaden i skriftspråk kan ein også finna i talemål. Foredrag, framsyningar (teater t.d.) eller nyhende på radio skil seg frå ei samtale på bussen eller meir daglegdagse situasjonar.

---

<sup>1</sup>Bruken av para i moderne skriftspråk treng også å bli undersøkt.

Det er andre praktiske fordelar og ulemper ved talemålskorpus. Eit talemålskorpus vil vera mindre enn skriftspråkskorpus, ettersom det er meir ressurskrevjande å laga (transkribere). Dermed er utvalet mindre, og sannsynlegvis er variasjonen mindre. Men skrift har si store ulempe i at det ikkje seier noko om prosodi og trykk osv.. Talemålskorpus med høve til å høyre på opptaka gjer det mogeleg å dobbelsjekke og gå grundigare til verks. Skriftkorpus, som ikkje må ta omsyn til det lydlege, er generelt mykje større og det er fleire ulike typar skriftkorpus basert på ulik type tekst.

Oppgåva siktar på å fyrst og fremst gjera greie for bruken av desse para i talespråk, og då er talemålskorpus den sikraste kjelda. Derimot om målet hadde vore skilnaden mellom formelt og uformelt språk, så hadde også skriftkorpus vore ei naturleg kjelde, særleg med sine fordelar i storleik og type.

## 2.3 Om korpusa

Det eine talemålskorpuset eg har nytta er *Norsk talespråkskorpus – Oslodelen* (NoTa). Det inneheld intervju og samtaler med 166 informantar som er fødd og oppvaks i Oslo og Oslo-området. «Informantene er representative med hensyn til alder, kjønn, bosted og utdanning. NoTa-Oslo består av drøyt 900 000 ord som er ortografisk transkribert og morfologisk tagget» (Tekstlaboratoriet, u.d.). I denne oppgåva er informasjon om informatars alder, kjønn, bustad og utdanning viktig for analysen og gjev høve til å trekkje inn ulike sosiolingvistiske skilnader.

Det andre korpuset eg har nytta er *Nordisk dialektkorpus – norsk dialektkorpus* (NDC). Dette korpuset er vidare avgrensa til Austlandet, som inkluderer Akershus, Buskerud, Hedmark, Oppland, Telemark, Vestfold og Østfold. NDC Austlandet var naturleg tillegg til NoTa, som har informantar frå Oslo-området. Til skilnad frå NoTa-korpuset er det ikkje like mykje informasjon om kvar og ein informant. Det er ikkje oppført eksakt alder (berre to aldersgrupper) og heller ikkje utdanning. Søkjeprogrammet er nettbasert med omtrent likt brukargrensesnitt for korpusa, berre nokre skilnader i omgrep. Begge korpusa er tagga på bokmål, som også er søkjespråket. Difor er døme i oppgåva også gjevne på bokmål.

Dei to korpusa inneheld spontan tale i form av at informantane ikkje les opp ein tekst eller anna førebudd materiale. Men det er ikkje spontan tale i form av å vera naturleg tale frå faktiske daglegdagse talesituasjonar (som nok er det Newman (2010) siktar til, jf. 2.1). Materialet er anten frå samtaler eller frå intervju, og ber ikkje preg av å vera formelt. Informantane vil uansett vera påverka av

opptakssituasjonen i ein eller annan grad.

Fordelen ved NoTa er at det er avgrensa til eit mindre, geografisk område, og dermed treng ein ikkje ta like mykje omsyn til større talemålskilnader. NoTa-korpuset har som mål å vera representativt for Oslo-området.

NDC med avgrensing til Austlandet er ei endå større og mangfaldig gruppe. Talemålsskilnader er endå større her, både i form av uttale og tyding. Eg reknar ikkje dette som eit stort problem, men det er verdt å nemne at til dømes søk på presensform GÅR også inkluderer GJENG, og det same gjeld STÅ med varianten STANDA. Preposisjonen AV inkluderer på same måte både AV og TA (TÅ), (jf. 3.3.1).

Det er verken eit mål eller mogeleg å vise skilnader mellom spesifikke dialektar i oppgåva. Ein viktig skilnad mellom korpusa er likevel at NDC i liten grad har informantar frå større byar eller plassar. Informantar frå Akershus i materialet mitt er frå mindre folketette stader – Nannestad, Nes, Enebakk og Lommedalen<sup>2</sup>. For mitt formål kunne meir «bymål» ha vore av interesse, ved at det tradisjonelt er eit meir skriftnært talemål i byar. Det er heller ikkje viktig at informantane er «gode» representantar for dialektane eller stadene i mitt tilfelle, fordi variasjonen og sosiolingvistisk bakgrunn til informantane er interessant. Fordelen med NoTa-korpuset er at det har som mål å vera representativt for området og inkluderer ulike grupper menneske i område.

«Korpus» vil heretter tyde NoTa-Oslodelen og NDC Austlandet.

## 2.4 Søkinga

Frasen og den samansette forma består av to element. Det eine elementet er verb, som i oppgåva er avgrensa til infinitiv, prepsens og preteritum. Andre verbformer som perfektum og partisipp er utelatne fordi samansette former historisk skal ha vore vanlegare i desse verbformene, og ein må også ta omsyn til skilnaden mellom verb og adjektiv. I tillegg er dei utelatne for å avgrense oppgåva. Det andre elementet er formelt eit ubøyeleg element som kan stå som forledd med trykk i ei samansetning og også vera etterstilt verbet i frasen. Dette andre elementet har eg kalla preposisjon.

Forledda/preposisjonane er mellom anna teke frå ei liste på 33 preposisjonar som Faarlund et al. (1997, s. 81) listar opp som døme på preposisjonar verb kan ha som forledd. Denne gruppa inkluderer mellom anna *an-*, *bi-*, *bort-*, *fram-*, *gjen-*, *hjem-/heim-*, *med-*, *på-*, *sam-*, *sammen-*, *tilbake-*. Mogelege forledd som ikkje er med

---

<sup>2</sup>No er det berre to stader med bystatus i Akershus, men informantane er uansett ikkje frå dei mest folketette stadene i fylket.



i lista er *fore-/føre-*, *for-* og *åt*<sup>3</sup> (jf. Næs (1972, s. 379-380)). Prefiksa *be-* og *er-* er heller ikkje med, men desse prefiksa kan ikkje vera frie eller sjølvstendige ord (som er grunnen til at NRG kallar dei prefiks), og finst berre i samansett form. Forledda *for-* og *fore-/føre-* byr på nokre problem (mellom anna på grunn av opphav, jf. 1.2.3), ein generell mangel på trykk på forledd gjer at *for-* ikkje er teke med.

Ord og element i korpus er morfologisk tagga med ordklasse og annan informasjon. Det er mogeleg å søkje på eit lemma og på ulike bøyingsformer. Ein kan også ekskludere former og ordklasser. Det er også mogeleg å søkje etter ein del av eit ord og etter lengre frasar.

Dei samansette formene var dei fyrste som vart søkt etter i korpus, då med forledda som utgangspunkt. Ein preposisjon, t.d. *PÅ*, vart søkt etter, merka med *start of word, lemma (word form* i NoTa), ordklasse verb, ekskludert preteritum perfektum og perfektum-partisipp. Verb og forledd frå dei samansette formene vart så søkt etter, men då med forledd som sjølvstendig etterstilt element. I hovudsak er det teke med frasar utan fleire element mellom verbet og preposisjonen, men eg har også gjort søk med intervall mellom verb og preposisjon, for nominalar (hovudsak pronomen) mellom anna.

I tillegg søkte eg etter over 130 samansetningar og 130 frasar, som utgjer *par*. Desse var teke frå søk i den elektroniske bokmål- og nynorskordboka og frå annan litteratur (Falk og Torp (1900), Faarlund et al. (1997), Næs (1972) og Golden et al. (1998)). Desse søka skulle i utgangspunktet vera unødvendige, men ulike «feiltaggingar» i korpus gjorde det likevel nyttig å søkje eksplisitt etter desse<sup>4</sup>. Søka i ordboka vart gjort ved å søkje på dei ulike preposisjonane som forledd, t.d. *på-*, som er mogeleg ved å søkje etter ordform og stjerne \*, t.d. «*på\**». Det same vart gjort med ei rekkje verb, t.d. «*\*sitte*».

Fordelen ved å ha dei ulike preposisjonane som utgangspunkt er at ingen *par*, som ikkje er nemnt i litteraturen eller ein ikkje tenkjer på som språkbrukar, blir oversett.

Eg enda opp med 33 *par*, beståande av 10 ulike preposisjonar og 20 ulik verb vist i tabell 2.1. Det er berre teke med frasar og samansette former som inngår i *par*, frasar må ha liknande samansette former og omvendt. Det er 722 døme med frasar, og 293 døme med samansette former.

Av denne gruppa er fem *par* utelatne, fyrst og fremst av omsyn til lengda på

---

<sup>3</sup>Eg søkte etter *par* med *ÅT*, men fekk ingen treff.

<sup>4</sup>«Feiltaggingar» er til dømes *lyse* tagga som adjektiv når det er verb.

<b>Preposisjonar:</b> AN, AV, FRA, INN, NED, OPP, OVER, PÅ, TIL, UT
<b>Verb:</b> BRYTE, DRA, FYLLE, FØRE, GI, GJØRE, GÅ, HØRE, KJØRE, LEGGE, LEVE, LYSE, PASSE, PEKE, SE, SETTE, SLÅ, STÅ, TA, TREKKE

Tabell 2.1: Oversyn over preposisjonar og verb i para

oppgåva. Det gjeld GJENNOM, UNNA og MOT, som alle finst i eitt par i korpus, og IGJEN som er i to par. Valet å utelate desse er dels vilkårleg dels grunngjeve. UNNA, MOT og IGJEN har ulik form i frase og samansett form (GÅ UNNA-UNNGÅ, TA IMOT-MOTTA og STÅ IGJEN-GJENSTÅ). GJENNOM er tydeleg samansett, men det treng ikkje spela noka rolle, fleire preposisjonar er resultat av samansetning. IGJEN og GJENNOM finst ikkje i motsetningspar, som OPP-NED og INN-UT. IGJEN skil seg ut reint semantisk, men er for øvrig eit veldig interessant tilfelle. Elles skil ikkje dei utelatne para seg særleg frå andre par, verken i tyding eller frekvens.

## 2.5 Analyse

Analysen har eit deskriptivt utgangspunkt. Eg viser i kva slags samanhengar og tydingar dei ulike frasane og samansette formene er nytta, også kva dei uttrykker eller tyder. Deretter trekkjer eg fram likskapar og skilnader i kvart par på bakgrunn av data eg har.

Alle døme, som kan bli sagt å inngå i eit par, er teke med, sjølv om dei ikkje er frekvente. At eit uttrykk eller døme på ei tyding ikkje er frekvent, er eit interessant resultat i seg sjølv. Difor har eg ikkje sette noka grense på kor mange døme det skal vera i kvart par. Eit problem i analysen er mange par med få døme med frase og få døme med samansett form, som igjen gjev ein usikker analyse. Om det er få døme av ein frase eller samansett form, er det enklare å gå grundig til verks, men vanskelegare å generalisere.

Dei ulike frasane og samansette formene er fyrst analysert kvar for seg, og så fylgjer ei samanlikning av dei i par. For frasane er døme som ikkje kunne bli rekna for frasar i denne samanhengen stroke ut. Eit døme på dette er GJØRE AV i dømet *hva de skal GJØRE AV reklame*, som skil seg frå dei andre døma med GJØRE AV med tyding **plassere, flytte objekt** som *hvor skal vi GJØRE AV stolen*, berre sistnemde er rekna for ein frase. Passivkonstruksjonar er også skilt ut.

I fyrste omgang vart det sett på formelle skilnader mellom døme på frasane og døme på dei samansette formene. Dette gjeld skilje mellom uttrykk og døme

som har og ikkje har uttrykt subjekt og objekt, og om døma er refleksive eller ikkje. Vidare vart det undersøkt kva omgjevnader uttrykka står i, som kva som er det eksplisitt uttrykte objektet og subjektet og kva dei refererer til. Kor mange døme det er i infinitiv, presens og preteritum av frase og samansett form, er også talt.

Så er tydinga til heile uttrykket gjort greie for, basert på korpusdata. Deretter undersøker eg korleis ein kan relatere kvar av delane i uttrykket til anten den romlege tydinga dei kan uttrykkje eller andre tydingar av verbet eller preposisjonen. I denne samanheng trekkjer eg inn definisjonar frå ordbøker og annan litteratur, men hovudvekta ligg på korpusmaterialet.

Oppgåva har som mål å vise skilnader og samband i tyding. Eit hovudpoeng er i den samanhengen å gjera greie for ulike tydingar, som i seg sjølv ikkje er ei enkel oppgåve. Kvar ord og kvar frase har ikkje eit bestemt eller avgjort sett med tydingar, men har, etter kognitiv lingvistik sin tanke, eit nettverk av tydingar med glidande overgangar. Ei av desse tydingane er meir prominent og er det ein kallar den grunnleggjande tydinga, som dei andre er utvidingar frå (nære eller fjerne) – diakroni er ikkje irrelevant i denne samanhengen, altså uttrykka sitt opphav. Eg reknar at den generelle grunnleggjande tydinga til preposisjonar er å uttrykkje ein romleg relasjon mellom to eller fleire deltakarar, (etter Tyler og Evans (2001) mellom *anna*, sjå meir 3.1). Det romlege domenet er også basisdomene for dei fleste verba i materialet mitt, eller relasjonen verba uttrykkjer. Difor undersøker eg om ein frase eller samansett form kan uttrykkje ein romleg relasjon, og eventuelt kvifor dei gjer og ikkje gjer det. Ikkje-romlege kan vera mogelege metaforiske ekstensjonar av den grunnleggjande tydinga. I tillegg har verb og preposisjonar prototypiske primær- og sekundærdeltakarar i relasjonen dei uttrykkjer, som også er med på å avgjera om den grunnleggjande tydinga til ein frase eller samansett form er uttrykt.

Kva som kan vera den mogelege grunnleggjande tydinga, blir gjort greie for ved dei enkelte frasane og samansette formene. Det er ein stor grad av usikkerheit i fleire tilfelle, særleg når det er lite annan litteratur å vise til. Fleire av verba er rørsleverb og sanseverb, som er typisk romlege og som kan bli gjeve ei mindre kontroversiell grunntyding. Lånord som *PASSE* (gjennom tysk frå fransk) og *AN* har ein meir uklar semantikk og er spesielle tilfelle.

Komposisjonalitet er også eit viktig punkt i denne samanhengen. Eg freistar å vise korleis tydinga til eit samansett uttrykk er motivert av tydinga til delane. Det samansette uttrykket er ikkje berre motivert av den meir grunnleggjande eller romlege tydinga til elementa, men også ulike ekstensjonar av tydinga til elementa, som ein også ser ved å samanlikne eit element i ulike samansetningar.

Det er vekt på skilnaden i tyding mellom frasen og den samansette forma i oppgåva. Det har ikkje vore mogeleg å vise til at frase eller samansett form føretrekkjer bestemte ordstillingar, mellom anna fordi det ikkje er mange slike døme og dei ulike døma har heller ikkje vist nokon skilnad.

I par kor det ikkje er eit umiddelbart skilje mellom døme med frase og døme med samansett form, er informasjon om informantane trekt fram. Dette er på grunn av skilnaden i stil som er nemnt i litteraturen om emnet (jf. ulike forfattarar i 1.2). Informasjonen som blir trekt fram er kva korpus og stad informantane er frå og alder og utdanning til informantane (berre i NoTa informasjon om yrke og utdanning er gjeve).

På grunn av variasjonen i preposisjonar, verb og uttrykk generelt, er det ikkje teke utgangspunkt i bestemte kategoriar å plassere ytringar i, som etter type del-takarar (menneskelege, fysiske, ikkje-fysiske), setningstype eller lengde. Generelt få døme per par gjer også at slike forutbestemte kategoriar ikkje er nødvendig eller har stort for seg, ettersom det vil vera vanskeleg å generalisere. Skilnader blir kartlagt, vidare studiar må gå i djupna på kvart par.

# Kapittel 3

## Analyse av par

### 3.1 Introduksjon

Analysen er ein alfabetisk gjennomgang av para, ordna etter preposisjonane. Alle par med AN er kalla AN-par og alle med AV er kalla AV-par. Kapitlet er ordna etter preposisjonar for å vise likskapar mellom tydinga til preposisjonen i dei ulike verb+preposisjonspara. Det er i tillegg færre preposisjonar enn sjølvstendige verb, noko som også talar for ei ordning etter preposisjon.

Tyding og bruk til frase og samansett form er hovudpunktet, og eg viser fyrst tydingar til frasen i eit par, så den samansette forma i paret og til slutt blir dei samanlikna. Målet for samanlikninga, av samansett form og frase i eit par, er å vise moglege samband og skilnader i tyding mellom frasen og den samansette forma i paret, og å gjera eventuelle generaliseringar basert på samanlikninga.

Skilnaden mellom egentlig og overført eller metaforisk, også kalla konkret og abstrakt, har ikkje hatt mykje føre seg (jf. 1.2). Difor nyttar eg ikkje desse omgrepa i særleg grad. I staden for viser eg til grunnleggjande eller prototypisk tyding, som i dei fleste døma er romleg, og deretter viser eg korleis andre tydingar er ekstensjonar av den grunnleggjande tydinga. Tydinga til kvar særskild del i eit uttrykk og heile uttrykket er relevant i denne samanhengen.

Nokre frasar og samansette former er nært synonyme – det er ikkje ein umiddelbar skilnad mellom tydingane frasen og den samansette forma uttrykkjer. I tilfelle med synonymi – som for øvrig ikkje treng å gjelde alle døme i eit par – trekkjer eg inn sosial og geografisk informasjon om informantane. Informasjon om informantane blir ikkje trekt fram når det ikkje er eit slikt samanfall i tyding (synonymi).

Før sjølve analysen er det nødvendig å seia litt om det eg her har kalla preposisjonar og grunntydinga deira.

## Preposisjon

Omgrepet preposisjon er nytta vidt i denne oppgåva. Element som fungerer som forledd eller etterstilt verbet frå materialet er: AN, AV, FRA, INN, NED, OPP, OVER, PÅ, TIL, og UT. Desse 10 elementa er tradisjonelt kalla preposisjon og/eller adverb. Ved visse syntaktiske og semantiske kriterium kan desse elementa bli kalla partikkel (som i Faarlund et al. (1997)), men partikkelomgrepet har også vorte nytta som generelt omgrep for preposisjon og adverb (som i Kinn (1994)) (jf. 1.2.7). Nokre av dei 10 elementa over tek (nominal) utfylling, som PÅ i *på skuletrappa*<sup>1</sup>. NED kan ta nominal utfylling, som *ned trappa*, men står også utan utfylling ofte fylgt av ein preposisjonsfrase *ned i silo*. *Bokmålsordboka* (BM) kallar NED i fyrste dømet for preposisjon, og adverb i det andre. Eg held fram med å kalle alle desse 10 elementa for preposisjon, utan at oppgåva har som mål å klasifisere desse elementa under klassa preposisjonar.

Etter Tyler og Evans (2001) reknar eg at grunntydinga til ein preposisjon er å uttrykkje ein romleg relasjon mellom ein primærdeltakar (PD) og ein sekundærdeltakar (SD). I eit mykje brukt døme *boka på bordet* er PD *boka* lokalisert med SD *bordet* som referansepunkt. Det er kontakt mellom PD og SD i dette dømet og gjeve vår kunnskap om bok og bord skjønner me at boka ligg oppå bordplata, utan å dekkje heile bordet (rører ved ein del av bordet). Denne romlege relasjonen er statisk, til skilnad frå den dynamiske relasjonen *barnet går frå bordet*.

I frasar, fyrst og fremst, kor preposisjonen uttrykkjer ein romleg relasjon mellom to eller fleire deltakarar, reknar eg denne som den grunnleggjande tydinga og freistar å gjera greie for korleis dei andre tydingane av preposisjonen er ekstensjonar av denne grunntydinga (det same gjeld fylgjeleg verbet og samansetninga). Finst det annan litteratur og andre analysar om tyding og tydingsutvidingar til ein preposisjon, viser eg til desse. Annan litteratur eg stør meg til er i hovudsak om norsk, men også andre språk som svensk og engelsk. Tydingsutvidingar eller ekstensjonar blir gjort greie for ved til dømes metaforiske ekstensjonar, som når uttrykk frå det romlege domenet er nytta for uttrykkje noko i eit anna domene, som tid.

Eg fylgjer i nokon grad same inndeling av romlege preposisjonar som Radden (1985) og Dirven (1993) klassifiserer engelske preposisjonar etter. Desse forfattarane undersøker den metaforiske bruken av preposisjonane, som opphavleg er romlege. Radden (1985, s. 1984) skildrar den romlege tydinga til preposisjonane med type/tilfelle (*case*) på den eine sida og dimensjonstype (*Dimension type*) på den andre sida – ulike topologiske orienteringar. Type/tilfelle er stad (*place*), mål

---

<sup>1</sup>PÅ må ikkje ha utfylling, jf. 3.9.7.

(goal), kjelde (*source*) og veg (*path*) (jamfør dei ulike biletskjema). Dimensjonstype er punkt (*point*, 0 dimensjon), line og (over)flate (*line, surface*, 1 og 2 dim.) og område og «omslutting» (*area, enclosure* 2 og 3 dim.). Preposisjonen *at* uttrykkjer stad og på eit punkt, *on* og *over* stad og line eller overflate, *in* stad og område eller omslutta område. *To* kan uttrykkje mål og punkt, altså målet er mot eit punkt, *on(to)* mål og line eller overflate, og *into* mål og område eller omslutta område. *From, of/off* og *out of* uttrykkjer alle kjelde og kvar si dimensjonstype, og døme på veg er *by, along* og *through*, som kvar uttrykkjer dei tre (fire 0-3) ulike dimensjonstypene.

## Notasjon

Para og elementa i para er skrivne med store bokstavar, t.d. GÅ INN – INNGÅ. Verb med store bokstavar er eit lemma og her skjematisk for infinitiv, presens og preteritumsformene.

Tyding er gjeve med feit skrift, til dømes STÅ OPP i tyding **reise seg frå senga eller frå generelt liggjande/sitjande posisjon**. Direkte sitering av døme er gjeve ved *kursiv*.

Det er to standardar for merking av døme frå NDC-korpuset. Eit døme på den eine standarden er «lom\_04gk». Fyrst er stad (opptaksstad) gjeve, her «lom», deretter er nummeret til informanten gjeve, her «04». Neste bokstav markerer aldersgruppe, «g» for eldre enn 50 år og «u» for yngre enn 30 år. Siste bokstav markerer kjønn, «k» for kvinne og «m» for mann. Den andre standarden i NDC er med stadnamn fyrst, så kjønn, deretter aldersgruppe, her er skilnaden at «a» og «b» er nytta i staden for «u» og «g». Til slutt er informantnummer gjeve, dette gjev t.d. «flaa\_ma\_02», altså ein mann frå Flå i aldersgruppe a.

Døme frå NoTa-korpuset er merka med ein informantkode, som er eit nummer, vidare informasjon om informant er ikkje gjeve ved desse døma, men blir trekt fram når det er relevant. Informantkoden er gjeve med «who\_name: 05» t.d.. Etter fylgjer nummer for line ytringa er i opptaket, som «who\_line\_key: 3915», «who\_line\_key» er her gjeve for å skilje utsegn frå kvarandre.

Namn er anonymisert, ved stor bokstav og eit siffer, t.d. «M4». Avbrotne ord er markert med bindestrek etter seg, «ford-». Uavslutta ytringar er markert med tre punktum .... For å markere pause er # nytta, enkelt # for kort og ## for lang pause. I alle døma har eg sjølv markert frasen og den samansette forma med feit skrift. Til dømes:

- (6) «bare at det vil jo **stå på** dem # det er jo de som vil ...» (jevnaker\_01um)

Over viser # at det er ei kort pause, og ... viser at det er ei uavslutta ytring. Opp-taksstaden og informantens sin bustad er Jevnaker og informantens er ein mann

under 30 år.

### 3.2 An-par

Denne delen tek føre seg para med elementet AN, som er fylgjande par i materialet mitt: GÅ AN-ANGÅ, LEGGE AN-ANLEGGJE, SLÅ AN-ANSLÅ. AN og AN-para skil seg frå dei andre preposisjonane og para i materialet ved at AN ikkje uttrykkjer ein romleg relasjon mellom to eller fleire deltakarar. Som analysane nedanfor viser, er det heller inga umiddelbar grunntyding eller skjematisk tyding for AN, og ingen klare semantiske likskapar mellom para. Frasane og dei samansette formene i AN-para er leksikaliserte, og har låg grad av komposisjonaltitet – det er ikkje opplagt kva som motiverer tydinga til dei komposisjonelle uttrykka.

Analysen av AN-par er ikkje basert på eit stort materiale, men berre ein to-tre døme med kvar av frasane og dei samansette formene. Difor er det vanskeleg å gjera nokre større generaliseringar. Unntaket er GÅ AN, som har veldig høg teiknfrekvens. Til saman er det 99 døme med dei seks frasane, og GÅ AN utgjer 91 av desse.

Som vist i og Falk og Torp (1900) Næs (1972) er preposisjonen AN eit lån frå tysk (jf. 1.2.1 og 1.2.3), som «indkom i 16. og særlig 17–18. aarh.» (Falk & Torp, 1900, s. 357). I *Nynorskordboka* (NN) står det fylgjande om AN:

«**an** adv. (l.ty.[lavtysk], sm o s norr. [same ord som norrøn] á 'å (II)', i tyding 2 kanskje etter it.[italiensk].)

**1** i faste samband med verb:

*gå an, kom an! kome an på, leggje, slå an på, slå an; sjå til dømes gå (I) og kome (II)<sup>2</sup>,*

**2** i eldre bokføring brukt føre namnet på kreditor eller føre postane på debetsida i konto eller rekning»

Som ein kan sjå er det ikkje gjeve ein klar definisjon av AN her. AN er det same ordet som norrøne *á*, forklart med tydinga til preposisjonen «'å (II)'. Om preposisjonen *å* står det «**1** særleg i visse faste uttrykk [...] **2** om tid: om (II), på: *høgst å dag / det leid langt å dag / midt å natt(a)*». Samansett preposisjon *opp-å*, som vart til *på*, tok over for *å*, som da berre vart nytta i faste uttrykk, eller som Aasen skriv «den sidste Form ('paa) er endog bleven saa almindelig, at den rene Præposition "aa" nu kun høres i enkelte Talemaader» (Aasen, 1899, s. 302). *Bokmålsordboka* (BM) forklarar norrøne *á* med 'på', men det er ikkje gjort greie for kva tyding av *på* det

<sup>2</sup>Dei faste sambanda i «**1**, *gå an, leggje an og slå an*» er frasar eg har i materialet mitt



er snakk om. I materialet mitt har ikkje AN umiddelbart lik eller liknande tyding som PÅ, som uttrykkjer ein romleg relasjon, altså med ein PD som er ovanfor og i kontakt med SD (jf. PÅ-para 3.9).

### 3.2.1 Frasen GÅ AN

Frasen GÅ AN er av dei meir frekvente frasane i korpus. Til saman er det 91 døme med denne frasen, 47 i NDC-korpuset og 46 i NoTa-korpuset.

Den vanlegaste konstruksjonen er med eit formelt subjekt *det* og ei leddsetning som formelt fungerer som objekt. I 50 døme av 91 døme fungerer ei infinitivsetning som objekt. (7) og (8) er døme med ein slik konstruksjon.

- (7) «klart det **går an** å bestille fra det ene stedet og det andre stedet» (who\_name: 5, who\_line\_key: 3018)
- (8) «og de var vel vant til å kjøre da noen år # så de visste det at det **gikk an** å kjøre bil» (alvdal\_04gk)

Begge døme har ei infinitivsetning, *å bestille fra* og *å kjøre bil*.

I 28 døme med GÅ AN har subjektet *det* ein referensiell funksjon, sjå (9) under.

- (9) «så vi vi brukte enten kjelker eller ski # opp på skolen # e så sant det **gikk an**» (aal\_04gm)

I (9) refererer *det* til det å bruke kjelkar eller ski.

GÅ AN uttrykkjer mogelegheit, altså at ei handling lèt seg gjera eller hending/tilfelle kan hende. I (7) og (8) er handlinga uttrykt i leddsetninga, *å bestille* og *å kjøre bil*. I (9) er den moglege handlinga, utifrå konteksten, det å bruke kjelke eller ski til skulen.

Tydinga til frasen GÅ AN er i alle døme **vera mogeleg, la seg gjera/utføre**. Ein prosess, som ei handling, hending eller tilfelle, er mogeleg, altså lèt seg utføre eller kan hende.

### 3.2.2 Samansett form ANGÅ

Frasen GÅ AN er, som vist ovanfor, veldig frekvent i korpus, i motsetnad til den samansette forma ANGÅ, som det berre er eitt døme med i materialet. Den samansette forma er transitiv.

- (10) «jeg tror ikke det kommer til å **angå** oss» (who\_name 5, who\_line\_key 3915)

ANGÅ i (10) refererer *det* til ein prosess, ein byggeprosess.

I dømet (10) er tydinga til ANGÅ **påverke, gjelde for eller berøre**. Informanten fortel om bygging som informanten ikkje trur vil ha nokon innverknad på vegen deira (*oss*) til T-banen. GÅ si tyding **bevege seg trinnvis** med menneske som prototypisk PD, er ikkje halde ved her. AN- i tyding **PÅ** som kontakt, er berre metaforisk, det er ikkje fysisk kontakt. Derimot oppstår det ein relasjon, som ved faktisk berøring. Røre ved for å skape ein relasjon kan vera nytta som metafor. «Kontakten» skjer ved at bygginga beveger seg inn på SD *oss* sin utvida sfære. Bygginga er konseptuelt i kontakt med sekundærdeltakarens handlingsrom, og set hindringar for handlinga å gå til T-banen.

### 3.2.3 GÅ AN vs. ANGÅ

Det er ei veldig skeiv fordeling mellom frasen GÅ AN og samansette ANGÅ i frekvens, 91 mot 1. Frasen er intransitiv, og det eine dømet med ANGÅ er transitivt. Det er heller ingen likskapar mellom tydinga deira<sup>3</sup>. GÅ AN uttrykkjer at ein prosess (handling/hending/tilfelle) er mogeleg, medan ANGÅ uttrykkjer i (10) at ein prosess påverkar handlinga til to eller fleire personar. Ingen av dei uttrykkjer ein romleg relasjon eller rørsle.

### 3.2.4 Frasen LEGGE AN

Eg har eitt døme med frasen LEGGE AN i materialet.

- (11) «[...] på slutten da når han e Estil # **la an** det derre (uforståelig) (latter)»  
(who\_name: 54, who\_line\_key: 27908)

For å få eit grep om tydinga trengst det meir informasjon om samtala informant 54 har (med informant 53). Dei snakkar om skisport og korleis skiløparen Estil gjekk på slutten av eit renn. Estil *la an* ein måte å gå på ski, og endra måten han gjekk på eller teknikken han gjekk med. Objektet *det derre* refererer til denne måten Estil tek til med. Tydinga til LEGGE AN i i (11) er **ta til med (ny) måte**. Estil, som er PD til verbet, endrar måten å gå på og tek til med ein ny måte eller teknikk.

### 3.2.5 Samansett form ANLEGGE

Det er berre to døme med samansett form ANLEGGE i materialet. Begge døma er frå same informant.

---

<sup>3</sup>Golden et al. (1998, s. 119) skriv for øvrig at GÅ AN aldri er i ei fast samansetning. Med det må Golden meine at GÅ AN ikkje uttrykkjer same tyding som ANGÅ, altså at GÅ AN i tydinga **vera mogeleg** aldri er i fast samansetning. Det er i slike døme Ongstad (1974) ville kalla forma GÅ AN for fakultativ, fordi ANGÅ finst, medan tydinga til GÅ AN ville han kalla obligatorisk, ettersom ANGÅ har ei anna tyding (jf. 1.2.5).

- (12) «og han **anla** en e # et grisehus i sin tid» (who\_name: 154, who\_line\_key: 81615)
- (13) «og da gikk vi fi- forbi den derre gården da som **anla** dette grisehuset» (who\_name: 154, who\_line\_key: 81635)

Dei to døma uttrykkjer akkurat det same, altså at eit grisehus har vorte bygd eller sett i stand. *Han* er PD til ANLEGGJE i (13), og den som anlegg (agens). I (13) er det *gården* som er uttrykt, men ein gard verken byggjer eller sett i stand, det er det dei som driv garden som gjer. *Gården* er ein metonymi for personen/personane som driv eller bestemmer over garden.

Tydinga til ANLEGGJE er her **ta til med (prosess, t.d. bygging) og få/setja i stand**. I (12) og (13) er det bygging som er den spesifikke prosessen PD til verbet tek til med. Merk at det ikkje kjem fram om grisehuset er eit nytt bygg eller om eit bygg blir omgjort eller sett i stand til grisehus. Primærdeltakaren startar med ein byggeprosess, resultatet av prosessen er eit ferdig bygg.

### 3.2.6 LEGGE AN vs. ANLEGGJE

Verken frasen LEGGE AN eller den samansette forma ANLEGGJE er spesielt frekvente i materialet, 1 mot 2. Paret har det til felles at dei er transitive. Det er heller ingen store skilnader i tyding mellom dei. Frasen tyder i dømet frå materialet å **ta til/starte med ein måte/teknikk**, og den samansette forma tyder å **ta til/starte med ein prosess eller setja i stand**. Begge uttrykkjer byrjing, det å ta til med måte eller prosess. Få døme gjer at det ikkje er mogeleg å seia noko meir om ytterlegare likskapar og skilnader.

### 3.2.7 Frasen SLÅ AN

Eg har eitt døme med frasen SLÅ AN i materialet.

- (14) «så # men hva skal en e finne på da som # virkelig **slår an**» (lom\_04gk)

Her krevst det litt bakgrunnsinformasjon for å forstå handlinga. Informanten snakkar om å få arbeidsplassar til bygda for at ungdommen skal bli. Kva tiltak kan skapa arbeidsplassar og slik få ungdommen til å bli i bygda? Dette tiltaket må både skapa interesse hos kundar og bedrifter (altså vera lønsamt) og det må fengje ungdommen. Tydinga til SLÅ AN er i dette dømet **fengje eller treffe noko(n)**. Treffe nokon er igjen ein metafor, og både SLÅ AN og treffe nokon er døme på metaforen Lakoff og Johnson (2003, s. 50) kallar EMOTIONAL EFFECT IS PHYSICAL CONTACT, Lakoff og Johnson gjev døme som «I was *struck* by his sincerity. [...] That *blew me away*». Den emosjonelle effekten i (14) er ganske kompleks. Tiltaka skal skapa interesse hos dei unge, altså vera noko dei liker, og det skal vera

noko dei har tru på. Fysisk kontakt er utvilsamt ein viktig del av grunntydinga til SLÅ, og tydinga i frasen er ein ekstensjon av denne. AN i tyding **på** (jf. 3.2) gjer seg gjeldande i denne samanheng, men når SLÅ også uttrykkjer fysisk kontakt, er det usikkert kor mykje ein kan leggja i AN si tyding. Fengje er for øvrig også ein metafor, av tydinga **ta fyr**. Det å ta fyr sett i gang ein effekt eller prosess.

Berre PD til SLÅ AN (*hva*) er eksplisitt uttrykt. Den implisitte SDen er den noko fengjer, altså den som metaforisk blir treft av noko. PD er den eller det det blir spurt etter i (14), og er i dette dømet et slags tiltak.

I den bokstavelege tydinga til verbet SLÅ – relasjonen i det romlege domenet – uttrykkjer ein PD og SD i kontakt med kvarandre. Ei slik bokstaveleg tyding er ikkje til stade i dømet med frasen SLÅ AN. Den moglege PDen i SLÅ AN kan ikkje fysisk slå nokon som helst. Men om ikkje fysisk kontakt, så kjem PD og SD i kontakt ved at abstrakte deltakarar som tiltak eller arbeid fungerer som fysiske objekt, jf. metaforen ABSTRAKT ER KONKRET. Tiltaket «når» SD, og då er denne personen fengja. Eit tiltak skapar ein emosjonell effekt – noko fengjer eller ei interesse blir «vekt» – som metaforisk slår ein.

### 3.2.8 Samansett form ANSLÅ

Det er fire døme med samansett form ANSLÅ i materialet, alle frå same informant flaa\_ma\_02. ANSLÅ er transitiv.

- (15) «og du e **anslår** hvor mye det er som er vrak»
- (16) «og du **anslår** hva prosenten er av blanding av # andre treslag om det måtte finnes»
- (17) «og hvis det er sagtømmer så **anslår** du da prosenten av sekunda og prima [...]» (flaa\_ma\_02)

Tydinga er å **berekne**. Referenten til subjektet *du* i (15) bereknar kor mykje tømmer som er vrak, finn omtrent ut kor mykje det er.

Det som blir ANSLÅTT er eigenskapen ved eller til eit objekt eller innhald i eit objekt, eigenskap i form av kvantitet. I (15) er det til dømes kva av den totale mengda tremateriale som er vrak.

Om etymologien til ANSLÅ skriv Falk og Torp (1991): «(vurdere, taksere) er holl. *aanslaan*, nht. [nederhøgtysk] *auschlagen*, egentl. «slaa opp» (t. *Anschlag* «oppslag, plakat», særskilt om øvrighedens opslag af markedspriser paa bymuren i de gamle tyske byer» (1991, s. 19)

### 3.2.9 SLÅ AN vs. ANSLÅ

Verken frasen SLÅ AN eller den samansette forma ANSLÅ er frekvente i korpus. Den samansette forma er mest frekvent av dei to, 4 mot 1. Det er ein skilnad mellom dei i både form og tyding.

Frasen er intransitiv, i den forstand at det ikkje er uttrykt eit eksplisitt objekt, til skilnad frå den samansette forma.

Frasen og den samansette forma har klart åtskilt tyding. SLÅ AN tyder her **skapa interesse, fengje**, og ANSLÅ tyder **berekne**. Dei døma eg har, viser ikkje noko samband mellom tydinga til frase og tydinga til den samansette forma. ANSLÅ sin etymologi talar heller ikkje for eit direkte samband.

### 3.2.10 Oppsummering AN

Det er i liten grad nokon systematikk i tydinga til AN i desse para. Lenkja til PÅ og Å er svak, og det er ikkje noko som her er eit tydeleg prov på sambandet mellom AN og tydinga på. Ei årsak til at det ikkje er eit klart samband mellom AN i desse para, kan vera at AN er eit tysk lånord, og at para også er lån.

I SLÅ AN er det ei mogleg band til verbets grunntyding, men berre ved ein metafor – SLÅ AN er ikkje romleg lik grunntydinga til SLÅ.

## 3.3 AV-par

Denne delen tek føre seg dei tre para med preposisjonen AV som finst i materialet: BRYTE AV-AVBRYTE, GJØRE AV-AVGJØRE, GÅ AV-AVGÅ.

I Falk og Torp (1991) skriv forfattarane fylgjande om etymologien til *af*<sup>4</sup>: «sv. *af*, old. *af*. præp med dativ og adv., == oht. *aba* «borte fra, ned fra» [...] Præp. *af*, hvis grundbetydning er «bort fra», har i nyere tid beriget sig paa bekostning af *ad*, medens den selv i stedlig betydning ofte er erstattet af *fra*» (1991, s. 8).

AV uttrykkjer ei fråskiljing, ein primærdeltakar skil seg bort frå sekundærdeltakaren, som kan skjematiserast som ei flate eller line. I si skildring av engelske preposisjonar og romleg konseptualisering kallar Dirven (1993) preposisjonane *from, off, out of* for «“separation” or “source” prepositions», altså fråskiljings- eller kjeldepreposisjonar. Dirven skriv at «*[o]ff* denotes separation from contact with a line or a surface [...] and *out of* denotes separation from inside of a landmark as

---

<sup>4</sup>Falk og Torp (1991) er ei etymologisk ordbok over dansk og norsk og skrivemåten *af* er nytta.

in *he comes out of the station*» (1993, s.74-75). Denne karakteristikken gjer seg også gjeldande for AV. Retning frå ein-, to- eller tredimensjonal kjelde

Dømet under viser ein PD *vi* som riv seg laus frå den fysiske kontakten med SD *sykkel*.

(18) «holdt på å svimme av veit du # når vi **gikk av** sykkel» (roemskog\_03gm)  
 Sykkelen eller setet på sykkelen er SD til AV, og kan bli skjematisert som ei flate. PD, her eit menneske, fjernar seg frå SD-en, sit ikkje lenger på sete og kontakten opphøyrer. Merk at det er ikkje berre kontakt som er viktig i dette dømet, for det sentrale er at kontakten som føresett aktiviteten sykling opphøyrer. Difor er sykkel i mindre grad ei prototypisk flate, og er romleg, men ikkje eit prototypisk døme på AV (3.3.8). Det er ulike uttalevariantar av AV, informanten her frå Rømskog, nord-aust i Østfold, seier *tå* ikkje *a(v)*. Meir om denne variasjonen under.

### 3.3.1 Uttalevariantar av AV

Søkjeordet *av* får treff realiserte som både *av*, *a*, *ta* i korpus, med ulik kvalitet og kvantitet på vokalen. Dei ulike variantane er diskutert i Bakken og Vikør (2011). Varianten *ta/tå/tao* kjem av ein fusjon av den samansette preposisjonen *utav*. Bakken og Vikør (2011) gjorde ein liten kasusstudie av desse variantane, og på bakgrunn av dialektane dei såg på, delte dei inn i tre grupper: «1: dei som berre nyttar *av*, 2: dei som berre nyttar *tå*, og 3: dei som nyttar begge i ulike funksjonar, slik at *tå* har overteke den preposisjonelle funksjonen, og *av* har spesialisert seg på den adverbielle.» (2011, s. 191).

Bakken og Vikør skriv at ein finn opphavleg preposisjon *av* eller *a* i nedre Buskerud, Vestfold, Telemark og skriftpåverka bymålsvarietetar på Sør-Austlandet<sup>5</sup>. *Fusjonert* preposisjon *ta* dominerer, i fylgje Bakken og Vikør (2011), på flatbygde ne på Sør-Austlandet, særleg ved Mjøsa, medan ein finn *tå* på indre Austlandet, Østfold og Trøndelag. *Tå-målføra*, (altså dei med *ta*, *tå* eller *tao*), kan bli delt opp i to *tentative* grupper<sup>6</sup>, skriv Bakken og Vikør (2011): 1 *tå* som preposisjon, men *av* i visse adverbielle funksjonar. 2 *tå* i både preposisjonelle og adverbielle funksjonar - *av* berre i faste og stivna uttrykk (*av garde* til dømes). Med *preposisjonsfunksjon* meiner dei at elementet kan «innleie preposisjonsfrasar», og med *adverbsfunksjon* så kan det «modifisere eit verb og dermed danne ein verbfrase» (2011, s. 201), (dei gjev ingen konkrete døme – mogeleg døme kan vera: *falle tå hesten/dette tå bordet* og *skru a(v) radioen*).

<sup>5</sup>Også i andre delar av landet, men ikkje relevant her. NDC Austlandet omfattar Akershus, Buskerud, Hedmark, Oppland, Telemark, Vestfold og Østfold.

<sup>6</sup>(Bakken & Vikør, 2011) skriv ikkje kva målføre som høyrer til den eine eller andre gruppa innanfor *tå-målføre*, og skriv at det trengst meir forskning.

Som alt nemnt finn ein både *a(v)* og *ta* i NoTa og NDC, og begge variantar er teke med i denne oppgåva. Varianten *ta* er aldri forledd i den samansette forma.

### 3.3.2 Frasen BRYTE AV

I materialet mitt har eg 4 døme med frasen BRYTE AV. Det eine dømet er reflek-sivt.

- (19) «[...] og det det gikk så galt somme tider at de kunne **bryte av** seg et ørne-hår det husker jeg (laughter)» (boe\_ma\_03)

Det refleksive pronomenet *seg* refererer til subjektet *de* sin referent, som er kjelda til *ørnehår*. *Ørnehår* har rolla patiens ved at det er det som blir brote av.

Dei tre andre frasane er ikkje refleksive.

- (20) «[...] for jeg # **brøt av** foten når jeg var tolv år» (drevsjoe\_03gm)  
(21) «ja e når jeg **brøt av** foten så lærte jeg meg å strikke [...]» (drevsjoe\_03gm)  
(22) «**brøt av** ski?» (dalsbygda\_03gm)

Subjekta *jeg* i (20) og (21) refererer til kjelda for objekta *foten*. Det er *jeg*-personen sin fot det er referert til i desse døma, og beinet som knekker blir slik skilt frå *jeg*-personen. Difor er *jeg* kjelde til *foten*.

Døma ovanfor uttrykkjer fråskiljing, ein primærdeltakar og sekundærdelta-kar er ikkje lenger i (fysisk) kontakt ved at heilskapen blir delt eller brekt. I (19) svarar *ørnehår* til AV sin PD, som sluttar å vera i kontakt med SD. *De* og *seg* i (19) er SD i AV.

(20) og (21) er litt spesielle tilfelle fordi *brøt av foten* her tyder å brekkje bein. Fot står for eit bein i foten, ein del av heilheita er referert til ved heilheita – fot for bein – altså ein metonymi. Foten (eller beinet) uttrykkjer PD i AV, som blir skilt frå resten av kroppen eller beinet, altså frå SD i AV, *jeg*. Eit viktig poeng i desse tre døma er at PD i AV i alle døme er eit fysisk objekt – ørnehår, fot og ski.

Tydinga er den same i dei fire døma, og alle uttrykkjer ei hending der eit heile blir delt i to delar. Dette gjev tydinga **brekkje eit heile i to delar** (og i desse døma er det ein mindre del som høyrer til ein større del).

### 3.3.3 Samansett form AVBRYTE

Eg har to døme med samansett form AVBRYTE i materialet. Døme (23) har eit eksplisitt uttrykt objekt, døme (24) har det ikkje.

- (23) «[...] altså det unnskyld at jeg **avbryter** deg men e ...» (who\_name: 112, who\_line\_key: 61110)
- (24) «nei # han var e han **avbrøt** jo flere ganger også fordi at han måtte kommentere alle som var gærne i trafikken (who\_name: 121, who\_line\_key: 66441)

Objektet *deg* i (23) refererer til ein persons handling, som her er å snakke. Det gjer at eg her kallar SD til (AV)BRYTE for ein «talestraum».

Tydinga er i desse to døma **hindre andre talarar i å snakke vidare**, *jeg* og *han* får andre til å slutte å snakke, her ved å snakke sjølv. Talestraumen, til ein talande person, blir stoppa.

Verbstamma -BRYTE har ein PD (*jeg*) som metaforisk deler ein SD (talestraum), eller skil SD frå ein relasjon. PD i AV (talestraum) blir skilt frå ein SD (den pågåande utstrekninga til talestraumen), og PD (talestraum) i AV er SD i BRYTE.

Talestraumen er ikkje eit fysisk objekt. Det refererer til ei handling, som riktig nok kan bli oppfatta med høyrsla, men har ikkje avgrensinga eller utstrekninga som gjer det høveleg å definere det som eit fysisk objekt her.

### 3.3.4 BRYTE AV vs. AVBRYTE

Frasen og den samansette forma er ikkje veldig frekvente i korpus, 4 døme av frase og 2 døme av samansett form. Desse døma viser ein liten skilnad i form og tyding.

Frasen kan eksplisitt uttrykkje kven som bryt, kva som blir brote av og kjelde for det som blir brote av. Den samansette forma har ikkje tre argument her, og treng heller ikkje å ha eit eksplisitt objekt uttrykt.

Tydinga er ikkje den same, men det er eit samband mellom frase og samansett form. Døma med frase uttrykkjer deling av eit konkret objekt, ein del av eit objekt (t.d. del av bein) blir skilt frå heilheita (resten av beinet). Tydinga til døma med samansett form er **få andre til å slutte å snakke, ved å snakke sjølv**. Lik ein del av beinet blir delt (skilt frå resten av beinet) i døma med frasen, kan ein seia at talestraumen blir delt og då stoppar. Talestraumen blir konseptualisert som eit fysisk objekt ein kan bryte av, som stoppar straumen. Det har skjedd ein metaforisk ekstensjon, eit uttrykk som uttrykkjer den fysiske handlinga å dele eit konkret objekt (skilje ein del av eit objekt frå heile objektet) uttrykkjer også det å få nokon til å slutte å snakke. Denne metaforiske ekstensjonen viser at det er eit samband mellom dei to tydingane i paret. Frasen uttrykkjer den fysiske tydinga å **dele** (skilje ein del frå heilheita), medan den samansette forma her har den spesifikke tydinga å **få nokon til å slutte å snakke**, som igjen kan bli knytt til den fysiske handlinga å dele noko.



### 3.3.5 Frasen GJØRE AV

Eg har 4 døme med frasen GJØRE AV i korpus.

- (25) «*hvor skal du gjøre av posene?*» (who\_name: 8, who\_line\_key: 5507)
- (26) «*hvor skal de gjøre av seg da*» (nissedal\_01um )
- (27) «*da vet jeg ikke helt hvor jeg skulle gjøre av meg*» (rena\_01um)
- (28) «*ja # var ingen steder å # gjøre av det da veit du*» (brandbu\_ma\_01)

Alle dei fire døma over uttrykkjer å plassere/flytte eit objekt. Det som blir plassert, eller flytt på, er *posene* i (25), *seg* som refererer til *de* som refererer til menneske i (26), *meg* i (27) og *det* som refererer til eit lik i (28). Desse objekta er PD til AV som blir skilt frå SDen dei har vore i kontakt med. SD til AV er ikkje eksplisitt uttrykt i nokre av desse døma, men det er å forstå som den noverande plassen til eller plasseringa av objekta.

Heile frasen uttrykkjer altså plassering, og preposisjonen fråskiljing, og tyder **setja/leggja frå seg**. Korleis fråskiljinga hender, er ikkje uttrykt, til skilnad frå BRYTE AV kor fråskiljinga finn stad fordi eit objekt som er fast og heilt blir delt/brekk. I døma med GJØRE AV er det eit objekt som blir skilt frå ein stad, altså ikkje eit heilt objekt som blir delt. Verbet GJØRE uttrykkjer kven som utfører plasseringa/fråskiljinga, og kven som er kjelde eller startpunkt for gjenstanden. I (25) og (27) er det dermed *du* og *jeg* som utfører plasseringa og då fråskiljinga (skil objektet frå ein stad). Merk (27) kor subjekt og objekt har same referent, denne personen kunne ikkje gå/flytte seg frå dåverande posisjon/plass.

PD til GJØRE har eit objekt fysisk eller metaforisk hos seg. Hos seg kan vera utvida sfære, altså ikkje nødvendigvis eit objekt på kroppen.

### 3.3.6 Samansett form AVGJØRE

Eg har fire døme med samansett form AVGJØRE i materialet. AVGJØRE var ei av samansetningane Næs (1972) reknar for å ha tysk utgangspunkt (jf. del 1.2.3). Falk og Torp (1900, s. 8) viser til norrøne *gera e-t af* med tydinga «beslutte, endelig bestemme», og viser til tyske *abmachen*, utan å seia meir om koplinga.

I (29) refererer objektet *det* til å konfirmere seg.

- (29) «*så sa jeg “men du bør ikke avgjøre det nå # du har tre år til å bestemme [...]»* (who\_name: 123, who\_line\_key: 68502)

I (30) og (31) er objektet ei leddsetning, *når du kunne buføre og at de får en annen dialekt*.

- (30) «*ja på egentlig det var da var jo for\_så\_vidt været som e som jo- avgjorde når du kunne buføre*» (aal\_03gm)

- (31) «som sikkert er med PC e # som # er med og **avgjør** ## at de får en annen # dialekt # eller et annet språk» (nes\_04gk)

I (32) er det ikkje noko objekt.

- (32) «[...] det må jo være utrolig må jo være arv og miljø som **avgjør** og da derfor [...]» (who\_name: 117, who\_line\_key: 64397)

Referenten til objektet er i alle døma det som blir avgjort, og det som blir avgjort blir uttrykt tidlegare i samtala i (32).

AVGJØRE tyder i (29) å **bestemme, ta ei avgjersle/beslutning**. I (29) refererer objektet *det* til å halde konfirmasjon, og *AVGJØRE det* uttrykkjer her å bestemme seg for om ein vil konfirmere seg. Avgjersla i (29) blir teke med (full) viten og vilje, det som blir bestemt er tilsikta.

Subjektet *været* i (30) bestemmer *når du kunne buføre*<sup>7</sup>, *vêret* bestemmer ikkje noko med viten og vilje, derimot påverkar det til dømes handlingar til menneske. Tydinga i (30), (31) og (32) er heller å **påverke** (eller **ha noko å seia for**), fordi *vêr*, *PC* og *arv og miljø*, ikkje er levande og tenkjande vesen som tek ei avgjersle på eit bestemt grunnlag. *Været* i (30) må vera passande for at ein skal kunne ta med seg buskapen til seters, *PC*-bruk påverkar språk/dialekt i (31) og *arv og miljø* påverkar personar i (32).

*Været*, *PC*-bruk og *arv og miljø* er i desse døma ei form for personifisering («personification» (Lakoff & Johnson, 2003, s. 33)). Det er ein ontologisk metafor som spesifiserer fysiske objekt som personar, Lakoff og Johnson skriv at: «this allows us to comprehend a wide variety of experiences with nonhuman entities in terms of human motivations, characteristics, and activities» (2003, s. 33).

Preposisjonen uttrykkjer ikkje fråskiljing (eller kjelde) i den samansette forma. Objekta i døma er ikkje fysiske objekt, men uttrykkjer handlingar og hendingar – konfirmere seg, endre dialekt – eller moglegheit – kunne buføre.

### 3.3.7 GJØRE AV vs. AVGJØRE

Både frasen GJØRE AV og den samansette forma AVGJØRE er transitive, og det er fire døme på begge to i korpus. Det er både semantiske og syntaktiske skilnader mellom dei.

Den syntaktiske skilnaden (eller skilnaden i form) er mellom anna at den samansette forma tek objekt som er leddsetningar, medan objekta til frasen er nomen. Desse substantiva refererer til fysiske objekt, medan objekta i døma med

---

<sup>7</sup>Dra til seters

samansett form refererer til handling, hending og moglegheit (for hending).

Det er også ein klar tydingsskilnad. Frasen tyder **plassere, setja/leggja frå seg** og den samansette forma tyder **bestemme/ta avgjersle og påverke**.

I frasen uttrykkjer preposisjonen AV fråskiljing, det er ikkje noko klare teikn på at AV- i den samansette forma uttrykkjer fråskiljing. GJØRE AV og AVGJØRE har ulik tyding, og den romlege relasjonen mellom to eller fleire deltakarar er berre uttrykt i frasen.

Det einaste sambandet som er her, er ved frasen uttrykkjer å plassere eit objekt og den samansette forma uttrykkjer å bestemme noko. Bestemme-tydinga kan konseptuelt bli sett på som å endeleg plassere eit objekt. Avgjersla om å halde konfirmasjon blir metaforisk plassert på ein plass, plassen er den endelege avgjersla. Metaforen er i denne analysen motivert av fråskiljingstydinga.

### 3.3.8 Frasen GÅ AV

Eg har 31 døme med frasen GÅ AV i materialet.

Frasen er transitiv, som (33) med objektet *kjerra* og (34) med *sykkel*.

(33) «så e behøvde han ikke å **gå av** kjerra eller sleden da» (hole\_ma\_01)

(34) «holdt på å svimme av veit du # når vi **gikk av** sykkel» (roemskog\_03gm)

Det er fem døme i korpus som er transitive. Dei to døma over har fysiske objekt som eit menneske er oppå og beveger seg ned frå. (35) er også transtiv:

(35) «der vi **går av** riksveien og så opp på setra» (rendal\_ma\_01)

(35) har også eit fysisk eller konkret objekt *riksveien*, men dette objektet har ikkje nødvendigvis vertikal utstrekning i rom, til skilnad frå *kjerra* og *sykkel*. Desse tre frasane uttrykkjer ein separasjon/fråskiljing mellom PD (*han, vi* og *vi*) og SD (*kjerra, sykkel* og *riksveien*). På grunn av forma til objekta beveger PD i (33) og (34) (*han* og *vi*) ned frå SD, medan (35) uttrykkjer bort frå *riksveien*. *Riksveien* og *sykkelen* er det som uttrykkjer kjelde eller startpunkt i biletskjemaet VEG. Vidare rørsle eller forflytting mot eit noko fjernare sluttunkt, er ikkje framståande i dette uttrykket. Tydinga er **skilje seg frå eit fysisk objekt (til fots)**.

I dei tre døma ovanfor refererer objektet til eit fysisk/konkret objekt, eg kallar desse «konkret transitiv». I døma under er ikkje objekta fysiske, desse kallar eg «abstrakt transitiv».

(36) «jo men de bør jo ikke **gå av** rutetida da» (who\_name: 5, who\_line\_key: 3637)

(37) «[...] da når vi skal e **gå av** vakt [...]» (who\_name: 98, who\_line\_key: 52676)

(36) refererer til at stoppestad eller kollektivline blir fjerna frå rutetida. Lik døma ovanfor uttrykkjer GÅ AV også her ein separasjon/fråskiljing mellom ein PD og ein SD (*rutetida* og *vakt*). Skilnaden er at det ikkje lenger er ein separasjon i det fysiske rommet. I (37) er tydinga å **slutte på arbeidet for dagen**. Metaforen ABS-TRAKTAR ER KONKRETAR kan motivere denne ekstensjonen, altså abstrakte objekt konseptualiserte som konkrete objekt som PD skil seg frå. Kjeldedomenet er det romlege domenet. Tydinga til (36) og (37) er å **bli fjerna frå** og å **slutte på**.

Dei 26 andre frasane tek ikkje eit objekt, men refererer framleis til ei handling kor ein PD skil seg frå (beveger seg bort frå) ein SD. Denne SD-en kan anten vera eit konkret objekt, lik dei transitive konkrete, eller eit ikkje-fysisk (abstrakt) objekt, lik dei transitive abstrakte. Eg kallar desse frasane «intransitive».

I 5 av døma utan uttrykt objekt uttrykkjer ein preposisjonsfrase stad. Både kor separasjonen finn stad og målet til PD, er eksplisitt uttrykt og spesifisert. *På Gloucester Road* og *på South Kensington* i (38) uttrykkjer denne staden.

(38) «men de **gikk av** på Gloucester Road # men vi **går av** på South Kensington» (who\_name: 64, who\_line\_key: 34104)

I desse fem er staden preposisjonsfrasen uttrykkjer, ein haldeplass. I (38) er den ikkje-uttrykte SD-en ei vogn (om det er haldeplassar langs undergrunnsbanen i London). Desse fem døma uttrykkjer det same som dei transitive konkrete – separasjon mellom to konkrete objekt (PD og SD). PD er her inne i SD, og beveger seg dermed ut frå(av) han, jamfør biletskjemaet BEHALDAR (som tillegg til VEG). Dette er for øvrig definisjonen Dirven (1993) og Radden (1985) gjev *out of* (jf. 3.3 og 3.1).

I tillegg til ein preposisjonsfrase kan også stadsadverb uttrykkje det same som preposisjonsfrasen. Til dømes *der* i (39):

(39) «men når du da **går av** der hvordan skal du komme deg videre [...]» (who\_name: 183, who\_line\_key: 94401)

(39) uttrykkjer det same som (38), nemleg å bevege/flytte seg frå eit framkome, som ein har vore inne i.

Lik dei transitive abstrakte døma treng ikkje dei intransitive referere til ei fysisk handling. Intransitive frasar av denne typen tyder å **slutte**, lik (37) *gå av vakt*. Meir spesifikt tyder desse døma **slutte i jobb/pensjonere seg**. Det ser ein tydeleg i døme (40) med preposisjonsfrasen *med pensjon*.

- (40) «Ja # han begynte jo ikke å trene før han **gikk av** med pensjon han vet du»  
(who\_name: 84, who\_line\_key: 47114)

I alt 8 dømme i korpus har denne konstruksjonen [GÅ av med pensjon]. (41) nedanfor tyder også **slutte i jobben, pensjonere seg**, men til skilnad frå (40) har ikkje dette dømet preposisjonsfrasen *med pensjon*.

- (41) «jeg hørte bror din og tenkte at han skulle **gå av** neste år når han blir sekstito» (drevsjoe\_03gm)

At det å GÅ AV refererer til å slutte i jobben og bli pensjonist, er implisitt i denne samanhengen. 8 dømme har tydinga **slutte i jobben, pensjonere seg** uttrykt ved frasen GÅ AV og eit uttrykk for tid, som til dømes tidsadverbial.

Den intransitive abstrakte (som då er [GÅ av med pensjon]/**slutte i jobben**) har samband til den transitive abstrakte ved at begge har tydinga å **slutte**. Det er ein semantisk likskap mellom dei, begge frå same metaforiske ekstensjon forankra i biletskjemaet VEG. Startpunktet i dei abstrakte intransitive er det å arbeide, og det er vegen bort frå eller fråskiljinga frå dette punktet som blir uttrykt.

Skilnaden mellom transitiv og intransitiv konkret er hovudsakleg (og tilstrekkeleg i denne samanhengen) kva deltakarar som er eksplisitt uttrykt. Dei abstrakte transitive liknar dei konkrete, men dei er ikkje lenger romlege, uttrykkjer berre å slutte. Slutte-tydinga finn ein også i dei intransitive abstrakte. I den siste gruppa er GÅ AV, etter [GÅ AV med pensjon], i tydinga **pensjonere seg**, såpass vanleg at eg reknar denne som ei eiga tyding. Dermed reknar eg med at GÅ AV i materialet har tre tydingar, og alle spring ut frå den som her er kalla transitiv konkret.

### 3.3.9 Samansett form AVGÅ

Den samansette forma AVGÅ er det berre eitt døme med i korpus.

- (42) «det er så varmt her så vi holder på å **avgå**» (who\_name: 60, who\_line\_key: 31816)

Tydinga til å *avgå* er her å **døy**. AVGÅ i (42) kan jamførast med uttrykket «**avgå ved døden**» (frå BM), og «avgang» og «bortgang»<sup>8</sup>.

Under analysen av frasen GÅ AV viste eg til korleis frasen ved ein metaforisk ekstensjon tyder å **slutte**. I 42 kan livet vera konseptualisert som eit fysisk objekt,

---

<sup>8</sup>I NDC-korpuset finst liknande konstruksjon uttalt av ein informant frå Oppdal i Trøndelag (hører ikkje til Austlandet). Informanten frå Oppdal seier: «så det var det var godt gjort og han M3 # han holdt jo på å **avgikk** vet du #» (oppdal\_03gm). Utifrå samanhengen er det tydeleg at den samansette forma her tyder å **døy**.

jf. metaforen ABSTRAKTAR ER KONKRETE OBJEKT og TID ER EIT FYSISK OBJEKT. Pronomenet *vi* uttrykkjer PD i verbet og forleddet, og denne PD beveger seg bort frå SD så det ikkje lenger er kontakt mellom dei. SD er ikkje eksplisitt uttrykt, livet er inneforstått denne SD etter ein slik analyse.

### 3.3.10 GÅ AV vs. AVGÅ

Frasen GÅ AV er mykje meir frekvent i korpus enn den samansette forma AVGÅ, 31 mot 1. Denne skilnaden gjer at det ikkje er like mykje å seia om den samansette forma, med unntak av at ho ikkje er like frekvent.

Døma med GÅ AV er både med og utan eit eksplisitt uttrykt objekt. Frasen har to tydingar, som eg har kalla konkret og abstrakt etter kva type PD og SD dei har. I den konkrete tydinga tyder frasen **fråskiljing/rørsle bort frå eit fysisk objekt**, og i den abstrakte tydinga tyder han **slutte (i arbeid, på vakt)**. Den konkrete er den grunnleggjande romlege tydinga, både GÅ og AV uttrykkjer rørsle og ein romleg relasjon. Tydinga å **slutte** ser ein i døme som refererer til å bli ferdig med eller slutte på vakt, slutte i jobb/pensjonere seg. Denne abstrakte tydinga er ein metaforisk ekstensjon av grunntydinga gjennom metaforen ABSTRAKTAR ER KONKRETE OBJEKT og TID ER EIT FYSISK OBJEKT.

Den samansette forma tyder her å **døy**. Som vist kan ein sjå AVGÅ i samband med slutte-tydinga til GÅ AV, og same metaforiske ekstensjon kan liggja til grunn eller motivere denne tydinga. Frasane tyder **slutte å jobbe**, medan den samansette forma tyder **slutte å leva**.

I dette paret er det med andre ord ein relasjon mellom to deltakarar som «opp-høyrrer», PD skil seg bort frå SD. I den grunnleggjande tydinga er det ein romleg relasjon, og deltakarane er fysiske objekt. I ekstensjonane frå denne er ikkje relasjonen lenger romleg, og SD er eit ikkje-fysisk objekt.

### 3.3.11 Oppsummering AV

AV uttrykkjer fråskiljing i alle desse para, anten fysisk eller metaforisk. Ein relasjon mellom to objekt opphøyrrer. I dei ikkje-romlege uttrykka har AV ei slutte-tyding, som eit resultat av fråskiljinga.

## 3.4 FRA

Førre del tok føre seg par med preposisjonen AV, som uttrykkjer fråskiljing, ein primærdeltakar beveger seg bort frå ein sekundærdeltakar. Lik AV uttrykkjer

også FRA ei form for fråskiljing. I 3.3 viste eg til Dirven(1993) sin karakteristikkk av engelske *from*, *off*, *out off* som fråskiljingspreposisjonar og kjeldepreposisjonar. Dirven skriv om engelske *from* «denotes separation from a point of orientation» (Dirven, 1993, s. 74). Preposisjonen FRA uttrykkjer ein PD si retning med SD som kjelde og referansepunkt, jf. VEG-skjemaet. I rørsle FRA noko beveger PD seg i ei retning som ikkje er mot SD. I materialet mitt har eg berre eitt FRA-par: TA FRA–FRATA.

FRA kan også vera del av den samansette preposisjonen IFRA. Skilnaden i tyding mellom desse er ikkje klar. NRG skriv at det er «en tendens til å bruke sammensetning med *i-* når preposisjonen står uten etterfølgende utfylling» (Faarlund et al., 1997, s. 415). I samansett form som forledd er ikkje den samansette preposisjonen nytta.

### 3.4.1 Frasen TA FRA

Eg har 3 døme med frasen TA (I)FRA i materialet mitt.

I TA FRA tek verbet tek eit direkte objekt og preposisjonen tek ei utfylling.

- (43) «[...] og så det at vi **tok fra** *n* brillene # så så *n* jo ikke noe» (who\_name: 176, who\_line\_key: 90090)
- (44) «[...] bare ikke **ta fra** *dem* alkoholen og jointen deres så er *dem* kjempefornøyde» (who\_name: 104, who\_line\_key: 57957)

Preposisjonen FRA har ein eksplisitt uttrykt SD (*n* og *dem*) som ikkje er den same som verbets SD. Utfyllinga til preposisjonen i (43) *n* er kjelde for *brillene*, lik *dem* er kjelde for *alkoholen* og *jointen* i (44). Eigaren av *brillene* er *n*, og *dem* står i eit slags eigeforhold til *alkoholen* og *jointen*, og difor er dei ei kjelde. Kjelda er SD til FRA. Objektet *brillene* og *alkoholen* og *jointen* uttrykkjer SD til TA.

Verbet TA er ikkje lett å definere, i samanhengen ovanfor uttrykkjer TA (FRA) **gripe/plukke (opp) eit objekt**. Kjelda eller opphavet til dette objektet er her uttrykt ved FRA sin SD. I begge døme ovanfor er det eit eigarskap som opphøyrer, eigeforholdet mellom *n* (han) og *brillene* i det eine dømet og *dem* og *alkoholen* og *jointen* i det andre.

Lik tydinga til dei ulike para med AV uttrykkjer TA FRA ein separasjon/fråskiljing i materialet mitt. I dei to døma ovanfor blir eit (eller fleire) objekt gjort utilgjengeleg for eigaren<sup>9</sup>.

Det tredje dømet skil seg frå dei andre to. Objektet til verbet er ikkje uttrykt.

---

<sup>9</sup>I (44) er det ikkje klart om objektet blir utilgjengeleg ved lov eller fysisk fjerning.

- (45) «det er grinder vi kaller # det du **tar ifra** der framme det er # kar ## kaller dem slåekar» (hjordal\_ma\_01)

PD til verbet er subjektet *du*. SD til IFRA (eigaren) er *kar*, som ein ser av: *det du tar ifra [...] det er # kar*. PD til IFRA og SD til TA er ikkje eksplisitt uttrykt, etter informasjonen som blir gjeve er det produkt frå landbruk.

I (45) er den samansette preposisjonen IFRA nytta, og det utan utfylling, som NRG skriv at er tendensen for dei samansette (jf. 3.4). Noko vidare generalisering over skilnaden mellom FRA og IFRA er ikkje mogeleg å gjera basert på desse tre døma. Men eg kan nemne at SD til IFRA (*kar*) er ein behaldar, noko SD til FRA (begge personar) ikkje er.

### 3.4.2 Samansett form FRATA

Det er berre eitt døme med samansett form FRATA i materialet. FRATA er også transitiv, og har ein argumentstruktur lik TA FRA ovanfor.

- (46) «så jeg jeg har ikke lyst å **frata** dem den gleden» (who\_name: 41, who\_line\_key: 21670)

Det direkte objektet *den gleden* uttrykkjer SD til -TA og PD til FRA-.

SD til -TA, *den gleden*, er ikkje eit fysisk objekt i (46). I dette dømet uttrykkjer FRATA å gjera eit abstrakt objekt, nærare bestemt ei kjensle, utilgjengeleg for ein mogeleg eigar eller mottakar. *Dem* i (46) kan ha kjensla *gleden*, og er difor kalla eigar.

I denne samanheng kan ein trekkje inn BEHALDAR-metaforen, det at fysiske og abstrakte fenomen/objekt kan bli konseptualiserte som behaldarar (Strzelecka (2003, s. 183ff) og Lakoff og Johnson (2003, s. 29-32)). Strzelecka (2003) viser til metaforen «MÄNNISKAN ÄR BEHÅLLARE FÖR TANKAR, KUNSKAPER OG KÄNSLOR» som ho skriv er ein av dei mest utbreidde metaforane, med ei sterk forankring i kroppslege funksjonar. Til grunn for denne metaforen ligg igjen metaforen «FÖRNIMMELSER, KÄNSLOR OCH KUNSKAPER ÄR FYSISKA OBJEKT» (Strzelecka, 2003, s. 183). Ovanfor kalla eg SD til -TA, *den gleden*, for ei kjensle. Denne kjensla er noko mennesket føler, her uttrykt som eit fysisk objekt inne i ein behaldar – mennesket som behaldar – og blir fjerna frå denne behaldaren.

### 3.4.3 TA (I)FRA vs. FRATA

Det er få døme med frasen TA (I)FRA og samansette FRATA i materialet, 3 og 1.

Både frasen og den samansette forma uttrykkjer at eit objekt blir fjerna frå eigaren, også forstått som opphav eller plass, og objektet blir gjort utilgjengeleg.



Det som skil den samansette forma frå frasen i desse døma, er at SD til verbet, *den gleden*, ikkje refererer til eit fysisk objekt, medan i frasen er det referert til fysiske objekt. Dømet med den samansette forma uttrykkjer ikkje rørsle eller ein romleg relasjon, til skilnad frå frasen. Både frase og samansett form tyder **fjerne** eller **flytte**, men berre frasen uttrykkjer fjerning eller flytting av eit fysisk objekt.

### 3.4.4 Oppsummering FRA

Det er berre eitt FRA-par i materialet. I dette paret er det ingen døme som tydeleg viser kva som skil FRA frå AV. FRA uttrykkjer PD si retning som er motsett av retninga mot SD, som er opphavet eller kjelda.

## 3.5 INN

I materialet har eg tre par med INN: FØRE INN-INNFØRE, GÅ INN-INNGÅ, SE INN-INNSE.

Preposisjonen INN uttrykkjer retning/veg ein primærdeltakar beveger seg langs, sekundærdeltakaren er målet for primærdeltakaren og er ein behaldar, vegen er meir framståande enn målet. Ein annan preposisjonsfrase kan uttrykkje SD til INN, altså målet for PD. Det ser ein i døme (47).

- (47) «det er stygg utapå men når du **går inn** i huset så er det jo fint» (who\_name: 35, who\_line\_key: 18548)

*Du* (PD til GÅ og INN) beveger seg i retning av *huset* og kryssar ei grense og ender opp på innsida av det. *Huset*, som er SD, er eit tredimensjonalt objekt og har eit indre. For å nå det indre av dette objektet må primærdeltakaren krysse ei grense. Dette objektet er ein behaldar og grensa er veggene som gjer det til ein behaldar. Strzelecka (2003, s. 70) reknar nettopp behaldar for å vera den prototypiske sekundærdeltakaren for partiklane *in* og *ut* i svensk, og denne SD-en er eit implisitt objekt, altså ikkje uttrykt. «Den prototypiska behållaren är ett statistiskt, tredimensionellt objekt som har mycket klara gränser mot omvärlden och det som finns inuti den är ofta osynligt och ouppnåeligt för den som finns utanför» (Strzelecka, 2003, s. 145). Eit hus passar denne prototypiske skildringa, med tre dimensjonar, statisk, vegger som er klare grenser og held det som finst inne inne og det som finst ute ute.

Strzelecka (2003) viser til ei rekkje BEHALDAR-metaforar som gjer seg gjeldande i denne framstillinga, og dei er forankra i BEHALDAR-skjemaet og VEG-skjemaet, som her har vekt på vegen mot målet.

### 3.5.1 Frasen FØRE INN

De er to døme med frasen FØRE INN i materialet. Frasen er intransitiv.

- (48) «du kan da s- i\_så\_fall bare skrive av på papiret og så bare # **føre inn** da sånn» (who\_name: 88, who\_line\_key: 49218)
- (49) «hvis du liksom har alt så går det greit å **føre inn**» (who\_name: 88, who\_line\_key: 49220)

Merk også at desse to døma er frå same informant ytra med kort mellomrom<sup>10</sup>, og dei refererer til same «skrive-situasjon». Subjektet pronomenet *du* har i begge døme same referent, som er PD til verbet i FØRE INN. Før eg seier meir om deltakarane i frasen, gjer eg greie for tydinga.

Informant 88 refererer til å skrive i desse døma, tydeleg uttrykt ved nettopp verbet (og frasen) *skrive (av)*. Tydinga til frasen FØRE INN er også å **skrive**, men ytterligare spesifisert. I døma blir det tydeleg uttrykt at å FØRE INN her tyder eller vil seia å **skrive ned førebudd tekst eller materiale**, teksten må naturlegvis bli skriven ned på papir eller ei form for flate. Ordboksdefinisjonen til verbet FØRE i NN er: «1 flytte, frakte, ha med (seg)». Hugs at teksten er førebudd, og kan seiast å bli metaforisk flytt eller frakta over til ei anna flate (som ferdigstilt tekst).

Verbet i frasen, FØRE, har ein PD (ein person) som bringar med seg eller flytter ein SD (tekst). Denne SD-en er PD til INN, og treng ikkje vera eit fysisk objekt. I dei to døma (48) og (49) blir tekst, i vid forstand, flytt over på eit anna objekt eller medium. SD til INN er i likskap med PD ikkje eksplisitt uttrykt i desse døma, men ved skriving med papir og blyant er SD ei flate.

Overføringa av tekst, og ekstensjonen av tydinga, kan bli gjort greie for ved ein BEHALDAR-metafor. SD til INN er ikkje ein prototypisk behaldar i FØRE INN – verken eit ark eller digitalt dokument med tekst, eller ark/dokument og tekst med innhald. At fysiske og abstrakte objekt kan bli konseptualiserte som ein behaldar, er som tidlegare vist ikkje uvanleg. Ark og/eller dokument (fysisk og digitalt) kan bli sett på som ein behaldar som rommar innhaldet, som er ein tekst.

Utifrå desse døma er deltakaren, verbet og preposisjonen deler, ein skriven tekst. Sjølve flyttinga er eit resultat av den skrivne teksten, og frasen uttrykkjer flytting (rettare sagt overføring) fordi eit innhald blir flytt (når det blir realisert).

FØRE INN refererer til ei fysisk handling som er å skrive, skrivaren skriv ein allereie førebudd tekst som blir ferdigstilt. Gjeve FØRE og INN sine grunnleggjande romlege tydingar uttrykkjer frasen ein BEHALDAR-metafor. Innhaldet –

<sup>10</sup>Den korte avstanden kan ein også sjå av nummera på who\_line\_key, 49218 og 49220.

det komande innhaldet som utgjer teksten – blir flytt inn i ark/dokument konseptualisert som ein behaldar. Sjølve overføringa er ikkje fysisk eller romleg.

### 3.5.2 Samansett form INNFØRE

I korpus er det fire døme med samansett form INNFØRE. Den samansette forma er transitiv.

- (50) «nei de hadde ikke det er det de skulle **innføre** nå at det ble helt riktig dose [...]» (who\_name: 118, who\_line\_key: 64615)
- (51) «for det # sa dem først at dem skulle **innføre** annet hvert [år]» (who\_name: 118, who\_line\_key: 64790)
- (52) «om man kunne sagt noe nå til e forrige generasjons politikere så måtte det være at e # å **innføre** noe med tvang det # er sjelden vellykket» (who\_name: 127, who\_line\_key: 70762)

I (50) refererer objektet *det* til ein regel/lov (reglement/vane for riktig dosering av medisinar). I (51) refererer *det* (*for det*) til ein tradisjon/vane (halde sankthansfeiring). I (52) refererer objektet *noe*, etter kva konteksten røper, til rettskrivingsreglar og språknormering.

Tydinga til den samansette forma er **ta i bruk, setja i gang**. I (50) og (52) er det bestemt at ein regel eller lov skal bli teke i bruk, og i (51) blir det bestemt at ein tradisjon eller vane skal bli teke i bruk, sett i gang. *Norsk ordbok* (NO) gjev FØRE INN mellom anna tydinga «4) ta i bruk (skikk, ord, språk[...])» (Hageberg et al., 1993, s. 1205) og «setja, føya inn (i) som del av (lov, føresegn [...])». Og det er den same tydinga den samansette forma INNFØRE har i mine døme. Det er ei klar lenkje mellom desse.

Lik frasen er PD til -FØRE i (50) og (51) eit menneske, som subjektet *de* og *dem* refererer til. I (52) har PD (t.d. politikarar) høve og makt til å bestemme at ein regel/lov skal bli teke i bruk. SD til verbet her referentane til *det* og *noe*, uttrykt ved det eksplisitte objektet. Preposisjonen og forleddet INN- kjenneteiknar også ein relasjon mellom to deltakarar. PD til INN- er SD til verbet, medan SD til INN- ikkje er eksplisitt uttrykt. Preposisjonen INN uttrykkjer ein PD i retning mot det indre av ein SD. SD til INN- vil vera det overordna regelsettet eller tradisjonane, PD blir sett inn i eit allereie eksisterande system som også kan bli konseptualisert som ein behaldar. Og desse reglane påverkar handlemåten til personar.

### 3.5.3 FØRE INN vs. INNFØRE

Det er to døme med frasen FØRE INN og fire med den samansette forma INN-FØRE. Dei er begge transitive, men dei har ikkje same tyding. Tydinga til frasen er **skrive ein førebudd tekst (ferdig)** og den samansette forma **ta i bruk regel/lov/skikk/tradisjon**. Så dei uttrykkjer ikkje romleg tyding eller rørsle i desse døma, men det utelukkar ikkje at dei kan uttrykkje romleg tyding i andre døme. Ulike metaforar viser korleis dei er motiverte av ei romleg grunntyding, og ekstensjonar av denne. Metaforen ABSTRAKTE OG FYSISKE OBJEKT ER BEHALDARAR gjer greie for denne ekstensjonen. Både frase og samansett form refererer til flytting av eit abstrakt objekt, men i frasen er dette abstrakte objektet ein førebudd tekst (innhaldet i ein førebudd tekst) og i den samansette forma er det reglar og skikkar som påverkar handling og hendingar.

### 3.5.4 Frasen GÅ INN

Frasen GÅ INN er veldig frekvent med i alt 106 døme. Frasen kan vera både transitiv og intransitiv, men det er berre 3 døme med transitiv frase, dei intransitive er i 48 tilfelle fylgt av ein preposisjonsfrase.

(53) og (54) er begge intransitive, fylgt av preposisjonsfrasane *i huset* og *til foreldrene mine*.

(53) «men når du **går inn** i huset så [...]» (who\_name: 35, who\_line\_key: 18548)

(54) «[...] at når jeg hadde mareritt og **gikk inn** til foreldrene mine om natten [...]» (who\_name: 4, who\_line\_key: 2765)

Desse døma har den romlege tydinga, og refererer til ei rørsle mot det indre av eit «beholdarobjekt». Subjekta *du* og *jeg* er PD til GÅ INN, både til verbet og preposisjonen. SD til preposisjonen er uttrykt i preposisjonsfrasen *i huset* (53). I (54) med *gikk inn til foreldrene* er SD til INN eitt rom, som foreldra er inne i. Både eit rom og eit hus er prototypiske behaldarar, dei er avgrensa, omsluttar det som er inni, har ei opning, osv..

Døme (55) er eitt av tre døme med transitive frasar. I dette dømet står subjektet, pronomenet *vi*, mellom verbet og preposisjonen (pga. V2).

(55) «da **gikk vi inn** døra og så inn der» (lommedalen\_ma\_02)

*Døra* og er SD til INN. I (55) er ikkje tydinga **mot det indre av døra**, men **inn gjennom døra**. *Døra* kan ikkje vera ein behaldar her, men er derimot opninga til ein behaldar. Mot det indre av ein behaldar er framleis målet, men det er her vekt på inngangen/overgangen til behaldaren.

Dei romlege tydingane til døma ovanfor refererer til ei rørsle mot det indre av ein behaldar. Frasen GÅ INN har ikkje berre denne romlege tydinga. Ta t.d. (56).

(56) «jeg forstår ikke at ikke det **går inn**» (who\_name: 58, who\_line\_key:30257)

GÅ INN i (56) tyder **registrere i hugsen/minnet eller bli oppfatta (få med seg noko og hugse det)**. Informant 58 kan ikkje forstå korleis unge ikkje kan ha fått med seg kven som var statsminister i 1905 når det har stått så mykje om det i avisa. Igjen kan me vise til BEHALDAR-metaforen. Minnet, som er SD i dette dømet, er behaldar for kunnskap, som kven som var statsminister i 1905. Strzelecka (2003) skriv om metaforen MINNET ER BEHALDAR: «[h]järnan tycks fungera på samma sätt som kassaapparater eller datamaskiner i vilka information bokstavligen matas in». Merk då også metonymiane HOVUDET FOR MINNET og HJERNEN FOR MINNET, og hovudet har karakteristikkar som kjenneteiknar ein prototypisk behaldar. Informasjonen, som er PD til INN, blir halde ute frå behaldaren minnet. Behaldaren er metaforisk lukka og PD kjem ikkje inn.

Andre døme som ikkje refererer til ei rørsle er (57).

(57) «det er bare ei lita sånn vik som **går inn** der» (fredrikstad\_01um)

Ei vik, som i (57), rører seg ikkje, men det er skildra som ei dynamisk handling eller eit rørleg objekt. Informanten skildrar ei vik, som er ein del av eit landskapsområde. Eit statisk landskap er her uttrykt som noko dynamisk, ved metaforen LANDSKAP ER RØRSLE. Det dynamiske uttrykket GÅ INN er nytta for å skildre eigenskapar til eit landskap eller objekt, utstrekninga til landskapet. Langacker kallar dette for «mental scanning» (1987, s. 251), en beveger seg langs ein mentalt konstruert veg, lik ein ville gått innover vika (sjå også (Lakoff, 1987, s. 442)). Ut-sjånad til landskap eller objekt er også skildra ved dynamisk rørsle i GÅ OVER 3.8.1.

Det er fleire døme som ikkje uttrykkjer rørsle og heller ikkje romleg tyding. Dei viktigaste i denne samanheng er dei som har likskap med den samansette forma. Difor går eg ikkje vidare inn på GÅ INN med tydinga **kjøpe opp**, som også finst i korpus. Bindeleddet til den samansette forma er den transitive frasen i (58).

(58) «så det endte opp med det at vi **gikk inn** en kontrakt og jeg begynte med høns» (nes\_03gm)

I dette dømet har frasen objektet *en kontrakt* og subjektet *vi*. Tydinga er å **bli samde om ei avtale**. PD *vi* består av to eller fleire personar/partar, medan SD *kontrakt* er eit abstrakt objekt, ved at det ikkje er fysisk. Den prototypiske sekundærdeltakaren for INN er som sagt ein behaldar. Ein *kontrakt* er ikkje ein prototypisk

beholdar, han har ikkje dei fysiske eigenskapane ein behaldar har. Men *kontrakt* er her forstått som ein slags behaldar. Ein kontrakt har eit innhald, lik ein behaldar har ei innside (og noko er inni og noko er utanfor). Partane i PD blir samde om innhaldet i kontrakten, og kva som skal stå i kontrakten. Målet for partane er det endelege innhaldet i kontrakten, som dei må nå saman. I ein kontrakt er to eller fleire partar bundne til innhaldet, kontrakten dannar eit metaforisk område/rom/beholdar som partane no har gått inn i, og dei er under dei reglane og innhaldet som står i kontrakten. På same vis som reglar som blir INNFØRT påverkar handlemåte (jf. 3.5.2), påverkar innhaldet i *kontrakten* dei som har vorte samde om ein kontrakt.

Merk også at ein kryssar ei metaforisk grense, frå å ikkje ha ein kontrakt, som ein er bundne til, til å ha det. Transitive GÅ INN er dermed resultativ eller telisk, som også er tilfelle med den romlege transitive *gå inn døra* kor det er kryssinga av grensa (gjennom opninga) mot det indre av behaldaren som blir vektlagt.

Frasen går frå å referere til ei rørsle i det romlege domenet **bevege seg mot det indre av ein behaldar, frå utside til innside**, til handlingar og abstrakte objekt konseptualisert som konkrete eller fysiske objekt. Eit romleg døme er *går inn i huset* som i (53), og ikkje-romleg når GÅ INN tyder å **registrere i hughsen**, som i (56). I dei romlege er SD ein fysisk behaldar som er målet for PD, medan SD til dømes i (58) er eit abstrakt objekt (*kontrakt*), forstått som ein behaldar, men er likefullt målet for PD (reglar og avtaler).

### 3.5.5 Samansett form INNGÅ

Det er berre 2 døme med samansett form INNGÅ i materialet. Begge er intransitive.

(59) «det som **inngår** i leien da altså i Mexico» (who\_name: 2, who\_line\_key: 853)

(60) «[...] så kan hende at det **inngår** lissom etter hvert» (nes\_03gm)

Tydinga til desse er **vera del av, høyre med i**. I (59) er det ulike produkt eller tenester som er del av/høyre med i husleia, som til dømes hushjelp, dette er ein del av innhaldet i leia. *Leien* har ein samanheng med *kontrakt* ved at to eller fleire partar må bli samde om innhaldet – *leie* er ikkje berre summen ein betaler. Lik *kontrakten* i (58) i 3.5.4 er *leia* forstått som ein behaldar med eit innhald, og er eit ikkje-fysisk objekt forstått som eit fysisk objekt (eller berre behaldar).

I (60) refererer *det* til eit mogeleg namn på ein stad, som kanskje kunne bli vanleg i talespråket, som her er den implisitte SD-en til INN-. Tale/-språk er forstått som ein behaldar, som namnet metaforisk beveger seg inn i. Dette er ikkje

ein uvanleg metafor. SPRÅK ER BEHALDAR er vist til i Strzelecka (2003), og Strzelecka grupperer denne metaforen igjen under metaforen «ABSTRAKT BEGREPP ÄR BEHÅLLARE». Språket er konseptualisert som ein behaldar, ord er objekt som beveger seg inn i denne behaldaren.

### 3.5.6 GÅ INN vs. INNGÅ

Ein tydeleg skilnad mellom frasen GÅ INN og den samansette forma INNGÅ er at frasen er veldig frekvent, 106 mot 2. Det er i tillegg ein skilnad i tyding, den samansette forma har ikkje romleg tyding. I 3.5.4 viste eg at frasen både refererer til fysiske handlingar som å bevege seg mot det indre av ein behaldar, og til handlingar som ikkje har den prototypiske tydinga eller dei prototypiske deltakarane til GÅ og INN.

SD-ane er konseptualiserte gjennom BEHALDAR-metaforen, dette gjeld dei to samansette formene og fleire av døma med frase. Abstrakte omgrep og konsept som minne, kontrakt, leie og språk blir forstått som behaldarar. Dette er likskapen mellom frasen og den samansette forma.

Frasen GÅ INN med tydinga **bli samde om ei avtale** uttrykkjer BEHALDAR-metaforen lik den samansette forma. Men frasen og den samansette forma refererer til to ulike forhold. Frasen uttrykkjer kven som metaforisk putt innhaldet inn i behaldaren, og den samansette forma uttrykkjer kva som er ein del av innhaldet. Tydinga til frasen er **bli samde om ei avtale** og refererer til ein prosess der to eller fleire partar blir samde om innhaldet i ei avtale, denne prosessen har eit mål, som er den endelege avtala. Den samansette forma uttrykkjer kva som er del i avtala (*leia*) eller talespråket, og sjølv kryssinga frå å ikkje vera inkludert til å bli inkludert, er ikkje vektlagt.

### 3.5.7 Frasen SE INN

Det er berre eitt døme med frasen SE INN i materialet. Frasen er i dette dømet fylgt av preposisjonsfrasen *i bygget*, og denne konstruksjonen [VERB INN I X] er vanleg for INN-para.

- (61) «du må **se inn** i bygget og se på de som # jobber der» (who\_name: 19, who\_line\_key: 8200)

Tydinga i dette dømet er **oppfatte innsida av ein behaldar med augo, (men vera utanfor behaldaren)**. Den mest høvelege grunnleggjande tydinga for verbet SE er **oppfatte med augo, sanse med synet**<sup>11</sup>, og nokon vidare diskusjon av denne

---

<sup>11</sup>jf. NO «oppfatta (lys, synsintrykk) med augo [...]; sansa med synet»

tydinga er ikkje nødvendig i denne framstillinga.

PD til SE i (61) er *du*, som også er PD til INN, noko forenkla. SD til INN er målet *bygget*. *Du*-personen rettar merksemda eller synet mot det indre av *bygget*. Som SD kjenneteiknar *bygget* ein prototypisk sekundærdeltakar for INN, som er ein behaldar (jf. 3.5).

Frasen uttrykkjer ein romleg relasjon mellom PD og SD. Det å sjå krev at eit objekt blir oppfatta og merksemda eller synet er retta mot objektet – her innsida av ein behaldar.

### 3.5.8 Samansett form INNSE

Det er 3 døme med samansett form INNSE i materialet. INNSE tek eitt objekt, anten i form av ei leddsetning eller *det* som her refererer til ei leddsetning.

- (62) «jeg har jo prøvd å (uforståelig) å få guttene til å **innse** at vi må jo spille bowling» (who\_name: 97, who\_line\_key: 52732)
- (63) «men jeg **innså** det at det var kanskje litt for mye fotball i mitt liv» (who\_name: 75, who\_line\_key: 42350)
- (64) «nei altså jeg var jo mer engasjert før men så **innså** jeg det at jeg aldri fikk vilja mi så da» (who\_name: 75, who\_line\_key: 92965)

I (63) og (64) refererer objektet *det*<sup>12</sup> til neste leddsetning *at [...]*. I (62) fungerer *at*-setninga som objekt åleine. Merk at det syntaktiske objektet ikkje har eit fysisk objekt som referent.

Tydinga til den samansette forma er i alle dei tre døma **forstå, skjøne, bli klar over, koma til å vita**. At SE får denne tydinga, er ikkje eit ukjent fenomen, ta t.d. metaforen Å SJÅ ER Å VITA (KNOWING IS SEEING). Lakoff skriv om denne metaforen: «the experiential basis, in this case, is the fact that most of what we know comes through vision, and that in the overwhelming majority of cases, if we see something, then we know its true» (1993, s. 37). INNSE tyder riktig nok ikkje å **vita**, men å **forstå**, jf. metaforen Å FORSTÅ ER Å SJÅ<sup>13</sup>. I (63) skjønner *jeg*-personen at *det var kanskje litt for mye fotball i mitt liv*, som er konseptualisert som om den nye kunnskapen er eit objekt ein kan sanse med synet.

INNSE er resultativ, refererer til å krysse ei grense mellom å forstå og ikkje forstå, og det som blir sansa blir tilgjengeleg. INN uttrykkjer kryssing av ei grense ved tydinga si **retning mot det indre av ein behaldar**. Den nye forståing eller

<sup>12</sup>Det er fleire moglege analysar, men det viktige her at objektet ikkje er eit fysisk objekt.

<sup>13</sup>UNDERSTANDING IS SEEING er også nemnt i Lakoff og Johnson (2003, s. 48, 103ff)



innsikta er inne i behaldaren, og dette innhaldet eller innsida av behaldaren blir tilgjengeleg. Ved å INNSE har ein oppfatta innhaldet, og då naturlegvis sett inn i behaldaren metaforisk. Innhaldet i behaldaren er vorte tilgjengeleg. Det er altså mogeleg å knyte INNSE til BEHALDAR-metaforen, ei grense blir kryssa og eit innhald blir tilgjengeleg.

### 3.5.9 SE INN vs. INNSE

Analysen av dette paret er berre basert på 4 døme, eitt døme med frasen og 3 med samansett form. Dømet med frasen har romleg tyding, og uttrykkjer ein romleg relasjon og SE har også si grunnleggjande tyding **oppfatte/sanse med augo**. Døma med samansett form har ikkje romleg tyding, uttrykkjer ikkje ein romleg relasjon og verken INN- eller -SE har si grunnleggjande tyding.

Dei ulike SD-ane er også ein viktig skilnad i denne samanhengen. For SE INN er SD i mitt døme eit bygg, og målet er det indre av bygget. I døma med INN-SE er ikkje SD-ane fysiske objekt, men ei form for kunnskap/innsikt. Gjennom BEHALDAR-metaforen er kunnskapen konseptualisert som eit konkret objekt, han er innhaldet i ein behaldar og utilgjengeleg for utsida.

### 3.5.10 Oppsummering INN

INN med ein prototypisk behaldar som SD (nemnt i Strzelecka (2003)) gjer seg gjeldande for alle desse para. Døme med SD som ikkje er ein prototypisk behaldar, kan bli gjort greie for ved BEHALDAR-metaforen. Tydinga **mot det indre av ein behaldar** føreset kryssing av ei grense, som er ein viktig del i dei døma med resultative uttrykk. Det at SD til INN kan bli forstått om ein behaldar, gjer at desse uttrykka også kan uttrykkje at noko blir tilgjengeleg eller utilgjengeleg, når grensa til behaldaren er kryssa.

## 3.6 NED

NED uttrykkjer eit objekt si retning frå ein stad til ein lågare stad. Det er interessant å merke seg at eg berre har eitt NED-par mot 6 par av antonymet OPP. NED-paret her er med verbet LEGGE, som ein ikkje finn i samansett form med OPP i korpus eller normert skriftspråk<sup>14</sup>.

Strzelecka (2003, s. 71ff,og 210) reknar den prototypiske sekundærdeltakaren til *upp* og *ner* å vera den positive og den negative polen på ein vertikal akse. Den

---

<sup>14</sup>Næraste er adjektivet *opplagt*.

positive er frå jordas sentrum, motsett av tyngdekrafta, og den negative er mot jordas sentrum. Det svarar til mennesket si oppleving av røynda og eigen kropp. Norske OPP og NED vil ikkje skilje seg nemneverdig frå svenske *upp* og *ned*.

Det finst ei rekkje OPP/NED-metaforar (MER ER OPP, MINDRE ER NED osv. sjå Lakoff og Johnson (2003, s. 22ff t.d.)). I tillegg kan ein, som Strzelecka skriv: «säga att UPP förknippas med egenskaper eller fenomen som brukar oppfattas som positiva, och NED följaktligen med negative sådana» (2003, s. 251). OPP kan også uttrykkje tilgjengelegheit (Zivanovic (2016) viser også til dette) og NED utilgjengelegheit. Ved at objekt eller stad er over eller under (høgare eller lågare) enn eit referansepunkt hendinga er vinkla frå, er dei utilgjengelege. Det er då både kontekst og korleis ei hending er vinkla som avgjer om OPP og NED uttrykkjer at noko er/blir tilgjengeleg eller utilgjengeleg.

### 3.6.1 Frasen LEGGE NED

Eg har 15 døme med frasen LEGGE NED i materialet mitt. PD til verbet er ikkje den same som PD til preposisjonen. NED sin PD er SD til verbet, medan SD til NED ikkje er eksplisitt uttrykt som utfylling til NED. Sjå (65) med *jeg* som PD til LEGGE og determinativen *noe*, som her refererer til NED sin PD som er rakfisk.

(65) «jeg pleier nok **legge ned** noe» (nordreland\_ma\_02)

(66) «[...] nå har det jo kommet inn forhøster nå # e så de **legger ned** i silo»  
(aasnes\_ma\_02)

I (66) er ikkje PD til NED uttrykt, men SD er uttrykt i preposisjonsfrasen *i silo*. Desse to har ei tyding som er åtskilt frå dei andre døma. Dei uttrykkjer at eit fysisk objekt, fisk i eine dømet og dyrefôr i det andre, blir plassert ned i ein behaldar, med den bestemte hensikten å lagre det. Fisk og fôr blir konservert. Sjølv om lagring er ein viktig del, uttrykkjer frasen ein romleg relasjon. Ved lagring blir det som blir lagra utilgjengeleg for omverda eller for bruk. Det at SD til NED her er det indre av ein behaldar, er nok heller på grunn av konteksten i denne samanhengen. NED (og OPP) kan uttrykkje at noko er tilgjengeleg eller utilgjengeleg alt ettersom korleis ein vinklar ytringa utifrå konteksten. Vinkla frå eit objekt si plassering, er NED utilgjengeleg. Er situasjonen vinkla lågare enn eit objekt, vil NED vera tilgjengeleg. Merk også at LEGGE i tyding **plassere** vil uttrykkje lagring eller forvaring, ved at noko blir plassert «i ro» (jf. GJØRE AV 3.3.5).

11 av døma har tydinga **stenge, avslutte**. Lik (65) og (66) er desse transitive, men objektet er ikkje alltid uttrykt.

- (67) «ja det er ikke vår feil at kommunen **legger ned** fritidsklubben vår da» (who\_name: 164, who\_line\_key: 85182)
- (68) «[...] engelskmenene **la ned** alle ysteriene sine» (who\_name: 111, who\_line\_key: 61180)
- (69) «jeg ser sånn som Sanitetsforeningen de måtte jo **legge ned** for det var ikke noen unge som [...]» (aremark\_04gk)

I (67) er objektet *fritidsklubben* SD til LEGGE og PD til NED. Det same er *alle ysteriene sine* i (68). I (69) er det ikkje uttrykt objekt. Det er verksemda til *Sanitetsforeningen* som blir avslutta, og det av medlemmane i *Sanitetsforeningen*, som pronomenet *de* refererer til. Desse tre har alle tydinga **stenge, avslutte**. I (67) er det drifta av *fritidsklubben* som blir avslutta og stenger, i (68) er det *ysteriene* og i (69) er det som nemnt verksemda til *Sanitetsforeningen*.

Desse døma uttrykkjer ikkje ein romleg relasjon mellom to eller fleire deltakarar, og det er abstrakte objekt som klubbar, industriar og foreiningar som blir avslutta. Klubbane, industriane og foreiningane har vore aktive, men blir så gjort inaktive, uttrykt gjennom at dei blir lagt ned, altså plassert i liggjande posisjon. NED uttrykkjer her retning, og LEGGE uttrykkjer til dels resultatet, som her er inaktivitet. Her kan ein jamføre STÅ OPP som uttrykkjer at noko blir aktivt og tilgjengeleg, då ved å vera oppreist uttrykkjer aktivitet og tilgjengelegheit (jf. 3.7.13).

Både verbet LEGGE og preposisjonen NED er her med på å uttrykkje inaktivitet og at noko er utilgjengeleg. Det er eit viktig poeng at desse uttrykka uttrykkjer avslutning, aktivitet blir avslutta og endrar tilstand, som gjev uttrykket ein resultativ funksjon.

Eitt døme skil seg frå dei to som uttrykkjer ein romleg relasjon og dei med tyding **stenge**. Dette dømet har tyding **kalve**.

- (70) «det var høstbare kuer som skulle **legge ned** da de kom att ur seteren om høsten»

Eg vel å ikkje gå noko vidare inn på denne.

### 3.6.2 Samansett form NEDLEGGE

Det er berre eitt døme med samansett form NEDLEGGE. Lik frasen LEGGE NED er den samansette forma transitiv.

- (71) «de **nedlegger** tieren og så # (fremre\_klikkelyd) # skal alle de andre linjene gå e ti minutters rute» (who\_name: 127, who\_line\_key: 70303)

Subjektet *de* uttrykkjer PD til verbstamma -LEGGE og objektet *tieren* uttrykkjer SD til verbstamma og PD til forleddet NED-. Dette er heilt likt med frasen. Informanten fortel at at line 10 blir stengt, eller det blir slutt på drifta av line 10. Denne tydinga er også den same dei fleste døma av frasen.

### 3.6.3 LEGGE NED vs. NEDLEGGE

Frasen er mest frekvent i dette paret, 15 døme med LEGGE NED og 1 med NEDLEGGE. Både frasen og den samansette forma er transitive. Frasen har tre ulike tydingar, ei som uttrykkjer ein romleg relasjon, ei som uttrykkjer at ein aktivitet/verksemd har vorte stengt, og dermed inaktiv, og til slutt ei tyding som er å **kalve**. Det eine dømet med samansett form uttrykkjer også stenging/avslutting av drift eller verksemd. Det er ingen umiddelbar skilnad på denne og døma på frase med same tyding. Akkurat i dette dømet kan den stilistiske skilnaden mellom frase og samansett form koma til syne.

Som nemnt i kapittel 1 ser samansett form ut til å vera nytta oftare i høgtidelege og formelle samanhengar, og det er vanlegare med samansett form i bokmål. Då er det to faktorar som kan liggja til grunn for informant 127 sin bruk av samansett form i dette dømet. Språket og temaet er i denne samanhengen temmeleg teknisk. Informanten arbeider innanfor kollektivbanar og ei samtale/utlegging om hendingar i og om arbeidet vil fort bera preg av å bli litt teknisk. Reknar ein så at teknisk språk har mange av dei same trekkja som høgtidleg og formelt språk, er det ikkje overraskande at det er nytta samansett form. Dette er det eine som kan forklare og tale for bruken av samansett form i dette dømet. I tillegg har informanten ein bokmålsnær dialekt, og har uttale som ligg nærare bokmålsnære dialektar/talemål, som Oslo vest. Informant 127 – frå døme (71) – er fødd på Frogner, men budd lengst på Sagene, han er mann på 56 år, har yrke kontor og låg utdanning. Dette skulle i utgangspunktet ikkje tale for at han skulle hatt eit slikt talemål. Men informanten seier sjølv at han har «en tilbøyelighet mot det konservative», som han ser på som sitt opphavlege talemål. Dette kan ein sjå av at han nyttar preteritumsforma /-et/, i til dømes «snakket» i staden for «snakka»; mykje bruk av fleirtalsform /-ene/ i hankjønn, som «tingene» i staden for «tinga»; få diftongar som /æi/ og /øy/, og ord som «slik» uttaler han med ein alveolar frikativ /slik/ og ikkje retrofleks /ʂlik/<sup>15</sup>. Dette er teikn på eit talemål som er meir bokmål/riksmålsnært, som må vera det informanten legg i «det konservative». Det er med andre ord heller ikkje overraskande at akkurat denne informanten, på bakgrunn av talemålet, nyttar den samansette forma som er meir formell og

<sup>15</sup>Dette er autentiske døme på ord frå korpus som informant 127 nyttar.

nærare bokmål.

Både frasen og den samansette forma uttrykkjer ei resultativ hending, då i tydinga **stenge, avslutte**. Denne resultative funksjonen til NED er nemnt i Strzelecka (2003)(om svenske *ner* og *upp*). Det er heller ikkje uforventa at LEGGE også uttrykkjer inaktivitet og fullføring/avslutning, ettersom det å liggja er ei statisk handling.

### 3.7 OPP-par

OPP uttrykkjer eit objekt si retning frå ein stad til ein høgare stad. I 3.6 skreiv eg, etter Strzelecka (2003), at NED sin prototypiske SD er den negative polen på ein vertikal akse, OPP sin prototypiske SD er då den positive polen. OPP uttrykkjer retning mot den positive polen, altså frå jordas sentrum. Det relevante skjemaet for OPP er det Strzelecka (2003) kallar skjema for «DEN VERTIKALA AXELN», som på visse måtar fell saman med VEG og SKALA. VEG kan både vera horisontal og vertikal, og SKALA kan også vera forstått som høgare på ein vertikal akse.

Eg har 6 ulike OPP-par i materialet mitt: DRA OPP-OPPDRA, FYLLE OPP-OPPFYLLE, LEVE OPP-OPPLEVE, LYSE OPP-OPPLYSE, STÅ OPP-OPPSTÅ, TA OPP-OPPTA. Det er berre eitt par med antonymet NED i materialet. OPP er generelt meir frekvent enn NED. I NDC er det 1278 døme på OPP, 660 av desse står etter verb<sup>16</sup>, i NoTa-korpuset er det 1802 døme på OPP, og 1007 av desse står etter verb. Til samanlikning er det 545 døme på NED i NDC-korpuset, 108 etter verb, og 643 i NoTa, 209 etter verb. OPP, som er den mest frekvente, finst også i flest par, medan mindre frekvente NED finst berre i eitt par i materialet mitt. Då kan eg samstundes leggja til at frasane og dei samansette formene i OPP-para jamt over har tydeleg åtskilt tyding, medan LEGGE NED-NEDLEGGE har begge lik tyding i materialet mitt.

Zivanovic (2016) er ei leksikalsk-semantisk skildring av partikkelen OPP. Dei ulike tydingane av OPP er framstilt «som en radialkategori bestående av et sentralt skjema og dets semantiske utvidelser, og forbindelsene mellom dem som familielighet» (Zivanovic, 2016, s. 84). Ulike tydingar av OPP spring ut frå, og er motiverte av den grunnleggjande romlege tydinga. Både Strzelecka (2003) og Zivanovic (2016) er tydeleg inspirert av Lindner (1983). Eg vil stø meg til fleire av Zivanovics definisjonar og analysar i denne framstillinga.

---

<sup>16</sup>Dette er utelukkande kollokasjonar direkte frå NDC-korpus, ikkje alle vil vera ein frase.

Falk og Torp (1991, 570) skriv om etymologien til OPP: «sv. *upp*, oldn. *upp* [...] Ordet er i tysk og holl. ogsaa præp. [...] I sammensætninger betegner op- dels «opad» («opgang»), dels «frem, for lyset» («opsøge», figurligt i «opfinde») [...]». Denne siste «frem, for lyset» ser ein i til dømes LYSE OPP–OPPLYSE, jf. del 3.7.12.

### 3.7.1 Frasen DRA OPP

DRA har to tydingar som begge dannar frase med OPP. I den eine tydinga er DRA OPP intransitiv og tyder **reise** (13 døme), i den andre er DRA OPP transitiv og tyder **trekkje**. Det er berre den andre tydinga eg tek med i dette paret, fordi det er den som liknar frasen.

Eg har 9 frasar med DRA OPP med trekkje-tyding i materialet. (72) viser eit transitivt døme med uttrykt objekt *tømmerstokkene*, og i (73) er ikkje objektet eksplisitt uttrykt.

(72) «enkelte ganger skulle hoggeren **dra opp** tømmerstokkene [...]» (aasnes\_ma\_02)

(73) «for lenge sia så # ble det liksom ikke godtatt anna enn å **dra opp** på staur» (brandbu\_ma\_01)

Subjektet *hoggeren*, som refererer til eit menneske, er PD til DRA. *Tømmerstokkene* er SD til DRA og PD til OPP. SD til OPP er her ein ikkje-uttrykt plass høgare enn *tømmerstokkene* sin opphavlege plassering. DRA uttrykkjer rørsle og (for)flytting, og OPP uttrykkjer retninga til objektet som blir flytt. Tydinga er **trekkje/flytte eit fysisk objekt mot ein høgare stad, mot den positive polen på den vertikale aksen**. Det er den same tydinga i (73), men her er ingen deltakarar uttrykt, det er underforstått at informanten refererer til hesjing og/eller korn som blir sett på kornstaur.

Det er ikkje berre fysiske objekt som er SD til DRA, men også ikkje-fysiske objekt som diskusjonar, sjå (74).

(74) «vi klarer ikke å **dra opp** de helt store tunge diskusjonene trur jeg» (who\_name: 82, who\_line\_key: 45466)

DRA OPP tyder her **få i gang, ta til med**. *Dra opp de helt tunge diskusjonene* er ein metafor for å setja i gang med diskusjonar. Diskusjonane, eller tema for diskusjonane, blir aktive, tilgjengelege og oppnåelege når dei er dregne opp. OPP, eller oppe, uttrykkjer då aktiv og tilgjengeleg, PD er i regionen for interaktivt fokus (jf. Strzelecka (2003, s. 89) og Lindner (1983, s. 132) og 3.11.1). Ein trekkjer diskusjonane frå ein lågare stad kor dei er inaktive, utilgjengelege og usynlege.

Diskusjonar er her konseptualisert som fysiske objekt, diskusjonane blir ført opp, og OPP tyder då

Med unntak av (74) uttrykkjer alle dei 9 frasane ein romleg relasjon.

### 3.7.2 Samansett form OPPDRA

Eg har 3 døme med samansett form OPPDRA i korpus. Desse er alle transitive.

- (75) «du **oppdrar** de jo ikke fordi du tenker sånn “nå skal jeg få intelligente barn”» (who\_name: 157, who\_line\_key: 82660)
- (76) «og det er jo et ordtak nå som sier at det å # å **oppdra** en unge # det krever et # et et nærmiljø» (kirkenaer\_08gk)
- (77) «jeg kan virkelig tenke å **oppdra** min familie der» (nisseda\_02uk)

Dei samansette formene tyder å **lære (opp), påverke oppførsel og åtferd, vise veg**. SD til -DRA er born som lærer av vaksne.

Den romlege tydinga som finst i frasen, er ikkje til stade her. Det er ikkje eit objekt som blir flytt eller trekt. Dei som blir oppdregne har livet framfor seg, PD til -DRA (ein forelder t.d.) fører SD metaforisk til eit høgare nivå, og lærer og påfører SD ulike normer, reglar og eigenskapar. Tid og livet er her konseptualisert som ein vertikal akse eller skala som PD til OPP- (det som blir drege opp) blir ført på mot den positive polen, altså høgare på aksen. Målet er det ein reknar for god og ynskjeleg åtferd og oppførsel.

### 3.7.3 DRA OPP vs. OPPDRA

Frasen DRA OPP er mest frekvent i dette OPP-paret, 9 mot 3. Både frasen og den samansette forma er transitive.

Frasen uttrykkjer ein romleg relasjon mellom to deltakarar, men det gjer ikkje den samansette forma. I den transitive frasen og samansette forma blir SD til DRA påverka av PD til DRA, i det eine dømet ved å bli flytt på eller trekt til eit høgare nivå, og i det andre ved at PD metaforisk fører SD fram i livet mot eit «nivå» eller punkt.

Frasen og den samansette forma står tydeleg frå kvarandre i tyding. I 3.7.2 viser eg korleis metafor kan motivere OPPDRA si tyding og sambandet mellom den romlege tydinga til frasen og den samansette forma.

### 3.7.4 Frasen FYLLE OPP

Eg har 9 døme med frasen FYLLE OPP i materialet. Denne frasen er transitiv.

(78) «og vi **fylte opp** bæreposer» (sylling\_03gm)

(79) «de handla i butikken og **fylte opp** e kasser og esker» (fredrikstad\_03gm)

Subjektet *vi* er PD til FYLLE i (78), og *de* er PD til FYLLE i (79). SD til FYLLE er *bæreposer* i (78) og *kasser og esker* i (79). PD til OPP er ikkje uttrykt, OPP tyder **meir** i desse døma – meir av ulike typar varer.

Tydinga til frasen er **ha/putte fysiske objekt i ein behaldar til det blir fullt**. *Bæreposer, kasser og esker* kjenneteiknar behaldarar ved at dei har innside og utside, er tredimensjonale, har avgrensa rom og opning lik ein prototypisk behaldar. Ved at det blir meir innhald i behaldaren, stig innhaldet vertikalt i behaldaren, jf. OPP ER MEIR. Objekta fyller alle tre dimensjonar av behaldaren, og det endeleg målet er når innhaldet i behaldaren har nådd toppen. Toppen av behaldaren er høgare opp på den vertikale aksa. Metaforen OPP ER MEIR motiverer akkurat denne tydinga, merk også då at OPP har ei resultativ tyding her. Behaldaren har ei grense som kan bli nådd, og er det endelege målet for PD til OPP (innhaldet).

Tydinga i dømet over er den romlege tydinga til FYLLE OPP. Frasen har også ikkje-romleg tyding, med ein SD til FYLLE som ikkje er fysisk. Sjå likskapen mellom dels romlege (80) og (81) som ikkje uttrykkjer ein romleg relasjon.

(80) «millioner mennesker til å **fylle opp** alle de nye hotellene» (who\_name: 49, who\_line\_key: 25369)

(81) «de regner bare # vi klarer å **fylle opp** de vaktene ganske fort» (who\_name: 132, who\_line\_key: 71916)

(80) tyder at romma i hotella har så mange personar som maksimalt kan overnatte i dei. Om det tyder at det er fullt på romma eller at lista over talet på moglege personar er nådd, er ein annan ting. Det er uansett rom i eit hotell som hypotetisk kan bli fulle, og eit hotell er ein bygning som kjenneteiknar ein behaldar. I (81) er det ikkje ein fysisk behaldar som blir full. Vakt er her konseptualisert som ein behaldar. Ei vakt er allereie ein avgrensa tidsperiode kor ein person utfører ei bestemt handling/oppgåve, og det denne personen gjer er innhaldet i perioden. Å *fylle opp de vaktene* tyder **finna personar som kan utføre dei bestemte oppgåvene i tidsperioden**. Målet er å ha plassert folk i alle tidsperiodane, vaktene.

Frasen tyder **ha innhald i ein behaldar**, til det blir fullt og behaldaren har så mykje innhald han kan og bør ha. Verken innhaldet eller behaldaren treng vera fysiske, og FYLLE OPP uttrykkjer ikkje berre romleg tyding, jf. døme (81).



### 3.7.5 Samansett form OPPFYLLE

Det er berre eitt døme med samansette OPPFYLLE. Lik frasen er den samansette forma transitiv.

- (82) «han stilte større krav enn det m de greide å **oppfylle** [...]» (who\_name: 68, who\_line\_key: 37324)

Tydinga til OPPFYLLE er her **innfri, tilfredsstill**.

Lik frasen FYLLE OPP uttrykkjer OPPFYLLE ein BEHALDAR-metafor. [K]rav blir konseptualisert som ein behaldar, og det som blir kravd, og vidare innfridd/-tilfredsstilt, er innhaldet i behaldaren. Krava er ulike punkt PD må utøve eller ha, i dette dømet er det ulike ferdigheiter innan tresløyd. Ein tilfredsstill krava ved å ha eller kunne vise dei ynskjelege ferdigheitene. Merk også den resultatative tydinga her. Behaldaren blir «full», ved å nå eit mål. Det ynskjelege og mogelege innhaldet blir fullstendig.

### 3.7.6 FYLLE OPP vs. OPPFYLLE

Frasen FYLLE OPP er meir frekvent enn den samansette forma OPPFYLLE, men dei er ikkje spesielt frekvente i korpus, 9 mot 1. Både frasen og den samansette forma er transitive. OPP uttrykkjer her retning til det aukande innhaldet i ein behaldar. Ta til dømes (78) med *FYLLE OPP bæreposer*. Innhaldet i posane aukar, i retning mot den positive polen av ein vertikal akse.

Det er fleire metaforar inne i biletet her. For det fyrste MEIR ER OPP, i dømet med bæreposane fylgjer det av at volumet til innhaldet aukar i retning av opninga – botn i posen er mot den negative polen og jordas sentrum – etter som meir blir lagt i dei. Dette er eit tydeleg døme på korleis me opplever meir som opp.

Den andre metaforen er BEHALDAR-metaforen. I den bokstavelege tydinga av FYLLE OPP er SD til FYLLE ein behaldar, som i dømet med posane, som har romleg tyding. Objekt, fysiske og ikkje, som ikkje er prototypiske behaldarar eller prototypisk fysisk innhald i ein behaldar, kan likevel bli konseptualiserte som behaldarar og innhaldet i behaldarar. FYLLE OPP *vaktene* i (81) og OPPFYLLE KRAV i (82) illustrerer dette siste punktet.

I tillegg har OPP ei resultativ tyding i desse døma. OPP er målretta i dette paret, og målet er i dette paret ein full behaldar.

Det er for få døme til å kunne seia noko bestemt om den samansette forma. Fleire døme kan gje andre analysar.

### 3.7.7 Frasen LEVE OPP

Eg har 4 døme med frasen LEVE OPP i materialet. Denne frasen er intransitiv.

- (83) «alle de andre **levde opp** og har veldig mange barn også [...]» (who\_name: 79, who\_line\_key: 45013)
- (84) «så det var altså bakgrunnen for de som # **levde opp** på Ma- Ma- Majorstuen» (who\_name: 61, who\_line\_key: 33669)

(83) tyder **vera i live fram til ein bestemt alder**, altså å overleve, ikkje døy som barn. I (84) tyder ikkje LEVE OPP det å ikkje døy, men dømet tyder å bu sine fyrste år på Majorstua, altså ha oppveksten sin på Majorstua. Begge døme uttrykkjer å leva fram til eit visst punkt, og det er frå fødselen av og etter ein kritisk alder eller til ein ikkje lenger er eit barn.

Dei to siste inngår i konstruksjonen LEVE OPP TIL, og til-frasen uttrykkjer her målet for «handlinga». I (85) er det stadig oppveksten og livet etter oppveksten det blir referert til, medan det ikkje lenger er eit menneske som lever i (86)

- (85) «[...] en skulle gjerne **leve opp** til en skulle ligne de som en het etter» (flaa\_ma\_01)
- (86) «da b- # blir jeg ikke så skuffet hvis det [russetida] ikke **lever opp** til forventningene» (who\_name: 16, who\_line\_key: 7443)

I (83) og (84) tyder ikkje LEVE anna enn å vera (i live), medan i (85) og (86) tyder LEVE å vera eller te seg på eit bestemt vis. I (86) kjem dette tydeleg fram ettersom informanten «ombestemmer» seg undervegs, altså *leve opp til [brot] en skulle ligne*. Ein skulle altså vera lik som og fylgje i liknande spor som dei ein var oppkalla etter. Målet er då ulike sider ved den personen ein er oppkalla etter, om det er oppførsel, arbeid eller suksess, kjem ikkje tydeleg fram her. Så i (86) er ei tid, russetida, konseptualisert som eit levande objekt som skal nå dei forventingar ein har hatt til det. Både den levande personen og russetida skal nå eit bestemt nivå, i det eine dømet er det nivået ein annan person metaforisk er på og i det andre der forventingane metaforisk er. På dette punktet er LEVE OPP lik FYLLE OPP-OPPFYLLE (jf. 3.7.6).

Så for alle fire er målet, og då SD til OPP, forstått metaforisk. Abstraktar som alder, personlege eigenskapar/trekk og forventingar er forstått som fysiske plassar eller trinn på ein skala. Det er ikkje uttrykt nokon relasjon mellom to deltakarar i rom i frasen. I til dømes OPPFYLLE er også det å nå eit høgare nivå på ein skala uttrykt, så dette er ikkje uvanleg for kombinasjonar med OPP.

Og igjen er OPP resultativ, fordi (LEVE) OPP er målretta.

### 3.7.8 Samansett form OPPLEVE

Den samansette forma OPPLEVE er av dei meir frekvente i materialet, det er 107 døme med forma. Den samansette forma er transitiv, men subjektet er her opplevar (experiencer) og objektet, realisert som nomenfrase eller leddsetning, uttrykkjer det opplevaren kjem ut for, føler, oppfattar eller er med på – altså opplever.

I (87) og (88) fungerer ei leddsetning som objekt og dei refererer her til ei hending.

- (87) «og jeg **opplevde** en gang # å treffe gamle lektor Trygve Bull» (Who\_name: 103, Who\_line\_key: 57715)
- (88) «mange må det men vi **opplever** jo at mange # k- eller flere da i\_hvert\_fall kommer tilbake au» (roemskog\_04gk)

I mange døme refererer pronomena *det* og *dette* til ei hending. Til dømes i (89) refererer *det* til ei hending i fortid, og det same i (90).

- (89) «[...] av de eldre # som **opplevde** det» (dalsbygda\_03gm)
- (90) «og det **opplevde** jeg som veldig # tungt og skremmende» (Who\_name: 52, Who\_line\_key: 27286)

Objekta kan også uttrykkje ulike kjensler, som *felleskap* og *lykkefølelse*, eller adjektiv og pronomer som refererer til hendingar, *mye trist*.

- (91) «og hvordan de # på en måte **opplever** fellesskap» (who\_name: 47, who\_line\_key: 24421)
- (92) «[...] da jeg var i Wien så **opplevde** jeg sånn # sånn konsentrert lykkefølelse altså» (Who\_name: 41, Who\_line\_key: 22594)
- (93) «ja det er vel det kanskje at du har e # mye trist som han **opplevde** liksom» (who\_name: 111, who\_line\_key: 60807)

I (93) refererer *mye trist* så klart til både hendingar og kjensler.

Tydinga til OPPLEVE er i alle døme **kjenne/føle, røyne, oppfatte, koma ut for**. I (87) hende det informanten at han møtte lektor Trygve Bull, det var ei hending han **kom ut for** (igjen ein metafor). Døma uttrykkjer å vera på ein bestemt plass til ei bestemt tid for å få med seg eller koma ut for ei hending eller kjensle.

### 3.7.9 LEVE OPP vs. OPPLEVE

I dette paret er frasen LEVE OPP mykje mindre frekvent enn den samansette forma OPPLEVE, 4 mot 107. Dei to har ikkje same tyding, og den samansette forma

er transitiv, ho kan ta nomenfrasar og leddsetningar. Frasen uttrykkjer å leva eller korleis ein lever, medan den samansette forma uttrykkjer kva som hender ein når ein lever.

Det er inga umiddelbar lenkje mellom frasen og den samansett forma. Ein kan seia at ein som opplevar (i OPPLEVE) metaforisk fangar opp hendingar og kjensler, og då forstår ein målet til OPP som dei ulike sansane og minnet. SD til OPP- vil då vera PD til -LEVE (opplevaren), og PD til OPP- er hendinga eller kjensla verbstammas PD «fangar» eller «får». Denne analysen er etter mønster til FANGE OPP og DRA OPP. Men verbet og forleddet sin PD kan også vera den same. Då vil OPPLEVE likne LEVE OPP, ved at ein når eit høgare nivå kvar gong noko nytt hender. Tydinga til heile den samansette forma er uansett **kjenne/føle, røyne, oppfatte, koma ut for**.

### 3.7.10 Frasen LYSE OPP

I materialet har eg to døme med frasen LYSE OPP. Denne frasen er intransitiv. I (94) er *det* berre eit formelt subjekt.

(94) «ja e eller like utav ungdomsskolen da sånn at det **lyser opp** utover åt parkeringen» (alvdal\_04gk)

I dette dømet tyder LYSE OPP **gje frå seg lys (på/mot eit objekt), skine, stråle**, og her er det ei lykt eller lampe som skin og stråler på parkeringa så denne blir synleg. Det som er synleg er aktivt og tilgjengeleg. Strzelecka (2003, s. 238) viser også til at OPP kan uttrykkje at noko blir aktivt gjennom metaforen AKTIV ER OPP, eller OPP ER KOGNITIVT TILGJENGELEG, som Zivanovic (2016, s. 67) uttrykkjer det. Når eit objekt blir lyst, blir det synleg, som gjer at me kan sanse det. Jf. STÅ OPP 3.7.13 med liknande tyding.

Det andre dømet med LYSE OPP har ikkje ei lyskjelde som bokstaveleg skin eller stråler, men er ein metafor for å vise glede.

(95) «jeg var jo så glad da så jeg holdt på å ha<sup>17</sup> **lyse opp**» (alvdal\_02uk)

For å forklare dømet med ein annan metafor: når ein er glad stråler ein, eller ein kan stråle av glede. Det fylgjer naturleg av at lys uttrykkjer glede og det gode og positive. På same måte som lys er positivt, uttrykkjer OPP også glede og positivitet – HAPPY IS UP – merk berre grunntydinga til OPP som mot den positive polen av ein vertikal akse. Ein annan metafor Lakoff og Johnson (2003, s. 50) viser til, som er passande i dette dømet, er: «PHYSICAL AND EMOTIONAL STATES

---

<sup>17</sup>Ikkje tagga som verbet *ha*, men som ein interjeksjon. Ikkje lett å høyre *ha*. Verbet *lyse* er tagga som adjektiv, men eg kan ikkje sjå at det kan vera noko anna enn verb her.

ARE ENTITIES WITHIN A PERSON», dei gjev døme som «If you've got a cold, drinking lots of tea will *flush it out* of your system. There isn't a *trace* of cowardice *in* him». I dette dømet er glede uttrykt som lys som stråler ut frå ein person, det er ei kjensle inne i kroppen som blir synleg på utsida. Ulike kroppslege trekk/fakter er teikn på glede, og det er desse teikna LYSE OPP refererer til.

### 3.7.11 Samansett form OPPLYSE

Det er berre eitt døme med samansett form OPPLYSE i materialet.

- (96) «jeg trur e n- nå som det har blitt sånn at # de **opplyser** på radioen # at det er e # e kø» (nes\_04gk)

OPPLYSE tyder her **informere**, dei i radioen gjev informasjon om at det er kø. Mottakarane av informasjonen blir gjort kjent med situasjonen på vegane.

Som vist i del 3.7.12 kan SE uttrykkje å vita eller forstå. Lys er ei føresetting for det å sjå. Informasjon eller kunnskap blir gjort tilgjengeleg, og ved å gjera noko lyst, gjer ein det tilgjengeleg, som også OPP uttrykkjer, jf. del 3.7.12.

### 3.7.12 LYSE OPP vs. OPPLYSE

Verken frasen LYSE OPP eller den samansette forma OPPLYSE er spesielt frekvente i materialet, 2 mot 1. Dei er begge intransitive, det er ikkje uttrykt objekt. Men dei har ikkje same tyding.

Frasen kan tyde **gje frå seg lys (på/mot eit objekt), skine, stråle**, som er den romlege tydinga, og han kan tyde **vise glede**, og er ein metafor. Den samansette forma tyder **informere**. Sambandet har å gjera med at både LYSE og OPP kan uttrykkje at noko er tilgjengeleg.

### 3.7.13 Frasen STÅ OPP

I korpus er det 42 døme med frasen STÅ OPP. Desse er transitive.

- (97) «ja det var rent som parfyme når en **sto opp** ved sekstida om morgenen [...]» (nordreland\_ma\_01)
- (98) «altså kan du **stå opp** tolv og være litt fin i formen» (who\_name: 167, who\_line\_key: 86470)

I både (97) og (98) er det eit tidsadverbial *ved sekstida (om morgenen)* og *[klokka] tolv*. 16 av 42 døme har eit element som uttrykkjer tid. I 40 av 42 døme tyder STÅ OPP **gå ut av senga eller generelt liggjande/sitjande posisjon**.

Simpleksverbet STÅ er statisk, men frasen STÅ OPP er dynamisk fordi han uttrykkjer å reise seg. Preposisjonen OPP uttrykkjer retning. Og heile frasen uttrykkjer prosessen å reise seg frå liggjande til ståande posisjon. Meir bestemt er det det å koma seg ut av senga.

I døma over er det eit menneske, og sovande og vakne vesen, som er PD til STÅ og OPP. I andre døme kan andre fysiske objekt vera PD, som *sola* i (99).

- (99) «og da kan du se at sola holder på å begynne og **stå opp**» (who\_name: 64, who\_line\_key: 34396)

Menneske opplever at sola stig opp på himmelen og søkk ned. Sola stig mot eit punkt på himmelen, som er målet. Så OPP har retningstyding også i dette dømet. Når sola STÅR OPP, er ho synleg, og me ser igjen korleis OPP uttrykkjer at noko er synleg. STÅ uttrykkjer også at noko er aktivt og tilgjengeleg. Menneske som har vakna og STÅTT OPP i (97) og (98), er aktive. Når sola STÅR OPP, stig opp frå horisonten, er ho aktiv og synleg. Ein kan dermed seia det er ei form for personifisering, sola blir sett på som aktiv-inaktiv, eller vaken-i-svevne, lik menneske.

STÅ OPP refererer også til tilstand, eller eit objekt sin statiske posisjon.

- (100) «den som **står opp** ja [...] det er kar det og # det på sidene er grinder» (hjartdal\_ma\_01)

I 100 uttrykkjer OPP retning til eit objekts statiske utstrekning, utstrekning frå eit sentrum (jf. skjema SENTRUM-PERFERI). Pronomenet *den* refererer til ein del på ei vogn, og det er vekt på delen si vertikale utstrekning. Vogna er sentrum og bort frå vogna si kjerne/overflate er bort frå sentrum og mot periferien. Det er ikkje uttrykt ei endring her, som kjem av at det er ein tilstand.

### 3.7.14 Samansett form OPPSTÅ

Eg har 6 døme med samansett form OPPSTÅ i materialet. Lik frasen er OPPSTÅ også intransitiv.

- (101) «det **oppsto** egne partier som var sånn # “nei til Storkommune-partiet” og sånn vet du» (fredrikstad\_03gm)
- (102) «og så **oppstår** det på en måte # veldig fine relasjoner mellom mennesker da» (who\_name: 47, who\_line\_key: 24690)
- (103) «så det var på den måten det **oppsto**» (drangedal\_ma\_01)

Tydinga til OPPSTÅ er **bli til**. I (101) er det *egne partier* som blir til, eller blir danna. I (102) er det *fine relasjoner mellom mennesker* som blir til. I (103) refererer *det*

kort sagt til eit forhold mellom storbønder og husmenn. Det er ikkje fysiske gjenstandar som blir til i desse døma, men forhold, tilstandar eller grupperingar.

OPPSTÅ uttrykkjer ikkje posisjon eller retning lik frasen, i alle fall ikkje i romleg forstand. STÅ OPP kan uttrykkje overgang frå inaktiv til aktiv. I den samansette forma er det nettopp eit spesielt forhold eller ei gruppe (t.d. parti) som blir til og då er aktiv. Dette viser igjen korleis STÅ og OPP kan uttrykkje at noko blir aktivt. I (101) er *egne partier* PD til verbstamma STÅ- og forleddet OPP-, og det er det som blir til. Retninga og målet OPP- uttrykkjer vil vera framveksten av PD, det å bli aktiv, som i dette tilfellet er å koma til å eksistere. Til skilnad frå LEGGE AN (som har liknande tyding jf. 3.2.6) er OPPSTÅ intransitiv og det er ikkje vekt på at nokon gjer så relasjonar blir til eller at parti blir danna. OPPSTÅ uttrykkjer augeblinken noko blir til eller når det blir aktivt.

### 3.7.15 STÅ OPP vs. OPPSTÅ

Frasen STÅ OPP er vesentleg meir frekvent enn samansette OPPSTÅ, 42 mot 6. Begge er intransitive, men dei har ikkje same tyding.

I den mest frekvente bruken av frasen refererer han til å bevege seg ut av senga (og opp i ståande posisjon). Frasen refererer då til ei fysisk rørsle, men også det å bli aktiv – liggjande tilstand er forbunden med inaktivitet og ofte svevn. Og i dømet med sola, som står opp, blir ho synleg og aktiv. Den samansette forma uttrykkjer også dette, overgang frå inaktiv til aktiv ved at noko blir til, men ho er ikkje romleg. I døma med frasen blir det referert til menneske og gjenstandar som STÅR OPP, medan det i den samansette forma er ikkje-fysiske ting som tilstandar og forhold og grupper (parti).

Det som er likskapen mellom frasen og den samansette forma er dermed det å kunne uttrykkje at eit fysisk eller abstrakt objekt blir aktivt og synleg. I frasen er primærdeltakarane fysiske gjenstandar og menneske, medan dei er abstrakte einingar i den samansette forma.

Frasen kan også uttrykkje eit objekt si statiske utstrekning (forma på objektet), og endringa inaktiv -> aktiv er ikkje uttrykt i desse samanhengane. Døma med den samansette forma uttrykkjer ikkje dette, dei uttrykkjer berre endring, då ved at noko blir til.

### 3.7.16 Frasen TA OPP

I materialet mitt er det 59 døme med frasen TA OPP. Dei er transitive, men i nokre døme er ikkje objektet eksplisitt uttrykt. Det er stor variasjon i kva dei tyder, mykje fordi TA er veldig polysem. Den romlege gripe-tydinga reknar eg her for den grunnleggjande.

Under er det to døme på TA OPP som uttrykkjer ein romleg relasjon. Desse legg eg til grunn som den grunnleggjande tydinga til frasen.

(104) «i de garna vi **tok opp** der var det [...]» (kirkenaer\_01um)

(105) «alle # husmødrene løp ut med feiebrett og **tok opp** etter hestene som gikk i gaten og sånn» (who\_name: 49, who\_line\_key: 26041)

I (105) er det ikkje eksplisitt uttrykt noko objekt, av preposisjonsfrasen *etter hestene* forstår ein at hestemøkk er det dei tek opp. Tydinga er **lyfte/flytte eit objekt frå eit lågare nivå og til seg**, ein får objektet i eige i vid forstand. TA uttrykkjer å gripe (til seg) og OPP retning. *Garna*, som er SD til TA og PD til OPP i (104), er i vatnet og blir drege i retning frå vatnet og mot/til PD til TA, *vi*. SD til OPP, altså retninga og målet til PD, er *vi*, som igjen er PD til TA. Det blir på same vis i (105). Husmødrene plukkar hestemøkk frå gata og på *feiebrett*, altså til seg. Akkurat i dette siste dømet uttrykkjer TA OPP å få noko i eige ved å halde det, noko Lindner (1983, s. 122) også viser til at (TAKE) UP kan uttrykkje. At UP kan ha denne funksjonen, forklarar Lindner med at når me held noko i hendene, eig me det som regel, og for å få tak i objekta må me plukke dei opp frå ein plass. Døme (105) er eit godt døme på nettopp dette, då ved at det uttrykkjer eit eigeforhold, og eit objekt blir plukka frå ein (lågare) plass. Dei som flytter er sentrum i desse døma, og målet for OPP er sentrum, ut av periferien og mot sentrum.

Det treng ikkje vera eit skifte i eigeforhold, TA OPP kan uttrykkje å hente fram ein gjenstand som er skjult eller utilgjengeleg for augeblinken. Ta t.d. (106) og (107).

(106) «du kan ikke **ta opp** boka» (who\_name: 33, who\_line\_key: 16242)

(107) «[...] noen ansatte som bare **tok opp** mobilen og bare for morsomt» (lange-sund\_01um)

*Boka* i (106) og *mobilen* (107) blir gjort tilgjengeleg, altså flytt til ein plass eller posisjon som gjer det mogeleg for «eigaren» å ta dei i bruk. Når objekta, PD til OPP, er tilgjengelege, er dei aktive, og igjen ser ein korleis OPP uttrykkjer at noko blir aktivt. Merk igjen korleis målet for OPP er sentrum, lik døma over, som er nødvendig når OPP her uttrykkjer at noko er tilgjengeleg/aktivt.



TA OPP er også nytta om å spela inn lyd eller bilete på band eller digitalt format.

(108) «jeg hadde satte # båndopptager foran TV og skulle **ta opp** sanger» (who\_name: 63, who\_line\_key: 34537)

(109) «det som er chill er de derre nye mp3-spillerne # du kan **ta opp** # det du sier» (who\_name: 166, who\_line\_key: 85601)

Lyd blir her lagra på band eller ei anna eining. Det er då bandet som «held» lyden, lik ei bok eller garn ein blir teke opp. Om ein førestiller seg ein bandopptakar som ein behaldar, så fyller lyd behaldaren og går opp i behaldaren. At OPP kan uttrykkje å ha (meir) innhald i eit objekt konseptualisert som ein behaldar, ser ein også i FYLLE OPP-OPPFYLLE (jf. 3.7.4-3.7.6).

TA OPP refererer fleire gonger til å gjennomføre ein eksamen ein gong til eller ta fag, ein har eller ikkje har hatt, i skulen. Til dømes:

(110) «så er det mange som må **ta opp** matten fra grunnkurs og # som strauk da» (who\_name: 29, who\_line\_key: 13377)

(111) «e hun **tok opp** em # e norsk # som privatist VK2 da» (who\_name: 30, who\_line\_key: 13396)

Desse tyder å gjera eit fag som ein alt har gjort, men ikkje nødvendigvis fullført, om att. Faget høyrer til fortida, og det blir så teke fram att. Det ber likskap med TA OPP *mobilen* ovanfor ved at faget på eit vis blir aktivt, og er forstått som noko ein tidlegare har lagt frå seg.

### 3.7.17 Samansett form OPPTA

I materialet har eg to døme med samansett form OPPTA. Lik frasen er desse transitive.

(112) «[...] så er bilene plassert under blokkene så at de # **opptar** ikke så veldig mye sånn e markplass» (who\_name: 102, who\_line\_key: 56344)

(113) «nå er det så mye anna som e **opptar** dem med # at denne nye # data og alt det her» (vinje\_04gk)

I (112) er tydinga **bruke plass**, og i (113) er tydinga **interessere, fange interesse**. Tydinga til dei to døma er tydeleg åtskilt ved at (112) er romleg, noko ein ikkje kan seia om (113). *Bilene* bruker plass ved at dei står parkert på ein plass, og plassen er utilgjengeleg for andre. OPPTA uttrykkjer då eit slags eigeforhold, lik frasen. SD til TA i romlege døme med TA OPP er eit handgripeleg objekt, noko ein plass ikkje er. Sjølve gripe-tydinga er metaforisk, sjølv om (112) kan bli kalla

romleg. Akkurat dette er eit viktig poeng fordi det viser at grunnleggjande og romleg tyding ikkje er det same.

I (113) blir *dem* opphaldne av *denne nye data og alt det her*, det er ny teknologi som datamaskinar som fangar interessa og merksemda deira. EIGE-metaforen gjer også greie for dette dømet. Lik bilane bruker plassen i (112), held *data og alt det her* merksemda til personar borte frå andre ting. Merksemda blir «teke i eige» og gjort utilgjengeleg for andre, gjennom GRIPE-metaforen og vidare EIGE-metaforen.

### 3.7.18 TA OPP vs. OPPTA

I dette paret er frasen TA OPP meir frekvent enn samansett form OPPTA, 59 mot 2. Begge er transitive.

Frasen har stor variasjon i tyding. Det som bind TA OPP og OPPTA saman i dette dømet er at begge kan uttrykkje eit eigeforhold. Dette eigeforholdet kjem ikkje berre til uttrykk ved at PD til TA lyfter eller plukkar til seg, men ved at SD blir utilgjengeleg for andre. Husmødrene fjernar hestemøkk og det blir fylgjeleg utilgjengeleg, ved å stå på ein plass gjer bilen plassen utilgjengeleg og datamaskinar held merksemda borte frå andre ting.

I dei to døma med den samansette forma står resultatet av handlinga sentralt. Ved å OPPTA plass, er plassen utilgjengeleg for andre, og det same gjeld med personar som blir opptekne, hovudpoenget er at dei blir utilgjengeleg eller halde borte frå andre og andre ting.

TA OPP kan også uttrykkje at noko blir tilgjengeleg, som i dømet med *ta opp boka*, jf. DRA OPP med *dra opp store diskusjoner*.

### 3.7.19 OPPsummering

I det romlege domenet uttrykkjer OPP retning mot den positive polen på ein vertikal akse. I para uttrykkjer OPP også å nå eit høgare punkt på ein fysisk eller tenkt skala. OPP uttrykkjer gjennomgåande at noko blir tilgjengeleg eller utilgjengeleg, og på same vis aktivt og inaktivt. Jf. Lindner om engelske *UP* og kva dei skildrar: «UP paths have as either point of departure or as goal a region which we may call the region of INTERACTIVE FOCUS – the realm of shared experience, existence, action, function, conscious interaction and awareness» (1983, s. 132).

### 3.8 OVER-par

Eg har fire OVER-par i materialet: GÅ OVER-OVERGÅ, KJØRE OVER-OVER-KJØRE, SE OVER-OVERSE, TA OVER-OVERTA. Det er ingen UNDER-par i materialet. Merk at det til samanlikning er fleire OPP-par enn NED-par. Lik OPP-NED er OVER generelt meir frekvent enn UNDER i korpus<sup>18</sup>.

Eg legg Tyler og Evans (2001) si grunntyding for engelske *over* til grunn for denne analysen. Tyler og Evans går utifrå at hovudtydinga til ein preposisjon er ein romleg relasjon mellom ein primærdeltakar (TR) og ein sekundærdeltakar (LM) (2001, s. 731). Tyler og Evans kjem fram til at *over* har grunntydinga 'TR høgare enn LM', og TR og LM kan koma i kontakt med kvarandre. Andre tydingar er utvidingar denne, og grunntydinga *sanksjonerer* dei andre tydingane. Norsk OVER vil også dekkje delar av tydinga til engelske *across*. Lakoff (1987), basert på Brugman (1983), gav engelske *over* grunntydinga 'above and across' – som Tyler og Evans (2001) er kritiske til. I OVER-para i dette materialet har dei fleste *above and across*-tydinga, som i døme «Gå over vegen», kor det at PD er høgare enn DS er sekundært, hovudpoenget er at PD kryssar SD og har slik eit startpunkt og eit sluttunkt (jf. GÅ OVER 3.8.1).

#### 3.8.1 Frasen GÅ OVER

Det er 73 døme med frasen GÅ OVER i materialet mitt. Denne frasen er transitiv. Døma under er to typiske romlege døme med GÅ OVER.

- (114) «det var ikke bare to mann s- må du tru som **gikk over** fjellet» (who\_name: 62, who\_line\_key: 32862)
- (115) «men selv det å # **gå over** Trondhjemsveien den gangen var [...]» (who\_name: 117, who\_line\_key: 65254)

Subjektet *to mann* i (114) er PD til verbet GÅ og preposisjonen OVER, og *fjellet* er SD til OVER. I (115) er *Trondhjemsveien* SD til OVER. Desse to tyder **bevege seg til fots frå ei side (av ei hindring) til ei anna**. PD kryssar SD, som er ei hindring på vegen deira. Startpunktet og sluttunktet er føre og etter *fjellet*. *Fjellet* i (114) strekkjer seg både vertikalt og horisontalt, og PD beveger seg opp på fjellet og ned frå det. *Trondhjemsveien* har ikkje den same implisitte vertikale utstrekninga. Når PD beveger seg på SD, er han naturlegvis høgare, og her i kontakt med SD. I desse døma er det uttrykt retning og mål, mot den andre sida av fjellet og den

---

<sup>18</sup>I NDC Austlandet er det 680 døme på OVER, 232 etter verb, mot 218 døme på UNDER, 45 etter verb. I NoTa-korpuset er det 737 døme på OVER, 235 etter verb, og 246 døme på UNDER, 55 etter verb

andre sida av vegen.

Som vist ved GÅ INN (3.5.4 kan dynamiske verb (her rørsleverb) vera nytta for å skildre noko statisk, som eit område.

(116) «de brukte jo\_da den nye veien som **går over** Sollihøgda» (hole\_ma\_01)

(117) «vi har en leilighet som **går over** to etasjer» (who\_name: 102, who\_line\_key: 56370)

Vegar og leilegheiter beveger seg ikkje, og det er ikkje referert til ei rørsle i desse døma, anna enn korleis ein førestiller seg utstrekninga til vegen og leilegheita. Meir om denne typen uttrykk i 3.5.4 om GÅ INN.

Døma over uttrykkjer ein romleg relasjon. Det å GÅ OVER noko kan også tyde **gjera meir enn ynskjeleg**, spørja om meir enn nokon vil svara på, i dette dømet.

(118) «og kan si ifra hvis n mener jeg **går over** streken» (who\_name: 170, who\_line\_key: 87118)

Å GÅ OVER *streken* tyder **nære seg/krysse eit område**, her eit abstrakt «samtaleområde», som andre ikkje ynskjer at ein nærer seg. Ved å GÅ OVER *streken* kryssar ein ei grense lik ein kryssar vegen (*Trondhjemsveien*) i (115). Dette er då ei utviding frå det romlege domenet.

GÅ OVER kan også uttrykkje endring, altså at noko endrar seg. Denne tydinga har samband til den romlege når ein når eit slutt punkt, og GÅ OVER *streken* i (118). Ei endring er også å krysse ei grense.

(119) «vi var det siste # kullet som gikk realskolen her i Svarstad # før det **gikk over** til ungdomsskole» (lardal\_03gm)

(120) «det skulle bli bedre utover dagen og så skulle det **gå over** til regn» (lom\_3gm)

*Realskolen* endrar seg frå å vera realskule til å bli ungdomsskule. Og vêret endrar seg i (120), regn er då slutt punktet. Eit uttrykk som eigentleg uttrykkjer rørsle, uttrykkjer her endring.

GÅ OVER kan også uttrykkje å **ta føre seg noko punkt for punkt, del for del**. *Gå over skutereren* i (121) uttrykkjer å sjå på ulike delar av skutereren.

(121) «tenkte kanskje jeg skulle em # **gå over** skutereren au en kveld» (tinn\_05um)

Ved å sjå på ulike delar av skuterer veit eg-personen om skuterer er i den standen han skal vera i. I dette tilfellet vil ein ha kontoroll «over» tilstanden til skuterer. Skuterer er ein helskap ein må vil ha under seg. Det å vera høgare enn noko skapar kontroll, og ein får eit «overblikk» – altså nok eit ord med OVER i for å forklare hendinga. Jf. SE OVER 3.8.7.

### 3.8.2 Samansett form OVERGÅ

Det er berre to døme med samansett form OVERGÅ i materialet, begge er transitive med det resiproke pronomenet *hverandre* som objekt.

(122) «alle skal **overgå** hverandre med merkevarer og greier» (who\_name: 58, who\_line\_key: 30136)

(123) «så de kan **overgå** hverandre i å spille skikkelig shitty eurotrance» (who\_name: 79, who\_line\_key: 44069)

PD i desse to døma er også SD, på grunn av resiproke *hverandre*. Deltakar A skal OVERGÅ deltakar B, og deltakar B skal OVERGÅ deltakar A. OVERGÅ tyder her **bli betre enn**, med andre ord nå eit høgare nivå på ein skala. Så om gradar eller intensitet av aktiviteten, t.d. det å *spille eurotrance*, blir forstått som ein skala, vil PD vera på eit trinn som er høgare enn SD. Høgare er i denne samanhengen meir, jf. metaforen OPP ER MEIR. Meir er også betre. OVER-, i tyding vera høgare enn, er då ein metafor for å vera betre. -GÅ uttrykkjer retning, som i dette dømet er mot det konseptuelle nivået eller trinnet høgare enn SD. Den mest høvelege metaforen er i dette dømet då formulert som HØGARE ER BETRE.

OVERGÅ har inga romleg tyding i desse døma, men er forankra i den romlege tydinga.

### 3.8.3 GÅ OVER vs. OVERGÅ

Frasen GÅ OVER er mykje meir frekvent i materialet enn samansette OVERGÅ, 73 mot 2 døme. Både frasen og den samansette forma er transitive. Sjølv om dei ikkje har same tyding, er dei ulike tydingane forankra i den romlege tydinga.

Til saman uttrykkjer GÅ + OVER retning og mål og ein PD høgare enn SD. Tyler og Evans (2001) sette **PD høgare enn SD** som den grunnleggjande tydinga til OVER, etter den analysen er mål- og retningstydinga ei utviding av den tydinga. I døma med frasen med romleg tyding er det referert til PD – prototypisk eit menneske – si rørsle frå ei side av SD-en til den andre sida, til dømes krysse eit fjell eller veg ved å bevege seg opp på det. GÅ OVER kan også skildre noko statisk, som eit område.

Frasen kan også ha tydinga **endre seg**, forstått som at ei grense er kryssa eller nådd. Ei metaforisk grense blir også nådd i tydinga **gjera meir enn ynskjeleg**, forstått som at ein har nådd eit punkt for langt.

Den samansette forma tyder **bli betre enn**, og svarar til metaforen HØGARE ER BETRE, kor høgare på ein skala er betre. Tydinga til OVER som **høgare enn** er då gjort greie for, PD vil nå eit høgare punkt/nivå enn SD. Merk at OVERGÅ ikkje har krysse-tydinga, berre **høgare enn**. I frasen er ikkje målet å vera høgare enn SD, men på andre sida av han.

### 3.8.4 Frasen KJØRE OVER

Det er 6 døme med frasen KJØRE OVER i materialet mitt. I (124) er objektet *en bro* SD til OVER.

(124) «for du må jo faktisk ta og **kjøre over** en bro og inn på en øy» (who\_name: 85, who\_line\_key: 48311)

I dette dømet er tydinga **bevege seg med eit framkome frå den eine sida av ein sekundærdeltakar til den andre**, frasen har altså ei krysse-tyding. Å bevege seg frå den eine sida av brua og til den andre, uttrykkjer rørsle og ein romleg relasjon.

I 3 av dei 6 døma er SD eit namngjeve område, som refererer til ein avgrensa plass. Sjå til dømes (125).

(125) «nei jeg **kjørte over** e Brunla» (brunlanes\_02uk)

Det er her referert til å bevege seg frå den eine sida av plassen *Brunla* til den andre, altså krysse eller køyre gjennom eller via plassen.

Desse to uttrykkjer det same som dei romlege tydingane av GÅ OVER, skilnaden et at det er rørsle ved eit framkome, som ein bil.

### 3.8.5 Samansett form OVERKJØRE

Det er berre eitt døme med samansett form OVERKJØRE i materialet mitt. Lik KJØRE OVER er den samansette forma transitiv.

(126) «men e når da noen bare **overkjører** henne [...]» (who\_name: 112, who\_line\_key: 60785)

I dette dømet er det ikkje uttrykt ein romleg relasjon mellom PD og SD. I den spesifikke situasjonen informant 112 refererer til, er det *noen* som ikkje tek omsyn til meiningane og innvendingane til *henne*. For å nytte ein annan metafor blir SD, *henne*, tilsidesett. Den som metaforisk køyrer, tek ikkje omsyn til den metaforisk

overkøyrde, lik eit framkome køyrer over og forbi ein gjenstand. *Henne*, som SD til OVER-, blir laten igjen, metaforisk, og berørt fordi ho i dette dømet ikkje er teke omsyn til og sett bort ifrå.

OVERGÅ uttrykkjer å nå høgare på ein skala, OVERKØYRE har ikkje denne tyding.

### 3.8.6 KJØRE OVER vs. OVERKJØRE

Verken frasen KJØRE OVER eller den samansette forma OVERKJØRE er særleg frekvente, 6 mot 1. Frasen har romleg tyding i motsetnad til dømet med den samansette forma. Begge er transitive.

KJØRE OVER uttrykkjer å bevege seg frå ei side av ein SD til den andre med eit framkome. Lik GÅ OVER får KJØRE OVER ei krysse-tyding, SD er ei hindring PD beveger seg forbi, ved å vera høgare, men i nærleiken av, hindringa.

OVERKJØRE tyder her **ikkje ta omsyn til**. Det å køyre over og forbi ein gjenstand er her ein metafor for å ikkje ta omsyn til ein person og personens meiningar og innvendingar.

### 3.8.7 Frasen SE OVER

Eg har 3 døme med frasen SE OVER i materialet. Frasen er transitiv.

(127) «det er så mye snø at de kan ikke **se over** brøytekanterne» (who\_name: 52, who\_line\_key: 26454)

*Brøytekanterne* er SD til OVER og er ei hindring PD i dette dømet ikkje kan sjå høgare enn og forbi. Tydinga er **oppfatte gjenstand eller omgjevnad bak og forbi ei hindring med augo**. På grunn av det tredimensjonale rommet er det også ei krysse-tyding her, men det er ikkje eit fysisk objekt som kryssar.

(127) har romleg tyding ved å uttrykkje ein romleg relasjon mellom PD-en sitt synsfelt og SD. I det dømet tyder ikkje SE (OVER) anna enn å oppfatte med augo, til skilnad frå (128) under.

(128) «da må vi være veldig tett med oppfølginga med å **se over** dyr» (alvdal\_02uk)

SE OVER tyder her **fylgje med på, sjå til, studere**, med andre ord finna ut korleis dyra har det, ter seg og ser ut. (128) kan ein jamføre med GÅ OVER i døme (121) med *gå over skuteren*, som tyder å sjå korleis stand skuteren er i. Ein set seg då metaforisk over (**høgare enn**) *dyr* eller *skuteren*, og er på den måten ein PD som er større enn SD, som igjen gjer at ein kan «dekkje» over SD (PD større enn SD

får OVER ei naturleg dekkje-tyding – Tyler og Evans (2001, s. 746) dekkje-tydinga som ein «distinct sense»)

Det siste dømet med frasen har riktig nok ikkje eit eksplisitt objekt.

(129) «men det er bare sj- **se over** på klassa hans e M7 veit [...]» (vang\_01um)

Preposisjonsfrasen *på klassa hans* uttrykkjer her kor PD til SE skal rette blikket – sluttpunktet for «synsretninga». SD til OVER, som er hindringa, er ikkje uttrykt og det er heller ikkje klart kva det skal vera i dette dømet. (129) er ikkje romleg, (skule)klassa er ikkje ein fysisk gjenstand. Den som ser førestiller seg *klassa*, hentar informasjon om klassa frå minnet, og det mentale blikket blir flytt frå eit tema og mot *klassa*. Dette fylgjer av krysse-tydinga til OVER, merk også korleis GÅ OVER kan tyde **endre** (jf. del 3.8.1).

### 3.8.8 Samansett form OVERSE

Eg har eitt døme med samansett form OVERSE i materialet. Lik frasen er dette dømet transitivt.

(130) «det må du prøve å **overse**» (who\_name: 151, who\_line\_key: 80085)

Objektet *det* refererer i 130 til oppførselen til naboen, som er SD til OVER-. Her tyder OVERSE **ikkje bry seg om, ikkje leggja merke til, sjå bort ifrå**, PD lèt som om ho ikkje merkar eller lèt seg ikkje påverke av oppførselen til naboen. Oppførsel er eit abstrakt omgrep for ulike handlingar naboen gjer og sider ved korleis naboen ter seg, det er altså ikkje eit fysisk objekt. Det abstrakte objektet *oppførsel* kan bli sett på som eit hinder, lik *brøytekantene* er hinder i døme (127) med SE OVER. (127) er i det romlege domenet (i det fysiske rommet), medan (130) har ein ikkje-fysisk SD. Ein førestiller seg at ein ser over og forbi oppførselen, (kan også jf. OVERKJØRE 3.8.5 kor over og forbi ikkje er romleg).

### 3.8.9 SE OVER vs. OVERSE

Verken frasen SE OVER eller den samansette forma OVERSE er spesielt frekvente i materialet, 3 mot 1. Både frasen og den samansette forma er transitive.

Frasen har tre ulike tydingar. Den fyrste refererer til å oppfatte noko bak og forbi ei hindring med augo, og har romleg tyding. Den andre refererer til å fylgje med på korleis dyr har det (spesifikt for dette dømet). Og den siste refererer til å mentalt flytte blikket - *se over på klassa hans*. Den samansette forma refererer til å ikkje bry seg om eller ikkje leggja merke til, ved å late som eller førestille seg at



ein ikkje ser eller legg merke til objekt eller hending. Då er me ikkje lenger i det romlege domenet lik det fyrste dømet med frasen. Ein kan fint sjå og oppfatte kva nokon gjer, men likevel velja å late som ein ikkje oppfattar det, dermed OVERSE.

### 3.8.10 Frasen TA OVER

I materialet mitt har eg 61<sup>19</sup> døme med frasen TA OVER.

Dei ulike døma på TA OVER er ei ganske homogen gruppe, med liten skilnad i tyding. Døme med TA OVER som best held ved **gripe og ta til sitt eige**-tydinga av TA er (131), kor OVER også uttrykkjer endring og kontroll.

(131) «de derre (x) nynazistene som skulle lage revolusjon# og **ta over** landet»  
(who\_name: 115, who\_line\_key: 6622)

*Ta over landet* tyder her å **få makta i landet**, og å få makt ved å bruke makt. Styringa og kontrollen over landet vil skifte eigarskap, altså ei endring i eigarskap. Jamfør bruken av TA OPP som å **eige** i 3.7.16. Når ein grip tak i eit fysisk objekt, tek ein det til seg og tek det i eige. På same vis er målet i (131) å ha og eige makta eller kontrollen i landet. OVER uttrykkjer her kontroll, som svarar til den generelle forståinga om at makta kjem ovanfrå og «vinnaren» står over «taparen» (Tyler & Evans, 2001, s. 758).

Eit skifte i eigarskap ser ein også i (132), eigarskapet dreier seg her om kven som produserer.

(132) «det kommer nok ## så det de **tar over** produksjonen ifra andre meierier [...]» (brekkom\_01um)

Informanten brekkom\_01um refererer i (132) til eit stort meieri som utkonkurrerer dei andre mindre meieria, ved at dei tek produksjonen frå dei.

Den vanlegaste tydinga og konteksten til frasane er den ein finn i (133) med det eksplisitte objektet *gard*.

(133) «så jeg skjønner # skjønner på mange måter ungdommen i dag som skal **ta over** en gard [...]» (alvdal\_03gm)

12 av døma har (*en*) *gard* som objekt. Desse tyder **arve**, eller meir generelt **bli (ny) eigar**. Det er ikkje berre gardar som blir arva, men også andre bygningar.

(134) «det blir vel de som **tar over** den hytta» (drevsjoe\_04gk)

---

<sup>19</sup>TA OVER som i «den turen vi tok over Dovre» (rendal\_ma\_01) er ikkje teke med her, for stor semantisk skilnad

I (134) er det ei hytte som blir arva. 36 døme med TA OVER refererer til å ta over hus, hytte eller gard. I desse døma er det gard, hus og hytte som skifter eigarar. Ein gard er jo ikkje berre ein bygning, men kan også vera gardsdrift, og det er eit skifte i kven som har ansvaret for og styringa over gardsrifta. I (131) og (132) er skiftet litt motvillig, dei ved makta i landet og meieria som har produksjonen gjev ikkje frå seg eigarskapet. Forholdet til tidlegare eigar er litt annleis i TA OVER i tyding **arve**, lik (133) og (134), då blir dei nye eigarane gjevne eigarskapet, anten medan den tidlegare eigaren er i live, eller ved at dei står som arvingar og arvar når den tidlegare eigaren er daud.

**Skifte eigarskap** eller **ta til med eit eigarskifte** er tydinga alle desse døma har, men i (133) og (134) er det meir spesifikt det å **arve**.

### 3.8.11 Samansett form OVERTA

Eg har 46 døme med samansett form OVERTA i materialet. Lik frasen er desse transitive. I likskap med frasen TA OVER er det tydinga **arve** som er den vanlegaste, lik (135).

(135) «så **overtok** jeg huset som han far bygde ved # framme gård der da [..]»  
(alvdal\_4gk) .

Subjektet *jeg* får og blir den nye eigaren av objektet *huset*. Her er det ingen skilnad frå frasen.

Eit anna interessant døme som uttrykkjer skifte av eigarar er (136).

(136) «så ## kjøpte vi oss ny leilighet nå # vi **overtok** første desember» (who\_name: 81, who\_line\_key: 46301)

Her er ikkje tydinga å **arve**, som tyder på at **arve**-tydinga som både OVERTA og TA OVER kan ha, er eit resultat av konteksten. Tydinga er rettare **bli ny eigar**, jf. TA OVER 3.8.10.

Gjenstandar kan få menneskelege eigenskapar, og på det viset OVERTA for noko – som er ei form for personifisering. Til dømes *skia* i (137).

(137) «men etter hvert så ble det liksom skia som **overtok** ja» (rena\_03gm)

Her blir det referert til at folk heller tok i bruk ski enn skøyter, og skia fekk dermed flest brukarar.

### 3.8.12 TA OVER vs. OVERTA

Både frasen TA OVER og samansette OVERTA er av dei meir frekvente, 61 mot 46. Begge er transitive og begge har veldig lik tyding.

TA OVER og OVERTA refererer begge til eit slags skifte i eigarskap, og det gjeld alle døme. Eigarskapet kan vera forholdet mellom eigar og bustad, det kan vera makt og land, bruk av reiskap eller ansvar for drift. TA kan som nemnt tyde **få i eige**, og OVER kan gje uttrykk for kontroll. Men det er ikkje nokon romleg relasjon mellom deltakarar verken i frasen eller den samansette forma.

I tyding er det ikkje opplagt kva som skil TA OVER og OVERTA, dei ser ut til å vera nytta om kvarandre. Det ser heller ikkje ut til at dialekt spelar ei stor rolle. Under gjev eg to døme frå Alvdal (alt gjevne ovanfor), den eine informanten nyttar OVERTA den andre TA OVER.

(138) «så **overtok** jeg huset som han far bygde ved # framme gård der da [...]»  
(alvdal\_4gk) .

(139) «så jeg skjønner # skjønner på mange måter ungdommen i dag som skal **ta over** en gard [...]» (alvdal\_03gm)

Informant alvdal\_4gk er ei eldre kvinne frå Alvdal, og alvdal\_03gm er ein eldre mann.

I både NDC Austlandet og NoTa finn ein døme på TA OVER og OVERTA. Dei fleste av døma er frå NDC, 49 for TA OVER mot 12 frå NoTa, og 29 for OVERTA mot 16 frå NoTa. Gjeve den høge frekvensen av døme med **arve**-tyding og gardsbrukrelaterte døme, kjem det ikkje som noka overrasking at dette paret er mest frekvent i NDC, det er utvilsamt fleire gardar utanfor Oslo-området. Det er ikkje så høge tal at ein med sikkerheit kan seia for mykje, men frasen peiker seg ut i NDC. Den samansette forma er meir frekvent i NDC enn NoTa, medan det i NoTa er fire fleire døme med OVERTA enn TA OVER (altså ikkje ein stor skilnad i NoTa). Tendensen er at frasen er meir frekvent utanfor Oslo når frase og samansett form har så godt som lik tyding. Dette gjev likevel ikkje noko svar på kvifor den eine eller andre forma er nytta.

### 3.8.13 Oppsummering OVER

Det er ei krysse-tyding i dei fleste para med OVER, men ikkje alltid romleg. I nokre av para er det også ei endre-tyding, som har likskapar med krysse-tydinga. Den prototypiske romlege tydinga **høgare enn** finn ein her berre i utvidingar i ikkje-fysiske uttrykk, som OVERGÅ, og SE OVER, når han ikkje er romleg. I uttrykka med tydinga **høgare enn** kan PD metaforisk dekkje SD.

### 3.9 PÅ-par

PÅ uttrykkjer kontakt mellom ein PD og SD, hovudsakleg. Eg tek her føre meg para: DRA PÅ-PÅDRA, PEKE PÅ-PÅPEKE, STÅ PÅ-PÅSTÅ, TA PÅ-PÅTA.

I del 3.2 om AN gjorde eg greie for opphavet til PÅ, som er eit resultat av ein fusjon mellom *upp* og *á*, den enkle preposisjonen *á* (av *á*) er ikkje lenger spesielt vanleg eller produktiv, noko Aasen (1899, s. 302) også merka seg.

Krogstad (2000, s 50) skriv, (etter Ekberg (1991) sin analyse for svensk), at *på* har «to ulike romlige betydninger som begge betegner direkte lokalisering». Den eine tydinga kallar ho markert og spesifikk, og denne tydinga uttrykkjer kontakt med eit horisontalt eller vertikalt plan «skjematisert som en linje eller en flate» (likt med Radden (1985, s. 184) og Dirven (1993) om *on*). Døme Krogstad gjev på slike flatar er «å stå på en åpen slette» og «en arbeidet på hver sin side» (2000, s. 37). Den andre romlege tydinga kallar Krogstad umarkert og generell, og denne tydinga uttrykkjer «allmenn stedsbestemmelse, et sted fungerer som et orienteringspunkt». Døme Krogstad gjev for den umarkerte er: «i kirkeasyl på Voksen; leilighet på Majorstuen» (2000, s. 38), SD si fysiske form eller romlege eigenskapar er ikkje ein faktor her. Krogstad freistar å vise at andre tydingar av PÅ, innanfor andre domene, har desse to romlege tydingane som utgangspunkt (forslag til tydingsmønster for PÅ Krogstad (2000, s. 51)).

#### 3.9.1 Frasen DRA PÅ

I materialet har eg 2 døme med frasen DRA PÅ. Desse døma er transitive og refleksive, med direkte og indirekte objekt.

(140) «når en **dro på** seg hosa den gale veien [...]» (raade\_ma\_01)

(141) «å da har jeg igjen ei dunjakke som jeg # **drar på** meg [...]» (trysil\_03gm)

Sidan frasen er refleksiv i desse døma, refererer PD *en/jeg* til DRA til same person som SD til PÅ *seg*. *Hosa* i (140) og *dunjakke* i (141) er SD til DRA og PD til PÅ. Verbet uttrykkjer å flytte eller føre eit fysisk objekt, og preposisjonen uttrykkjer retning ved at han refererer til den romlege relasjonen mellom PD og SD, som er å vera i kontakt med kvarandre. Frasen tyder rett og slett **klede på (seg)**. Både verbet si romlege tyding, **flytte/føre eit fysisk objekt**, og preposisjonen si romlege tyding, kontakt mellom PD og SD, er halde ved.

### 3.9.2 Samansett form PÅDRA

Eg har to døme med den samansette forma PÅDRA i materialet. Lik frasen er PÅDRA transitiv og refleksiv.

Dei to døma er frå ei samtale mellom to informantar, og dei refererer til same situasjon.

(142) «ved å # **pådra** seg et gult kort med vilje» (who\_name: 1, who\_line\_key: 291)

(143) «f- ved å **pådra** seg et gult kort med vilje» (who\_name: 2, who\_line\_key: 290)

PÅDRA tyder her å få gult kort, altså handle på eit vis som fører til gult kort, som er eit teikn på ei åtvaring for stygt spel. Åtvaringa er ein konsekvens og ulempe ein får, og er på ein i form av at konsekvensen eller ulempa fylgjer ein.

### 3.9.3 DRA PÅ vs. PÅDRA

I materialet har eg to døme med frasen DRA PÅ og to døme med samansett form PÅDRA. Dei er begge transitive og refleksive.

Det som skil dei, er tydinga. Frasen har romleg tyding. Å PÅDRA (SEG) tyder her å handle så det får konsekvensar, i døma i 3.9.2 får ein ei åtvaring på grunn av «stygt» spel. I døma med frase er det fysisk kontakt mellom klesplagg og kropp, medan i døma med samansett form berre førestiller ein seg kontakten mellom spelar og gult kort. Forholdet mellom spelar og gult kort viser korleis PÅ uttrykkjer det å ha, ved at det å få ein konsekvens eller få ei ulempe er uttrykt som å ha det på seg.

### 3.9.4 Frasen PEKE PÅ

Det er to døme med frasen PEKE PÅ i korpus. Denne frasen er transitiv.

(144) «jeg ork- orker ikke å bo hvis hun skal være sur hver gang jeg **peker på** tingene hennes [...]» (who\_name: 113, who\_line\_key: 62369)

PEKE PÅ uttrykkjer ei line/retning mot eit mål, som i (144) er *tingene hennes*. Subjektet *jeg* er PD til PEKE, PD til PÅ er den konseptuelle lina eller retninga peikinga til *jeg* uttrykkjer, og SD er *tingene hennes*. Det er ikkje fysisk kontakt mellom PD og SD ettersom sjølve peikinga og lina berre er ei konseptuell forlenging av fingeren til peikaren. Dømet er romleg lik SE-par 3.5.7 og 3.8.7. PEKE PÅ tyder her **rette (felles) merksemd mot**, ein referent ein skal eller kan rette blikket/merksemda mot blir «valt ut».

I (144) blir det valt ut ein referent å rette merksemd mot, ved den fysiske handlinga å peike. PEKE PÅ kan også uttrykkje det same utan å referere til å rette finger, arm, hovud og liknande mot ynskjeleg referent. I (145) peiker *du* ved å ytre seg om noko eller nokon.

(145) «ellers så er det litt det samme problemstilling som du **peker på** liksom lokale spillere e» (who\_name: 65, who\_line\_key: 35610)

Merksemda blir retta mot *problemstilling*, lik merksemda blir retta mot *tingene hennes*, men ikkje ved å fysisk peike på problema, berre nemne dei. Problemstillingar er konseptualisert som eit fysisk objekt, jf. metaforen ABSTRAKTAR ER KONKRETAR.

### 3.9.5 Samansett form PÅPEKE

Det er berre eitt døme med samansett form PÅPEKE i materialet. Lik frasen er denne også transitiv.

(146) «men jeg husker at jeg har foreldre som stadig **påpekte** da e hvor e stygt det var # å høre på» (who\_name: 184, who\_line\_key: 95352)

*Hvor e stygt det var # å høre på* er eit uttrykk for opplevinga av språk. PÅPEKE tyder **seia, uttrykkje, rette merksemd mot**. Språk er her lyd, og dermed ikkje noko ein kan sjå, berre høyre.

### 3.9.6 PEKE PÅ vs. PÅPEKE

Eg har 2 døme med frasen PEKE PÅ og eitt med samansett form PÅPEKE. Både frasen og den samansette forma er transitiv.

Med eit fysisk objekt kan PEKE PÅ uttrykkjer det å fysisk rette til dømes fingeren mot ein referent. Utan ein synleg eller fysisk referent, altså SD til PÅ, uttrykkjer PEKE PÅ rette merksemd mot ved å nemne/seia. Det er denne siste tydinga den samansette forma har. Då er det berre tydinga **velja ut referent å rette merksemd mot** som er halde ved, ikkje tydinga fysisk peike.

Det er ingen umiddelbar skilnad på den ikkje-fysiske bruken av PEKE PÅ og PÅPEKE i desse to døma.

### 3.9.7 Frasen STÅ PÅ

Det er 147 døme med frasen STÅ PÅ i materialet. STÅ PÅ er transitiv og intransitiv, og den transitive har ikkje same tyding som den intransitive. Fyrst tek eg føre meg den transitive.

(147) «sparken min **står på** låven» (nes\_04gk)

(148) «[...] vi **står på** den store skoletrappa [...]» (brunlanes\_04gk)

Subjektet *sparken min/vi* er PD til STÅ og PÅ, *låven/skoletrappa* er SD til PÅ. STÅ PÅ i døme (147) og (148) uttrykkjer kontakt mellom PD og SD, PD er over/høgare enn og i kontakt med SD. *Låven* er metonymi for innsida, *sparken* står inne i låven, på eit golv eller liknande. STÅ uttrykkjer den vertikale tilstanden til PD, *vi* og *sparken* er oppreist. STÅ PÅ har her ei romleg tyding. Døme (147) har det Krogstad (2000) kallar umarkert og generell romleg tyding, SD fungerer som eit orienteringspunkt. Og i (148) har PÅ det Krogstad kallar markert og spesifikk tyding, SD er ei flate eller line, eit vertikalt plan.

Transitive STÅ PÅ kan også uttrykkje aktivitet, og SD til PÅ uttrykkjer reiskap/utstyr eller måte/type aktivitet. Sjå til dømes (149) og (150).

(149) «[...] det var mange som e **sto på** ski» (who\_name: 63, who\_line\_key: 34061)

(150) «det er gøy å **stå på** # slalåm» (rena\_02uk)

STÅ PÅ refererer ikkje til ei statisk handling i desse døma, men ei dynamisk handling. *Ski* har fleire tydingar, både reiskapen ski og sjølv aktiviteten. For å stå på ski må ein naturlegvis ha ski på beina, men STÅ PÅ ski tyder å **halde på med aktiviteten skigåing**. Lik *ski* har *slalåm* også fleire tydingar, og uttrykkjer her både type aktivitet, type utstyr og måte å gå på ski. Jf. også GÅ AV *sykkelen* med liknande relasjon 3.3.8. Den fysiske kontakten er mellom PD (føtene til eit menneske) og SD (reiskap/utstyr). STÅ PÅ uttrykkjer dermed både aktivitet, måte og middel. *Ski* og *slalåm* uttrykkjer type aktivitet og utstyr for aktiviteten.

Ei tredje tyding finn ein nedanfor.

(151) «det er vel reker trur jeg som **står på** menyen # etterpå» (langesund\_04gk)

I (151) uttrykkjer STÅ PÅ *menyen* ein plan for rett til eit måltid, utan at det er meint som innhald i ein fysisk meny. Ein fysisk meny er nedskriven tekst. Krogstad (2000, s. 37) klassifiserer «skrift og papir som lokalisert objekt og referanseobjekt» som ei tydingsutviding innanfor romdomenet. Her gjev Krogstad døme som «15 Det stod på siste side. 16 åtte stykker foran ham på listen». Det Krogstad kallar lokalisert objekt er skrifta, som i 15 og 16 er *Det* som stod på siste side, og han og dei åtte som er oppførte på lista. *Side* og *listen* er referanseobjekt (SD). I verken Krogstad sine døme eller (151) treng SD-en (eller referanseobjektet) å referere til eit faktisk eksisterande objekt, det kan vera eit tenkt objekt. *Reker* i

(151) er metonymi for ein rett med reker. *Menyen* kan vera ei påtenkt liste med nedskrivne rettar, lik ei fysisk liste/meny er.

I (152) uttrykkjer PÅ eit eigeforhold, altså ein possessiv relasjon.

(152) «har jo noen børser etter M7 vet du som **står på** meg» (aremark\_04gk)

Det å ha noko på seg er å eige. Eigaren av våpenet må også vera registrert som eigar, det er altså nedskrive i eit dokument at eigaren er lovleg eigar av våpenet. Informanten refererer her til dette registeret ved å seia *står på meg*.

Ein siste bruk av transitive STÅ PÅ er i tydinga **koma an på, avhenge av**.

(153) «men det er vel mye det det # **står på** au» (vinje\_04gk)

(154) «å nei (laughter) det er ikke det det **står på**» (vang\_02uk)

Eit forhold er avhengig av eit anna forhold, på same måte som eit fysisk objekt blir stødd opp av eit anna objekt. Altså utan eit underlag vil ikkje objektet lenger stå, og slik bli inaktivt og ikkje vera gjeldande (jf. STÅ OPP 3.7.13). STÅ PÅ som uttrykk for å vera aktiv ser ein også i intransitive STÅ PÅ under.

Intransitive STÅ PÅ tyder **vera aktiv**, jf. skiljet *på-av*.

(155) «[...] mens dem lot vaskemaskinen **stå på** da» (who\_name: 26, who\_line\_key: 10572)

(156) «hvis den vifta **stå på** på fullt [...]» (who\_name: 101, who\_line\_key: 55641)

(157) «det var ikke noe hyggelig mens det **sto på**» (who\_name: 129, who\_line\_key: 71422 )

(158) «ville vi noe så måtte vi **stå på stå på** sjøl» (alvdal\_04gk)

I alle fire døma er det noko som er aktivt, men (158) har i tillegg tydinga **vera aktiv ved å arbeide hardt**. I STÅ OPP såg me også korleis STÅ uttrykkjer aktiv, jf. 3.7.13, som er tilfellet i desse døma også. I (155) er vaskemaskinen i gang. Med maskinar har ein nettopp dette skiljet mellom på og av. Ein skrur dei på og dei blir aktive, og skrur dei av og dei blir inaktive. *Vifta* i (156) er også ein maskin som er i gang, blada på vifta går rundt når ho står på. I (157) refererer pronomenet *det* til ein situasjon, ein krangel. Denne krangelen er i gang og er aktiv når han står på. Så i (158) tyder STÅ PÅ **arbeide med ein viss intensitet**, og denne liknar dei andre ved å uttrykkje det å vera aktiv eller i gang med ein aktivitet.

Det er ein tonemskilnad mellom dei transitive og dei intransitive. Dei transitive har tonem 1 og dei intransitive har tonem 2.



### 3.9.8 Samansett form PÅSTÅ

Eg har 43 døme med samansett form PÅSTÅ i materialet. Alle desse har same tyding, og dei tek anten ei leddsetning om objekt eller *det* refererer til ei leddsetning.

- (159) «og så sa jeg at du **påsto** at du ikke huska så mye» (who\_name: 97, who\_line\_key: 53019)
- (160) «men hun **påstår** hun syns det er gøy» (who\_name: 114, who\_line\_key: 53019)
- (161) «de **påsto** det at når de ble [...]» (drevsjoe\_ma\_01)
- (162) «ja # de **påstod** det» (who\_name: 103, who\_line\_key: 57142)

I (159) og (160) og fungerer *at du [...]* og *hun syns det er gøy* som objekt. Eg skal ikkje diskutere strukturen og bruken av *det* i (161) noko vidare, men reknar berre at *det* her refererer til innhaldet i neste leddsetning. I (162) refererer *det* til innhaldet i noko samtalepartnar informant 104 har sagt i samtale med informant 103.

PÅSTÅ tyder her å **hevde, meine, seia for visst**<sup>20</sup>. Det som blir hevda eller meint er uttrykt i leddsetninga som fungerer som eit objekt. Den som PÅSTÅR viser til eit forhold eller ytrar eit forhold som blir teke for å vera sant. Det er inga direkte lenkje mellom tydinga til den samansette og frasen i desse døma. Det blir hevda noko, mogeleg til tross for kva andre meiner, og ein er sikker i si sak. Argumentet eller forholdet som blir ytra, kan bli konseptualisert som ein plass dei ikkje flytter seg frå, og PÅSTÅ er slik ein metaforisk ekstensjon av den romlege tydinga i STÅ PÅ<sup>21</sup>.

### 3.9.9 STÅ PÅ vs. PÅSTÅ

Det er mogeleg å dele opp dei 147 STÅ PÅ-døma i 6 ulike tydingar, og dei 43 PÅSTÅ-døma har berre éi tyding. Tydinga **hevde, meine, seia for visst** til PÅSTÅ finn ein ikkje att i STÅ PÅ-døma. Det er ei mogeleg lenkje mellom STÅ PÅ og PÅSTÅ, gjort greie for over (3.9.8), men ho manglar noko støyte i data.

### 3.9.10 Frasen TA PÅ

Eg har 24 døme med frasen TA PÅ i materialet. Denne frasen er reflektiv i desse døma.

- (163) «jeg gadd ikke å **ta på meg** jakka en gang ikke sant» (who\_name: 32, who\_line\_key: 15119)

---

<sup>20</sup>«seia for visst» er henta får NN

<sup>21</sup>Kan jamføre uttrykket «stå på sitt»

*Jeg* er PD i TA og *jakka* er SD til TA. *Meg* refererer til same person som *jeg* og er SD til PÅ, og *jakka* er PD til PÅ. Frasen tyder **klede på (seg)**, altså leggja eller setja tøy om eller rundt kroppen. 21 av dei 24 døma har denne tydinga, som er romleg med deltakarar i det fysiske rommet. Jamfør DRA PÅ (3.9.1) som også er nytta til å uttrykkje liknande prosess (t.d. døme (141)).

Dei andre døma refererer ikkje til å klede/leggja/setja på (seg) tøy eller fysiske gjenstandar. I (164) er det eit gjeremål eller arbeid nokon seier seg villig til å utføre.

(164) «der var det så mange som **tok på seg** slike oppdrag» (kirkenaer\_04gk)

*Slike oppdrag* er konseptualisert som ein fysisk gjenstand ein tek på seg, altså set eller legg om og rundt seg. TA uttrykkjer igjen eit slags eigeforhold, lik TA OPP (jf. 3.7.16). I (163), med ein fysisk deltakar, er resultatet at *jeg* har *jakka* på seg, og slik ber ho. Oppdraget i (164) er eit gjeremål eller arbeid ein seier seg villig til å utføre, og ber det metaforisk på kroppen. Oppdraget det blir referert til er snømoking. Merk at det er prosessen å seia seg villig til å utføre gjeremålet eller arbeidet det blir referert til, ikkje det å faktisk utføre arbeidet.

### 3.9.11 Samansett form PÅTA

I materialet er det to døme med samansett form PÅTA. Lik frasen er desse transitive.

(165) «[...] sånn rådgivningsfirma som # **påtok** seg jobb med å være kommunikasjonsrådgivere [...]» (who\_name: 128, who\_line\_key: 70181)

(166) «så skal man jo ikke **påta** seg med # oppdrag for em [...]» (who\_name: 128, who\_line\_key: 70183)

Tydinga til desse er den same som TA PÅ i tyding **seia seg villig til å utføre gjeremål eller arbeid**. Merk den tydelege likskapen til frasen i (164), både i tyding og form. Denne samansette forma har dermed ikkje romleg tyding.

### 3.9.12 TA PÅ vs. PÅTA

Det er 24 døme med frasen TA PÅ i materialet og 2 med samansett form PÅTA. Begge er refleksive.

Frasen uttrykkjer to tydingar, den eine og den mest frekvente er **klede på (seg)**, **leggja/setja klesplagg om eller rundt (seg)**, og den andre og minst frekvente er **seia seg villig til å utføre gjeremål eller arbeid**. Den samansette forma har same tyding som den minst frekvente av frasen, som det er tre døme på. Det

er ikkje noko tydeleg skilje mellom frasen og den samansette forma i desse døma. Her kan ein sjå på skilnadene mellom informantane.

Dei tre døma med frase har éin informant frå NoTa og to frå NDC. Informant 120 frå NoTa-korpuset er ei kvinne på 52 år, med låg utdanning, yrke klassifisert som kontor og ho bur på Gamle Oslo. Informantane frå NDC er ei eldre kvinne frå Kirkenær og ei eldre kvinne frå Rena. Dei to døma med PÅTA kjem frå ein og same informant, som er ein mann på 52 år, med høgare utdanning, yrke er klassifisert som kontor, han har budd lengst på Grünerløkka. Dette forholdet mellom informantane kan igjen peike i retning av meir bruk av samansett form i formelt språk. Det er ikkje berre bakgrunnen til informantane som her kan forklare skilnaden mellom frase og samansett form. Formelt og uformelt språk gjev seg også uttrykk i temaa i dei ulike samtalene. Informant 128 snakkar om kommunikasjonsbransjen og lover og etiske retningslinjer innanfor den bransjen. Dette temaet vil føre med seg eit meir formelt språk, særleg om informanten gjenfortel informasjon han har lese. Til samanlikning snakkar informant kirkenær\_04gk, i døme (164) med *tok på seg*, om bønder som som seier seg villig til å utføre mokearbeid.

Dette paret viser ikkje at stil, formelt-uformelt språk, påverkar valet av samansett form og frase – datagrunnlaget er ikkje stort nok. Men skiljet i stil, som fleire viser til (til dømes Ongstad (1974), Falk og Torp (1900) og Faarlund et al. (1997)), kan heller forklare kvifor frase er nytta i det eine dømet og frase i det andre.

### 3.9.13 Oppsummering PÅ

PÅ uttrykkjer PD i kontakt med SD er den grunnleggjande romlege tydinga. Denne kontakten mellom PD og SD kan vera målet, som fylgje av verbet, til dømes i DRA PÅ. Kontakten treng ikkje vera fysisk, som i PEKE PÅ, og treng heller ikkje referere til det romlege domenet.

## 3.10 TIL-par

Det er 6 TIL-par i materialet: FØRE TIL–TILFØRE, GI TIL–TILGI, HØRE TIL–TILHØRE, PASSE TIL–TILPASSE, SETTE TIL–TILSETTE, TREKKE TIL – TIL-TREKKE.

I Kristoffersen og Runde (2006) er det, innanfor eit kognitivt rammeverk, gjevne det Kristoffersen og Runde kallar «ei skisse av semantikken til preposisjonen *til*». Kristoffersen og Runde skriv at abstrakte tydingsselement er avleidde

frå ulike «fysisk funderte tydingselement», og at den lokative tydinga til TIL er meir grunnleggjande «i forhold til andre meir abstrakte tydingar» (2006, s. 15). TIL i si lokative tyding blir gjeve eit biletskjema med dei strukturelle elementa startpunkt-rute-sluttpunkt, men ikkje alle desse elementa vil til ei kvar tid vera *definerte* (fonologisk uttrykt). Det er altså «to einingar som er bundne saman på ein asymmetrisk måte via ei “rute”» og «fokus ligg anten på ein kombinasjon av rute og sluttpunkt, på sluttpunkt aleine, eller på utstrekning eller retning mot eit sluttpunkt» (2006, s. 17). Eit anna viktig poeng er at rørsletydinga ikkje er ein del av preposisjonen, men kjem av verbet. Dette ser ein av skilnaden mellom HØRE TIL og SETTE TIL.

(167) «har du mista den tråden som **hører til** den skjorta?» (who\_name: 106, who\_line\_key: 59068)

(168) «og fant fram en stol og **satte til** dem og sa # “må dere vær så god å sette dere # [...]”» (flaa\_ma\_01)

I HØRE TIL er det berre ein possessiv relasjon, medan i SETTE TIL flytter ein ein gjenstand og har dermed rørsletyding. Det er berre i SETTE at det er ei rørsletyding, som kjem av verbet SETTE. HØRE uttrykkjer ikkje rørsle, og det er heller ikkje rørsle i HØRE TIL.

Etter Radden (1985) uttrykkjer TIL mot eit mål som eit punkt, utan omsyn til dimensjonar.

### 3.10.1 Frasen FØRE TIL

Eg har 2 døme med frasen FØRE TIL i materialet. I desse døma fungerer leddsetninga som objekt.

(169) «nå håper jeg jo på at e ## det her vil **føre til** at jeg ## rett\_og\_slett skal starte opp [...]» (who\_name: 168, who\_line\_key: 86531)

(170) «der har jeg d- # jeg **fører til** at jeg går på UB og [...]» (who\_name: 42, who\_line\_key: 22313)

I (169) refererer *det her* til utdanning. I (170) «ombestemmer» informanten seg undervegs, og det er ikkje uttrykt noko subjekt <sup>22</sup>.

Tydinga til FØRE TIL er i desse døma **forårsake, verke som årsak**, ei hending eller handling er årsak til ei hending eller handling. Informant 168 i (169) håpar utdanning kan verke som årsak til at/gjera så ho kan starte opp *egen praksis*.

Denne tydinga er ikkje romleg, men eit uttrykk for årsak. Jamfør del 3.5.1 kor eg viste til NN-tydinga av *føre*: «1 flytte, frakte, ha med (seg)». Det er ikkje referert

<sup>22</sup>*jeg* er opplagt ikkje subjektet i denne samanhengen

til rørsle i FØRE TIL. Verknad av til dømes utdanning gjev nye mogelegheiter, og kan vise veg. Veg er ein metafor for framtid med bestemte hendingar eller handlingar som sluttunkt/mål. Dei kommande hendingane eller handlingane er då sluttunktet i Kristoffersen og Runde (2006) sitt biletskjema. TIL uttrykkjer ikkje retning mot eit fysisk område eller fysisk gjenstand, men mot ei hending eller handling. Alt dette viser at FØRE TIL ikkje uttrykkjer ein romleg relasjon eller prosess, i desse døma.

### 3.10.2 Samansett form TILFØRE

Eg har 3 døme med samansett form TILFØRE i materialet. TILFØRE er transitiv, med direkte og indirekte objekt.

- (171) «han **tilførte** Vålerenga mye penger da» (who\_name: 66, who\_line\_key: 35376)
- (172) «ja hva føler du at det **tilfører** som # ikke andre ord [...]» (who\_name: 42, who\_line\_key: 21519)
- (173) «hvis jeg # noen gang får egne barn # at jeg kan **tilføre** det da» (sycling\_02uk)

Berre (171) har eksplisitt direkte og indirekte objekt, *Vålerenga* og *mye penger*. (172) er ei spørjesetning og berre direkte objekt er uttrykt, ved *hva*. I (173) er heller ikkje direkte objekt uttrykt, *det* refererer her til gamaldags mat, og mottakaren er dei hypotetiske eigne borna.

TILFØRE tyder **gje, skaffe**<sup>23</sup>, **koma med**. Subjektet *han* i (171) gjev eller skaffar *mye penger* til *Vålerenga*. Det kjem ikkje tydeleg fram korleis *han* skaffar klubben *Vålerenga* pengar, men *han* er uansett årsaka til pengane. *Vålerenga* er her sluttunkt for pengane.

I dei to siste er **bidra med** riktigare definisjon av tydinga. Pronomenet *det* refererer til banning i (172), og det implisitte sluttunktet, og då SD til TIL-, er språket og ulike talesituasjonar. Banning bidreg med ein effekt til talesituasjonen det er nytta i.

-FØRE har ikkje romleg tyding i desse døma, heller ikkje TIL-. Det blir ikkje gjeve fysiske gjenstandar. Pengar kan vera fysiske, og det er ikkje overraskande at romlege FØRE, som **flytte, frakte**, uttrykkjer det å gje/skaffe pengar i (171). *Vålerenga* er ein metonymi for klubben sin bankkonto eller klubbkasse, konseptualisert som sluttunktet (ein behaldar) for pengane. I (172) er banning konseptualisert som ein gjenstand ein flytter over i språket eller ein talesituasjon.

---

<sup>23</sup> *gje, skaffe* er etter NN og BM

### 3.10.3 FØRE TIL vs. TILFØRE

Det er få døme med frasen FØRE TIL og samansette TILFØRE, 2 mot 3. FØRE TIL har i desse døma ei leddsetning som objekt, medan TILFØRE tek både direkte og indirekte objekt.

Ingen av dei har romleg tyding her, men utover det er ikkje tydinga den same. I døma med frase leier ei hending eller handling mot ei anna hending eller handling, ved at den fyrste hendinga er årsak som leier til ein verknad. I døma med TILFØRE blir ein abstrakt gjenstand, som pengar eller banning, «frakta eller flytt» mot ein mottakar. Frasen har ingen mottakar lik den samansette forma.

Det dei har til felles er at det er hending eller handling som skapar effekt. Merk også korleis det i både frase og samansett form er ein konseptuell veg mot eit mål, og ein kan jamføre desse tydingane med den romlege leie/frakte/flytte-tydinga frå NO.

### 3.10.4 Frasen GI TIL

Eg har 6 døme med frasen GI TIL i materialet mitt. Dei har to objekt, verbet tek eit objekt og preposisjonen tek eit objekt/utfylling<sup>24</sup>. Frasen har ein gjevar, eit middel/produkt og ein mottakar, som (174) viser.

(174) «sist han var på setra så tømte han jo kolonialen for brød for å **gi til** sauene» (langesund\_03gm)

*Sauene* er sluttpunktet for *brød*, som her beveger seg eller blir flytt frå *han* og i retning av *sauene*. SD til TIL er *sauene*, og PD er *brød*. PD til GI er her *han*, og SD *brød*. I dette dømet er det uttrykt ein romleg relasjon mellom eit menneske, fysisk gjenstand og dyr. I den faktiske situasjonen ovanfor treng ikkje overføringa vera så bokstaveleg og direkte, men eg problematiserer ikkje dette ytterligare her.

Deltakarane, då særleg PD til TIL, treng ikkje vera fysiske storleikar. I (111) er PD til TIL *pengene*, og som eg tidlegare har vore inne på er pengar ein plass mellom å vera fysiske og abstrakte.

(175) «ja # nei dem burde heller gi # de pengene dem **gir til** lærerene sånn sett» (who\_name: 30, who\_line\_key: 13625)

(176) «så er det et råd jeg vil **gi til** folk [...]» (who\_name: 108, who\_line\_key: 59571)

Eit råd, som i (176), er heilt klart ikkje ein fysisk gjenstand. Det er ikkje store skilnaden på desse tre, anna enn at ein kan kalle døme (174) for romleg, noko

<sup>24</sup>Verbet GI kan riktig nok uttrykkje same relasjon utan TIL

(175) berre kan vera om det er referert til fysiske pengar som myntar og setlar.

GI TIL tyder **føre eller flytte objekt (fysisk og ikkje-fysisk) i retning av nokon så dei får det «i eige»**.

### 3.10.5 Samansett form TILGI

I materialet har eg eitt døme med samansett form TILGI. Den samansette forma er transitiv lik GI TIL, men til skilnad frå frasen er det ikkje eksplisitt uttrykt både direkte og indirekte objekt. Sjå (177) med objektet *han (Per Aabel)* og subjektet *vi*.

(177) «Per Aabel han **tilga** vi for han var jo (uforståelig) Per Aabel da» (who\_name: 107, who\_line\_key: 60197)

NN definerer TILGI som «la vere gløymd, ikkje lenger rekne (ein) til last», *vi* i (177) lèt kva enn *han (Per Aabel)* har gjort vera gløymd. Det blir ikkje referert til ei overføring av ein gjenstand mellom ein PD og SD lik frasen.

### 3.10.6 GI TIL vs. TILGI

Frasen GI TIL er meir frekvent i materialet enn samansette TILGI, 6 mot 1. GI TIL har eksplisitt uttrykt indirekte og direkte objekt, for mottakar og det gjevne, medan TILGI berre tek eit objekt. Tydinga til frasen og den samansette forma er tydeleg åtskilt. Frasen uttrykkjer ei overføring av ein fysisk eller abstrakt gjenstand mellom ein gjevar og ein mottakar, og gjenstand. Den samansette forma uttrykkjer ikkje ei slik overføring, personen subjektet refererer til lèt ei handling vera gløymd. Mottakaren i døma med frasen uttrykkjer sluttpunktet i TIL, TILGI uttrykkjer ikkje eit slikt sluttpunkt fordi det ikkje er ein mottakar som får ein gjenstand, eller det er overhovudet ikkje klart kva sluttpunktet skal vera.

Eit viktig poeng er her at TILGI er eit lån frå tysk gjennom dansk. Dette er truleg årsaka til at det ikkje er eit mogeleg samband å vise til mellom TILGI og GI TIL. Falk og Torp skriv at den middelnedertyske tydinga av mnt. *tôgeven* var «give paa kjøbet, indrømme, eftergive, tilgive»(1991, s. 900), og allereie meir abstrakt enn GI TIL og leksikalisert. Merk også at norrønt hadde *fyrirgefa* med same tyding. TILGI har ikkje «erstatta» ein frase som GI TIL, men *fyrirgefa*.

### 3.10.7 Frasen HØRE TIL

Eg har 28 døme med frasen HØRE TIL i materialet. Det er små skilnader på dei ulike døma.

(178) «for du e # du **hører til** en plass der du har en dialekt» (aal\_04gk)

- (179) «har du mista den tråden som **hører til** den skjorta?» (who\_name: 106, who\_line\_key: 59068)
- (180) «det var jo spesielt i det kullet som jeg **hørte til** så var vi jo mange her [...]» (aremark\_03gm)

I dette dømet gjev det mest meining å gjera greie for tydinga fyrst. HØRE TIL tyder **ha samband med**, og uttrykkjer eit eigeforhold eller partitivitet, og fleire einingar dannar ein heilskap. I (178) er referenten til subjektet *du* ein del av ein *plass*, *plass* står i dette dømet for eit samfunn som held til på eit avgrensa geografisk område, og dialekten er sambandet mellom folka i samfunnet. *Tråden* i (179) er ein del eller er meint å vera ein del av *skjorta*. I (180) er *jeg* ein del av eit kull som har det sambandet at dei er fødd i same år og går på same skule.

TIL uttrykkjer ikkje rørsle mot eit sluttunkt i dette dømet, fordi HØRE ikkje refererer til rørsle. HØRE refererer heller ikkje til å sanse med høyrsla i desse døma. Frasen lokaliserer ein PD, *du*, *tråden*, *jeg*, ved SD, *plass*, *skjorta*, *kull*, og då som ein del av ei større eining. Det er ein statisk prosess utan retningstyding. Akkurat korleis HØRE TIL har fått denne tydinga, er eit anna spørsmål, som eg ikkje kan seia stort om her. Merk likevel at HØRE har liknande tyding i andre frasar som: «høyre heime, høyre saman, høyre med».

### 3.10.8 Samansett form TILHØRE

Eg har 25 døme med samansett form TILHØRE i materialet. TILHØRE er transitiv lik frasen.

- (181) «og så her **tilhører** vi Kirkebygda» (enebakk\_04gk)
- (182) «og jeg **tilhørte** Sota-gjengen» (langesund\_04gk)

Tydinga til den samansette forma er også **ha samband med eller tilknytning til**. Subjektet *vi* i (181) er ein del av *Kirkebygda*, som igjen er eit samfunn som held til på eit geografisk avgrensa område. I (182) er subjektet *jeg* del av *Sota-gjengen*, som er ei gruppe menneske.

Falk og Torp (1991, s. 900) skriv om TILHØRE: «sv. *tillhöra*, oldn. *heyra til e s*, *heyra e-m til* == mnt. *tôhören*, egentl. «høre paa» (som nht. *zuhören*, sml. *tilhører*)[...]. Ordet anvendtes oprindeligt om de livegne: sml. *hørig*(under *høre*), og overførtes derfra paa livløse gjenstande». Vidare om HØRE skriv Falk og Torp:

«Af betydningen «høre, lytte» udgaar «laane øre til, høre paa, adlyde»; sml. det bibelske [«]dersom I høre mine bud og være en hørig og lydig[»] samt overhørig og se adlyde. Heraf igjen «tilhøre» (sml. oldn. *heyra til e-s* eller *heyra e-m til*); og videre «henføre til, vedkomme, høre



sammen med»; [...] En afledning er [«]hørig[»] i forbindelsen «hørig og lydig» samt som ældre navn paa fæstebønder som præsterede hove-ri til hovedgaarden; ordet er laant fra mnt. *hōrich* «lydig, tilhørende», nht. *hörig* «afhængig, undergiven»; [...]» (1991, s. 323).

### 3.10.9 HØRE TIL vs. TILHØRE

Paret HØRE TIL-TILHØRE liknar paret TA OVER-OVERTA (jf. 3.8.12) ved at begge har mange døme med frasar og samansette former med tilsynelatande lik tyding. TA OVER-OVERTA er riktig nok meir frekvent med 61 døme med frase og 46 døme med samansett form. I materialet har eg her 28 døme med HØRE TIL og 25 døme med TILHØRE. Både frasen og den samansette forma er transitive i dette dømet og begge har same tyding **ha samband med, tilknytning til**. I døme med både frase og samansett form kan eit objekt ha tilknytning eller samband med eit område, ein gjenstand eller eit menneske.

Der er ein tydeleg skilnad mellom NoTa-korpuset og NDC Austlandet for dette paret. Begge korpusa har døme med både samansett form og frase, men dei er ikkje jamt fordelte. Av 25 døme med samansett form er berre 6 frå NDC. Av 28 døme med frasar er berre 9 frå NoTa. HØRE TIL er vanlegare i NDC enn NoTa, og TILHØRE vanlegare i NoTa enn NDC. Denne skilnaden stemmer overeins med tala frå paret TA OVER-OVERTA, kor TA OVER er det mest frekvente i NDC og frase og samansett form er jamnare fordelt i NoTa (jf. 3.8.12). Det er vanleg å rekne med at samansett form er vanlegare i bokmål og formelt/høgtidleg språk (jf. 1.2). Gjeve at det i Oslo-området er dialektar som ligg nærare bokmål og såkalla formelt/høgtidleg språk, vil det vera størst sjanse for å nettopp finna samansett form i NoTa. Funna med TA OVER-OVERTA og HØRE TIL-TILHØRE stør opp om dei tidlegare skildringane.

Riktig nok er det døme med informantar som nyttar både samansett form og frase, til dømes informant drangedal\_ma\_01.

(183) «var en del skau på på neset på østre sida der som # **tilhører** han ennå»  
(drangedal\_ma\_01)

(184) «og så var det Brentøy og de små øyene der de **hørte til** Ytre Vefall»  
(drangedal\_ma\_01)

Desse to døma kjem direkte etter kvarandre i opptaket, og viser at det er variasjon også på individnivå. Døma med frase og samansett form er frå ulike informantar frå ulike plassar og med ulik bakgrunn og alder i begge korpusa.

Begge dei to døma over er gamle opptak. I det eine dømet er kjelda eit menneske, i det andre er kjelda eit (vilkårleg definert) geografisk område. Det er to

andre døme med menneske som kjelde (og då eigar), dei er med frasen, og dei to er også frå dei eldre opptaka. Til dømes 185.

(185) «[...] og så skreiv de altså navnet at der # det **hørte til** den mannen» (flaa\_ma\_02)

Heller ikkje type kjelde kan vise ein skilnad mellom frase og samansett form i desse døma.

### 3.10.10 Frasen PASSE TIL

Eg har 6 døme med frasen PASSE TIL i korpus.

(186) «[...] jeg har jo sånn e # kanskje den **passer til** deg # tigerdrakt» (who\_name: 188, who\_line\_key: 96792)

Subjektet *den* i (186) refererer her til ei drakt. PASSE TIL tyder i dette dømet **stemme overeins, vera høveleg (i storleik)**. PD, *tigerdrakt*, har høveleg storleik for SD *deg*, det er eit samsvar mellom storleiken til PD og SD og dei utfyller kvarandre.

I (186) er deltakarane fysiske gjenstandar, og det er dei fysiske eigenskapane som blir samanlikna og stemmer overeins. Det same gjeld (187), men den fysiske eigenskapen er ikkje storleik, men ei subjektiv oppfatning av kva som ser pent, ordentleg eller høveleg ut<sup>25</sup>.

(187) «og den at genseren **passer til** buksa det er greit liksom» (who\_name: 189, who\_line\_key: 98599)

Det treng ikkje vera storleiken til PD, *genseren*, som skal vera høveleg til SD, *buksa*, det kan like gjerne vera farge eller anna form. Forholdet genser og bukse er noko ganske anna enn genser og overkropp.

I dei 4 siste er det ikkje slike fysiske eigenskapar som blir samanlikna.

(188) «attmed T-banenedgangen # den beskrivelsen **passer til** tre plasser # så # og jeg visste om to av dem» (gauldal\_01um)

(189) «øl er fint det **passer til** alt det» (roemskog\_01um)

(190) «ja dere burde jo **passer til** å flytte sammen da» (who\_name: 114, who\_line\_key: 62368)

I (188) stemmer ei skildring av eit område overeins med andre område. Ei skildring av eit område gjev konseptuelle bilete av plassar som liknar. Lik ei drakt kan bli tredd over kroppen, kan ein sjå på skildringa av området som tredd over plassen, og på den måten vera lik eit område. Døme (189) liknar meir på (187),

---

<sup>25</sup>Det same kunne ha vore tilfelle i (186), men utifrå konteksten verkar det berre å vera storleiken dei her siktar til

ein skal tykkje smaken av øl harmonerer med andre smakar. Og i (190) er det eit forhold mellom to personar som stemmer overeins med forholdet og relasjonen ein tenkjer seg at sambuarar har. Forholdet er høveleg til å kunne bu i lag. I alle desse blir PD konseptualisert som eit fysisk objekt som har nokre eigenskapar som stemmer overeins eller er høvelege for SD-en. Merk også korleis SD til TIL er eit mål, også i dei som ikkje er romlege.

### 3.10.11 Samansett form TILPASSE

Det er 6 døme med samansett form TILPASSE i materialet mitt. Ein viktig skilnad frå frasen er at den samansette forma er reflektiv i desse døma, og har i dei fleste døma tre argument mot to i frasen.

- (191) «[...] altså matesystemet vårt em må **tilpasse** seg T-banen» (who\_name: 128, who\_line\_key: 7020)
- (192) «ikke det at jeg var bevisst på at jeg skulle forandre språket men man # **tilpasser** [seg]<sup>26</sup> jo» (who\_name: 69, who\_line\_key: 39028)
- (193) «men e det er klart du må # du må **tilpasse** deg skal du preke med en oslomann» (nissedal\_01um)

Det blir referert til ein dynamisk prosess i desse døma. *Matesystemet* endrar seg, eller blir endra, så det blir høveleg for *T-banen* i (165). I (192) står *man* for talespråket som endrar seg og samsvarar andres talespråk, og (193) uttrykkjer også å gjera talespråket likare eller meir tilgjengeleg for andre. TILPASSE tyder **endre seg (i retning av noko(n))**. Målet eller sluttpunktet for endringa er noko som er likare eller stemmer betre overeins med SD til TIL-. I (191) er SD til TIL- *T-banen*. I dei to siste døma er ikkje SD uttrykt som objekt lik (191), men det er andre personar sitt talespråk som er SD i desse døma.

### 3.10.12 PASSE TIL vs. TILPASSE

I materialet har eg 6 døme med frasen PASSE TIL og 6 døme med samansette TILPASSE. Til skilnad frå frasen er døma med samansett form refleksive.

Frasen uttrykkjer ein tilstand, medan den samansette forma uttrykkjer ein dynamisk og kausativ prosess – å TILPASSE gjer at noko kan PASSE (TIL). Dette ser ein ved at frasen refererer til forholdet mellom eigenskapane til to deltakarar, og den samansette forma refererer til ei endring av «eigenskapane» til ein deltakar i retning av ein annan. Dei to har tydeleg åtskilt tyding. Målet for prosessen den

---

<sup>26</sup>*seg* er transkribert som *jeg*, men informanten seier tydeleg *seg* i opptaket.

samansette forma uttrykkjer, er tilstanden frasen uttrykkjer. Når *matesystemet* er tilpassa T-banen i 191, kan ein seia det passar til T-banen.

Etymologisk skal PASSE i frasen og den samansette forma ha same opphav. Falk og Torp (1991) skriv at PASSE i tyding «ha det rette maal» og «indrette etter maaal»<sup>27</sup> er lånt frå middelnedertysk *passen* og at verbet er avleidd av «pas IV» som tyder «(rette maal eller tid), nu kun i til pass (tilpass) «tillags, passende, beileilig»» (1991, s. 589). Aasen (1918) fører opp Passa som «verbum activum (med Objekt) og verbum neutrum (uden objekt)», og merkar at tydinga «1) passe, sømme sig» er «Lidet brugl[ig]» (1918, s. 566). Knudsen (1881) fører også fyrst opp tydinga «afpasse, faa til at p.» og seinare «harmonere» (1881, s. 592). Om PASSE kan tyde «få til å passe» utan preposisjon (partikkel/adverb, altså *passe lista* i tyding **få lista til å passe**) er uvisst. NO skriv at transitive PASSE er med adverb, her er det gjeve døme som «Passa det til» og «han kunde ikkje og vilde ikkje passe seg»<sup>28</sup> inn no (*livet på garden*). Uansett kan PASSE i ulike samanhengar tyde både **vera høveleg for** og **gjera høveleg for**. I dette materialet har PASSE berre tydinga **gjera høveleg for** i den samansette forma (som også er tilfellet i BM og NN). Så akkurat for skilnaden mellom PASSE TIL og TILPASSE er det her ein skilnad mellom PASSE som skildrar tilstand og PASSE som er kausativ og uttrykkjer endring.

PASSE TIL uttrykkjer altså eit forholdet mellom to objekt (som kan vera veldig abstrakte), og det eine objektet blir sett opp mot det andre, ingen påverkar kvarandre i nokon grad. TIL knyt den eine deltakaren til den andre, og slik blir dei også samanlikna. TILPASSE uttrykkjer inga samanlikning, ein deltakar påverkar ein annan. Målet, som TIL uttrykkjer retning mot, er det PD (figuren) i PASSE TIL blir sett opp mot/samanlikna med. Merk då særleg døme (191) med *tilpasse seg T-banen*, i dette dømet skulle *matesystemet* bli likare eller meir høveleg for *T-banen*, som då er målet. Verbrotta er her transitiv, mot intransitiv i PASSE TIL (etter desse døma). TIL uttrykkjer då det same i både TILPASSE og PASSE TIL, retning som knyt to einingar saman. I TILPASSE blir PD endra mot SD, altså SD er målet og sluttpunkt for endringa. Og skilnaden mellom frase og samansett form ser her ut til å vera skilnad i tyding til verbet PASSE. Historisk har dei eit samband, men ikkje ved at PASSE TIL og TILPASSE har vore nytta om kvarandre og eller at TILPASSE har vorte ein meir abstrakt/spesialisert instans av den romlege tydinga til frasen PASSE TIL.

<sup>27</sup>og «prøve om noget har det rette maal».

<sup>28</sup>Her reflektivt

### 3.10.13 Frasen SETTE TIL

Eg har 4 døme med frasen SETTE TIL i materialet. Frasen er transitiv, med to objekt (eine objektet heller utfylling til TIL).

(194) «og fant fram en stol og **satte til** dem og sa # “må dere vær så god å sette dere # [...]”» (flaa\_ma\_01)

Subjektet er ikkje uttrykt i (194), den implisitte PD til SETTE er den som flytter på SD *stol*. *Stol* er PD til TIL, med retning mot SD *dem*. Dette dømet refererer til ein romleg relasjon og ei rørsle, og tyder **flytte/føre eit objekt mot/i retning av eit anna objekt**, her er det ein fysisk gjenstand og eit levande vesen.

Flyttinga treng ikkje skje ved ei rørsle, som inngår i den prototypiske tydinga av SETTE ovanfor. I (195) tyder SETTE TIL **be om å gjera/utføre ei handling**, ein person blir beden om å gjera eit arbeid.

(195) «og så sa han “hadde han ingen mindre å **sette til** dette da” sa han» (lom-medalen\_03gm)

PD til SETTE verken flytter eller fører SD mot eller i retning av ein plass med ei rørsle. SD til TIL er her eit arbeid eller handling, eit gjeremål PD er på veg mot.

I (196) tyder SETTE TIL **føde**.

(196) «eller eventuelt # drikke en øl # (laughter) det får du ikke gjøre (uninterpretable) men unger kan du **sette til** verden» (jevnaker\_01um)

Dette er ein metafor kor ein konseptualiserer både barnet før det har vorte til og når det er inne i magen. Inne i magen er sett på som å vera utanfor verda, som igjen er ein metafor for livet. Barnet blir så ført ut i verda eller livet. Verda er skjult for innsida av behaldaren magen.

På bakgrunn av dette vil eg seia det er tre åtskilde tydingar, to av dei eksten-sjonar av den fyrste romlege tydinga.

### 3.10.14 Samansett form TILSETTE

Eg har to døme med samansett form TILSETTE i materialet. Dei er transitive, men det er berre eit eksplisitt objekt i det eine dømet. Døme (197) er frå ei samtale, og for ytringa til informant 181 skal gje meining må ho bli sett i samband med det informant 182 seier.

(197) «kan man ikke bare kjøpe vanlig kremfløte og så vispe det og så» (who\_name: 182, who\_line\_key: 93114)  
«**tilsette** kakao» (who\_name: 181, who\_line\_key: 93115)

TILSETTE i (197) tyder **putte ingrediens i blanding**, her ha *kakao* i piska *kremfløyte*. Den ikkje-uttrykte PD til SETTE (eit menneske) puttar verbets SD, *kakao*, i ei blanding. *Kakao* er også TIL- sin PD og blir putta i TIL- sin SD, som er kremfløyte.

I det andre dømet tyder TILSETTE **gje arbeid/stilling, (ansette)**.

(198) «[...] det er jo få som **tilsetter** hvis du ser tilsettinger så skal dem jo ha [...]»  
(who\_name: 170, who\_line\_key: 87708)

Jamfør dette dømet med SETTE TIL i (195) som tyder **be nokon gjera/utføre handling eller arbeid**. *Få som* refererer her til arbeidsgivarar som gjev ein person ei stilling/arbeid.

### 3.10.15 SETTE TIL vs. TILSETTE

Det er 4 døme med frasen SETTE TIL og 2 døme med samansette TILSETTE i materialet mitt. Begge er transitive. Det er ein tydingskilnad mellom dei, men eit tydeleg samband.

Frasen kan tyde **flytte/føre gjenstand mot nokon, be om å gjera/utføre handling/arbeid og føde, få barn**. Den fyrste er den grunnleggjande tydinga som uttrykkjer ein romleg relasjon og rørsle.

Den samansette forma uttrykkjer i det eine dømet ei tyding lik den grunnleggjande tydinga til SETTE TIL. I (197) uttrykkjer TILSETTE å føre *kakao* mot og inn i kremfløyta. Frasen uttrykkjer ikkje *inn i*, berre (fram) mot. Det andre dømet med TILSETTE tyder **gje arbeid/stilling** og liknar som nemnt SETTE TIL i tydinga **be om å gjera/utføre handling/arbeid**. Den samansette forma har her ei meir spesifikk tyding, det blir gjeve ei stilling, som er eit gode. I SETTE TIL blir nokon beden om å gjera eit arbeid, men får ikkje av den grunn ei fast stilling.

Det er altså likskapar mellom frasen og den samansette forma, men dei har kvar si spesifikke tyding i desse døma.

### 3.10.16 Frasen TREKKE TIL

Eg har 2 døme med frasen TREKKE TIL. Desse frasane er transitive og refleksive.

(199) «det som er med squash og sånn er jo at det **trekker til** seg all smaken»  
(who\_name: 106, who\_line\_key: 58944)

(200) «for å **trekke til** seg # det hørtest veldig lurt ut» (who\_name: 131, who\_line\_key: 71768)

Fordi dei er refleksive er sluttunktet til TIL hos PD til TREKKE. Dei tyder **dra/få noko i retning av seg**, i desse to døma er **noko** smak. I (199) dreg *squash* smak i

si retning, tek opp smak. Squashen har ein eigenskap som gjer at han dreg smak mot og i seg.

### 3.10.17 Samansett form TILTREKKE

I materialet har eg eitt døme med samansett form TILTREKKE. Lik frasen er det transitivt og refleksivt.

(201) «og det det kan du se på en vinterdag e hvor hvor mye den til e trekker e # e **tiltrekker** seg #befolkning» (stange\_03gm)

Tydinga er også lik frasen. TILTREKKE tyder også **dra/få i si retning**. Fin natur og godt vêr gjer at folk fær ut ein vinterdag, det dreg folk ut.

### 3.10.18 TREKKE TIL vs. TILTREKKE

Dette paret har få døme, 2 døme med frasen TREKKE TIL og 1 med samansette TILTREKKE. Tydinga er den same i begge døme. Frasen kan verke å referere til ei meir fysisk handling. Squashen trekk smak til seg på eit vis så smaken blir der, og smaken blir dregen av noko i squashen. Ein vinterdag er derimot forlokkande og freistande for folk, det har meir med folks preferansar å gjera. Likevel høgst uklart om det er grunnlag for å skilje desse frå kvarandre, begge er romlege i nokon grad, men ingen har prototypisk primærdeltakar til TREKKE, som vil vera eit menneske.

Få døme gjer det vanskeleg å seia noko meir om desse.

### 3.10.19 Oppsummering TIL

TIL uttrykkjer generelt retning mot mål i desse døma. Retninga er ikkje berre ved rørsle, men også om form som blir likare (PASSE TIL) og om mindre romlege handlingar. I tillegg kan TIL uttrykkje ein possessiv relasjon, som i HØRE TIL-TILHØRE.

## 3.11 UT-par

I materialet har eg to UT-par: PEKE UT-UTPEKE og SETTE UT-UTSETTE. Eg har tre par med motsetnaden INN, så det er mindre skilnad på tale på INN-UT-par enn OPP-NED, som hadde 6 mot 1.

Jamfør 3.5 kor eg skriv korleis Strzelecka (2003) reknar den prototypiske sekundærdeltakaren til dei svenske partiklane *in* og *ut* å vera ein behaldar. INN

uttrykkjer ein primærdeltakar si retning til det indre av ein SD. UT uttrykkjer PD si retning frå det indre av SD. Så når INN uttrykkjer til og mot ein relasjon, uttrykkjer UT bort og frå.

Eit anna viktig biletskjema Strzelecka (2003) trekkjer fram, er SENTRUM--PERIFERI. INNE (dit INN leier) kan vera sentrum, det nære og tilgjengelege og UTE (dit UT leier) er periferien, det fjerne og utilgjengelege. SENTRUM kan også vera det indre av ein behaldar, og lenger bort frå midten av behaldaren er mot periferien. UT kan også vera tilgjengeleg og mot sentrum, det avhenger av korleis hendinga er vinkla. Sett utanfrå ein behaldar vil UT vera mot det tilgjengelege og mot sentrum, (jf. 3.11.1).

### 3.11.1 Frasen PEKE UT

Eg har tre døme med frasen PEKE UT i materialet. Denne frasen er refleksiv i to av døma, og den tredje er ikkje refleksiv.

Frasen er ikkje refleksiv i (202).

(202) «jeg satt n på sykkel og **pekte ut** på kartet og tegna» (who\_name: 115, who\_line\_key: 63067)

I denne er det referert til den romlege aktiviteten å peike. PEKE UT tyder å **vise til med fingeren, rette merksemda mot ein plass/referent**. SD til PEKE og PD til UT er ikkje eksplisitt uttrykt her, men det er forståeleg at det er plassar på kartet. Desse plassane blir metaforisk trekt fram eller bort frå dei andre plassane, altså dei kan bli sett på som teke ut av ein behaldar og no synleg og tilgjengeleg.

I dei to refleksive er det element mellom verb og preposisjon, det refleksive pronomenet.

(203) «men e # ikke # liksom # Romsås # **peker** seg ikke **ut** på en spesiell måte da» (who\_name: 164, who\_line\_key: 85370)

(204) «vi var sånn passe snille# vi det var ikke så fryktelig mange som #som **pekte seg ut**» (stange\_02uk)

PEKE SEG UT tyder her **vera synleg, åtskilt frå heilskap**. Om ein er inne i ein behaldar, er ein usynleg for dei utanfor, og ut av behaldaren er ein synleg. Det er ikkje berre det å vera synleg, men det å vera synleg og annleis i ein masse eller ei samling, som samling bydelar eller område i (203) og skuleklasse i (204). Behaldaren er då denne massen eller samlinga og ein er utanfor denne massen ved å skilje seg frå dei andre. Merk her også korleis «skilje seg frå» også uttrykkjer avstand, og to eller fleire åtskilde gjenstandar står frå kvarandre og utgjer ikkje ein masse. Referenten er mogleg å velja ut fordi denne skil seg frå dei andre i ein



masse eller samling, i så stor grad at han kan bli peikt på. Her er det ikkje referert til å peike som å bruke fingeren, lik (202).

Innhaldet i den metaforiske behaldaren er i desse døma utilgjengelege og usynlege, men kan bli gjort synleg og tilgjengeleg. I (202) blir punkt på eit kart forstått som tilgjengeleg og synlege eller merkbare og prominente ved at dei blir peikt på. Felles for punkt på eit kart og folk i ein masse eller plassar i eit område, er at dei kan bli sett på som nettopp ein homogen masse, då er det ingen særskilde element som er meir prominent og særskilt i massen. Primærdeltakar i UT «går inn i» regionen for interaktivt fokus ((Strzelecka, 2003, s. 89) og (Lindner, 1983, s. 132)). Lindner trekkjer fram at både engelske OUT og UP kan uttrykkje at noko er synleg og usynleg. Region for interaktivt fokus er «the realm of shared experience, existence, action, function, conscious interaction and awareness» (Lindner, 1983, s. 132) (jf. OPP 3.7.19). Vidare skriv Lindner at «[...] the OUT LM (an enclosed area) [in some examples] metaphorically codes some state of concealment, potential, or privacy, and the OUT path leads its trajectory into the region of public, perceivable, known reality». Medan i andre døme er «the veiwpoint-defined region itself [...] perceived as OUT's LM, when an OUT trajectory leaves this region, it becomes imperceptible, inoperational, and defunct» (1983, s. 132).

### 3.11.2 Samansett form UTPEKE

Det er berre eitt døme med samansett form UTPEKE i materialet. Lik to av døma med frase er denne reflektiv.

(205) «ikke noe det er ikke noe som **utpeker seg**» (who\_name: 179, who\_line\_key: 92911)

UTPEKE tyder det same som dei refleksive frasane, **vise seg fram, vera synleg**. Det *noe* refererer til her er eventuelle negative sider ved eit samfunn.

### 3.11.3 PEKE UT vs. UTPEKE

Eg har 3 døme med frasen PEKE UT i materialet mot 1 døme med den samansette forma UTPEKE. Frasen er reflektiv i to av døma. Det ikkje-refleksive med PEKE UT (202) ligg nærare verbet si grunntyding, PEKE er her å **vise til med fingeren** (jf. PEKE PÅ 3.9.4). I alle døme blir ein referent synleggjort, men i dei refleksive er det ved å gjera visse handlingar eller ha visse eigenskapar. Dømet med samansett form er også reflektivt og med same tyding som den refleksive frasen.

Den refleksive frasen frå informant 164 i (203) er nytta i ein liknande situasjon som UTPEKE i (205). Informanten blir beden om å seia litt om ulike sider ved

plassen dei bur. Informant 164 i (203) med PEKE ut meiner at plassen Romsås ikkje skil seg særleg frå andre plassar, og informant 179 i (205) meiner det ikkje er noko negativt ved plassen Sandvika å trekkje fram, ikkje noko som er verre der enn andre plassar. Det er altså eit samanfall i tyding og bruk. Desse døma viser ikkje nokon avgrensingar for frasen eller den samansette forma. Informantane er frå ulike delar av Austlandet, som ikkje er heilt irrelevant. Dei to informantane som nyttar den refleksive frasen er frå Stange og Romsås (Oslo), medan informant 179 som nyttar samansett form er frå Bærum. Denne skilnaden kan spela ei rolle, og verke som mogeleg forklaring (meir bokmålsnært talespråk i Bærum enn på Romsås og Stange).

Både UT og UT- kan i denne samanheng jamførast med det nederlandske prefikset *uit-* og polske *wy*, gjort greie for i Rudzka-Ostyn (1985). Rudzka-Ostyn viser til nederlandske «*een book uitkiezen* [out+choose] 'choose/pick out a book'» og polske «*wybrać*[out+take] *ksigżkę* 'choose/pick out a book'» (1985, s. 214). SD til prefikset er her ei gruppe objekt – nærare bestem ei gruppe med bøker – og PD (BOK) er ein medlem av denne gruppa.

### 3.11.4 Frasen SETTE UT

Det er 5 døme med frasen SETTE UT. Frasen er transitiv.

(206) «[...] **setter ut** en søppelpose så er han hakka sund» (flaa\_01um)

(207) «så når vi **satte ut** garn i begynnelsen» (who\_name: 155, who\_line\_key: 82298)

I (206) er retning UT utanfor huset, altså ut frå behaldaren huset. Tydinga er **flytte bort frå det indre av ein behaldar eller sentrum**. Målet for *garn* i (207) er vatnet. UT tyder **frå seg**, og SD for UT er personens næraste sfære – ein set garnet frå seg. *Vi* er sentrum i biletskjemaet SENTRUM-PERIFERI og vatnet er periferien.

I (208) er målet for SD til SETTE og PD til UT uttrykt med ein preposisjonfrase *i hagen*.

(208) «sånn tørkestativ som du **setter ut** i hagen» (hof\_02uk)

*Hagen*, som er målet for tørkestativet, er utanfor huset, og SETTE UT har same tyding som over. UT uttrykkjer her retning mot sentrum av *hagen*, som då er målet (jf. skjemaet SENTRUM-PERIFERI).

Starten for PD i UT er ikkje ein prototypisk behaldar i alle døma, som (206). I (206) er det eit hus, og dermed prototypisk behaldar. I (208) er startpunktet i UT noko uklart, målet er sentrum i *hagen*. I dømet med garn ned i vatnet (207) er rom

utanfor vatnet ein slags behaldar, og vatnet sjølv ein slags behaldar, og vatn er då PERIFERIEN.

### 3.11.5 Samansett form UTSETTE

Eg har 7 døme med den samansette forma UTSETTE i materialet. Desse frasene er transitive. Dei har tre ulike tydingar. 5 av 7 døme har same tyding som (209).

(209) «men **utsatte** du ikke bursdagen fra fredag til lørdag [...]» (who\_name: 114, who\_line\_key: 61785)

UTSETTE tyder her **vente med**, altså vente med bursdagsfeiring, gjera noko på eit seinare tidspunkt. Hendingar i tid er her konseptualisert som fysiske objekt, UT er lenger frå eit punkt i tid, som framtida er frå notida. Ute er det førebels utilgjengeleg for oss, og framtida er då konseptualisert som å vera ute og den «næraste» tida er inne.

Eg kallar dei fem døma med same tyding som (209) for tyding 1. (210) under er då tyding 2:

(210) «jeg s- har ikke noe å **utsette** på stedet her» (who\_name: 59, who\_line\_key: 32091)

UTSETTE tyder her **klaga på, mislike**. Det er ikkje noko ved staden som eg-personen misliker, personen har ikkje nokon sider å klaga på. Falk og Torp (1991, s. 946) skriv at «**Udsætte**, «finde feil ved» er nht. [nyhøitysk] *aussetzen*, egentl. «udskille (som mangelfudlt)»[...]. Jamfør då igjen målet for UT som utilgjengeleg og fjernt, kva ynskjer ein «bort» og kva stikk seg ut/fram som noko ein ynskjer bort. Falk og Torp skriv vidare at «[l]igedan nht. *ausstellen* i s. bet. Udsætte «blot-stille», sv. *utsätta* < nnht. *aussetzen*, der vel gjengiver fr. *exposer*». Denne tydinga kan ein jamføre med tyding 3 under, også UTPEKE 3.11.3 ved at dårlege sider blir trekt fram.

Tyding 3 finn ein i (211), merk at dette dømet er refleksivt.

(211) «[vi] **utsetter** oss ikke for nifs stråling» (who\_name: 5, who\_line\_key: 3527)

Denne tyder **koma/vera i nærleiken av**, vera i posisjon til å kunne bli råka av t.d. *nifs stråling*. Om ein har sette seg ut, altså bevegde seg eller flytt seg til og i ein bestemt posisjon, er ein mottakeleg for påverking utanfrå. Motsetnaden INNSETTE til UTSETTE er ikkje i materialet, men det er ikkje spesielt å tenkje seg ute som meir «utsett». Plassen kor ein ikkje blir råka av *nifs stråling*, er den trygge plassen, tenkt på som inne. Om ein beveger seg bort frå den trygge plassen, beveger ein seg ut dit ein kan bli råka av strålinga.

PD og SD til -SETTE er her den same, ettersom det er eit refleksivt verb. Det som finst «der ute» er uttrykt i frasen *for nifs stråling*, lik kor noko førebels er inne er uttrykt i frasen *på stedet (her)* i (210).

### 3.11.6 SETTE UT vs. UTSETTE

Eg har 5 døme med frasen SETTE UT i materialet mot 7 døme med samansett form UTSETTE. Det er ikkje eit samanfall i bruk og tyding i materialet mitt.

Tydinga til frasen er **flytte bort frå det indre av ein behaldar**, behaldar er vidt forstått i denne samanheng, jf. metaforen MENNESKE ER EIN BEHALDAR. Deltakarane i mine døme med SETTE UT er fysiske, og uttrykket refererer til ei handling i det fysiske rommet. Den samansette forma har fleire ulike tydingar i desse døma. I det eine er ei hending forstått som eit fysisk objekt, og framtida som lenger bort frå notida ein lever i. Det viktige i denne samanheng er korleis framtid er utilgjengeleg og fjern, som målet til UT også er. Tyding 2 av UTSETTE er **klage på**, som ikkje er direkte lenkja til den romlege tydinga. Den siste tydinga til UTSETTE kan til dels vera forstått som romleg, tydinga er **koma/vera i nærleiken av (stråling)**. I denne siste er ein i posisjon til å kunne bli råka. Ved å vera ute (som er målet for UT) er det utilgjengelege og fjerne ikkje lenger utilgjengeleg og fjernt.

### 3.11.7 Oppsummering UT

UT uttrykkjer PD frå det indre av ein behaldar, eller frå periferi eller frå sentrum. Alt ettersom korleis hendinga er vinkla kan UT både uttrykkje at noko er tilgjengeleg og utilgjengeleg. Det tilgjengelege er då synleg og prominent.

# Kapittel 4

## Konklusjon

### 4.1 Konklusjon

I denne oppgåva har eg teke føre meg 33 frasar med VERB+PREPOSISJON, og 33 samansette former med like element som frasane. Frasar og samansette former med like element har eg kalla *par*, uavhengig om tydinga er den same. Hovudmålet har vore å gjera greie for forholdet i tyding mellom frasen og den samansette forma i desse para. Altså kva som er skilnaden i tyding mellom frase og samansett form, og kva som kan vera sambandet i tyding. Kapittel 3 gjer greie for dette forholdet i tyding. Materialet er døme i par frå NoTa-korpuset (Oslo-delen) og NDC-korpuset (Austlandet). Verba er i infinitiv, presens og preteritum.

Frasar og samansette former har varierende frekvens i korpusmaterialet. Låg frekvens har påverka analysen ved at mange tydingar eller typar bruk ikkje er dekte. Få døme på ein frase eller form (eller ei bestemt tyding av dei) kan både tyde at korpuset er mangelfullt (som det jo er), og at frasen eller den samansette forma generelt er lite frekvente. For å kunne gje eit godt svar på om ein frase eller samansett form generelt er lågfrekvente utover korpus, trengst det meir data. Lågfrekvente former har også gjort at lite av datamaterialet i oppgåva har vore generaliserbart.

Dette kapitlet diskuterer fyrst inndelinga av para, så tydingsforholdet mellom frase og samansett form 4.1.2, deretter om stil og talemålsskilnader 4.1.3 og til slutt ei endeleg oppsummering 4.1.4.

#### 4.1.1 Inndeling

Tradisjonelt har det vore ei treinndeling av frasar og samansette former, (jf. 1.2). Den fyrste gruppa er frasar som ikkje har motsvar i samansett form, ofte uklart om det er meint både form og tyding. Den andre gruppa er samansette former utan motsvar i frase. Den tredje gruppa er frasar og samansette former som har

lik form og lik eller noko ulik tyding. Ongstad (1974) problematiserer denne inndelinga, mellom anna på grunn av det uklare forholdet mellom form og tyding. Ein frase kan bestå av same element som ei samansett form, utan at dei har same tyding, desse kallar Ongstad fakultative etter form og obligatoriske med omsyn til tyding. Når det ikkje er motsvar i form, som *innkvartere*, seier Ongstad at formene er obligatoriske. Når frase og samansett form kan uttrykkje same tyding, er forma fakultativ. Problemet med Ongstads inndeling er kva ein skal rekne for lik og ulik tyding. Som regel er det gradar av likskap, og i mange døme eit samband (kor synleg eller sterkt det er, kan variere).

Etter den tradisjonelle treinndelinga er det naturleg å plassere lånord som TIL-GI i gruppe 2, og det formelle motsvaret GI TIL i gruppe 1. Opphavet og skilnaden i tyding gjer det uproblematisk å plassere desse i ulike grupper. Problemet, som Ongstad (1974) for så vidt er inne på, er at det i gruppe 3 ikkje er alle tydingar av frase og samansett form som har same tyding. Forholdet mellom frasar og samansette former, både i par og dei som ikkje er i par, er generelt for komplekst til å kunne bli gjort greie for i inndelingar av denne typen.

Etter analysen i denne oppgåva er det to hovudgrupper av par, vist under. Ei god inndeling av desse krev ei meir intrikat og kompleks framstilling, mellom anna fordi par i denne todelinga ikkje kan bli forstått som alle dømet i par<sup>1</sup>.

- Par med eit mogleg samband i tyding mellom døme med frase og samansett form. Dette er den største gruppa.
- Par utan eit påviseleg samband i tyding mellom frase og samansett form.

I den fyrste gruppa har eitt eller fleire døme med ein frase og samansett form i eit par så godt som lik tyding, eller det er mogleg å vise korleis tydingar frå frasen motiverer tydingane til den samansette forma. Lik tyding i eitt eller fleire døme med frase og samansett form i eit par er kalla samanfall i tyding. Eit påviseleg samband gjeld i hovudsak døme frå korpusdata, og det er gjort greie for desse ved å vise korleis tydinga til den samansette forma kan vera ein metaforisk ekstensjon av den meir grunnleggjande tydinga til frasen.

Par som har eit eller fleire døme utan ein klar skilnad i tyding er: LEGGE AN-ANLEGGE, LEGGE NED-NEDLEGGE, TA OVER-OVERTA, TA PÅ-PÅTA, HØRE TIL-TILHØRE, PEKE UT-UTPEKE. Dei mest frekvente av desse er TA OVER-OVERTA og HØRE TIL-TILHØRE, som også har flest døme med samanfall i tyding. Det er ikkje eit samanfall i tyding til alle døme i desse para. Den samansette forma har ikkje den grunnleggjande romlege tydinga frasen kan uttrykkje, så samanfall er alltid i utvidingar av denne, og difor stemmer det at den

---

<sup>1</sup>Som igjen viser problemet med inndeling fordi eitt uttrykk ikkje berre har éi tyding.

samansette forma har meir «abstrakt tyding». Eit døme på dette er paret TA PÅ-PÅTA. Denne frasen kan tyde **føre om kroppen**, i dette paret er det berre samantfall i den metaforiske ekstensjonen med tydinga **seia seg villig til** (oppdrag er konseptualisert som eit fysisk objekt) (jf. 3.9.12).

Det er endå 7 par eg har kunne vise til eit samband i tyding. Det gjeld til dømes BRYTE AV-AVBRYTE, kor tydinga til den samansette forma er ein metaforisk ekstensjon av tydinga frasen uttrykkjer. Frasen uttrykkjer brekking av eit fysisk objekt, og i den samansette forma er talestraum konseptualisert som eit fysisk objekt som blir brekt og stoppa (jf. 3.3.4).

Det er i tillegg 12 par som står imellom gruppene. I desse har det ikkje vore nok data i materialet til å kunne argumentere for eit samband i tyding.

I gruppe to er det ikkje nokon umiddelbare likskapar mellom døme i eit par. I desse para er det fleire lånord. Verken GÅ AN-ANGÅ eller SLÅ AN-ANSLÅ, som begge er tyske lån, har påviselege likskapar i tyding. I materialet er det heller ikkje vore mogeleg å gje ein generell definisjon av AN. UTSETTE i tydinga **klaga på, finna feil ved** har eg ikkje direkte lenkja til SETTE UT, men freista å analysere på bakgrunn av tydinga til UT. Falk og Torp (1991) skriv at UTSETTE i denne tydinga er lån frå nederhøgtysk *aussetzen* (jf. 3.11.5), og som kan forklare kvifor det ikkje er eit direkte samband i tyding. I paret GI TIL-TILGI er det heller ikkje noko samband i tyding, den samansette forma er her eit lånord. Dette lånet har ikkje erstatta frasen GI TIL, ettersom det opphavlege norrøne/norske ordet er *fyrirgefa* (jf. 3.10.6). Det viktige i dette dømet er at den samansette forma ikkje har teke over for ein frase med same element.

Leksikaliserte former hamnar per definisjon i den andre gruppa, fordi det ikkje er umiddelbart klart korleis elementa motiverer tydinga til heile uttrykket. LEVE OPP-OPPLEVE er eit av desse para. Både LEVE OPP og OPPLEVE ser ut til å uttrykkje å metaforisk nå eit høgare punkt eller nivå. På kva måte og i kva grad OPPLEVE uttrykkjer dette, er uklart, som også gjer det vanskeleg å tale om eit samband i tyding her (jf. 3.7.9). Sjølv om det ikkje kan bli vist til eit samband i eit par, kan fylgjeleg tydinga til verb og preposisjonar jamførast med verb og preposisjonar i andre uttrykk, som igjen kan motivere (eller forklare) tydinga til frasen eller den samansette forma. Sambandet er mellom frase og samansett form, ikkje like element i ulike uttrykk. Manglande samband er ikkje det same som å seia at ei form er uanalyserbar utifrå delane.

### 4.1.2 Egentlig/Figurlig

Det tradisjonelle skiljet egentlig-figurlig eller konkret-abstrakt (Falk og Torp (1900), Western (1921) og Næs (1972)) har hatt lite føre seg, fyrst og fremst fordi det generelt er få eller ingen definisjoner av kva egentlig og figurlig er. Det som skil frase og samansett form er dessutan berre det at den samansette forma ikkje har det som er kalla egentlig eller konkret tyding (Ongstad, 1974).

Egentlig kan bli forstått som ei tyding av samansetninga som reflekterer tydinga til dei sjølvstendige elementa, som i mine døme stort sett er romlege. Eigentleg tyding vil då vera dei meir komposisjonelle og gjennomskinelege uttrykka. GÅ AV i *gå av toget* har eigentleg tyding ved at tydinga kan bli forklart ut av GÅ si tyding **bevege seg jamnt med føtene** og AV si tyding **fråskiljing**. Til samanlikning kan ikkje *han går av neste år* i tydinga **pensjonere seg** bli forstått utifrå GÅ og AV si tyding utan vidare (jf. 3.3.10). Dømet med dette paret viser at det er i frasen ein kan ha den grunnleggjande romlege tydinga, som er komposisjonell i større grad, men frasen kan også uttrykkje tydingar som er metaforiske og ikkje romlege. Om ein ser på figurlig som metaforisk (overført og metaforisk er også omgrep som går igjen i litteraturen), viser det seg at figurlig ikkje kan skilje samansette former frå frasar fordi begge kan seiast å ha figurleg tyding.

Mange av verba i materialet mitt er rørsleverb og uttrykkjer rørsle og retning i det romlege domenet, t.d. GÅ, KJØRE og DRA. Andre døme refererer også til det romlege domenet i ei eller fleire av tydingane (23 av 33 frasar). Verb som STÅ, SE og LYSE er verb som uttrykkjer ein prosess eller tilstand i det romlege domenet (SE og LYSE er både romleg og visuelt). Objekt eller deltakarar i det romlege domenet er konkrete eller fysiske objekt<sup>2</sup>. Ein frase med romleg tyding refererer til ei hending i det romlege domenet med fysiske deltakarar. Ei hending i eit anna domene (ikkje romleg) uttrykt ved ei tyding som prototypisk uttrykkjer romleg domene, har overført tyding, og er ein metafor (domenekopling). Ei ikkje-fysisk hending som *gå inn i eit (aksje)selskap* er ei metaforisk utviding av den fysiske tydinga til GÅ INN i det romlege domenet, lik *gå inn i huset* (jf. 3.5.4).

Hovudskilnaden mellom frase og samansett form er at frasen kan ha den grunnleggjande tydinga eller nære den grunnleggjande tydinga til elementa, som i desse døma er romleg. Som Falk og Torp (1900) viser er frasen, eller lausare tilknytningar, opphavet til den samansette forma, og for både svensk, dansk og norsk har samansette former kome av innverknad utanfrå. Det er i hovudsak av tysk innverknad, og vidare gjennom dansk til norsk. Ljunggren (1932) viser også at direkte omsetjing frå latin til (forn)svensk har vorte påverka av latinske ordfor-

<sup>2</sup>Fysisk må vera objekt som kan vera fysiske, me kan sjå dei som fysiske, ikkje berre metaforisk.



mer og fått samansette former. Frasen, i dagens språk, ligg altså utvilsamt nærare dei eldre uttrykka. Naturleg kunne frasane opphavleg uttrykkje metaforar, fordi metaforar er ein naturleg prosess som ikkje er lånt.

Dei samansette formene kan vera romlege, men har ikkje den grunnleggjande tydinga i desse tilfella. Dei er meir spesifikke og leksikaliserte i større grad. Det gjeld til dømes TILSETTE i tydinga **ha i (ingrediens)**. I denne romlege tydinga uttrykkjer ho **å ha (putte/helle) ein ingrediens i ein masse** (massen kan vera eit objekt som metaforisk er forstått som masse eller behaldar). TIL uttrykkjer ikkje berre **i retning av eller mot** i denne samanhengen, men også **inn i**. Den romlege frasen tyder derimot **føre eit objekt bort til eit mål**, og TIL uttrykkjer retning (jf. 3.10.15). Andre døme på dette er TA OPP-OPPTA (jf. 3.7.18).

I materialet mitt er det også ein skilnad mellom frase og samansett form ved at frasane har høgare teiknfrekvens. Det er også stor variasjon på kor mange døme det er med ulike frasar og samansette former. Datagrunnlaget er ikkje stort her, men det er likevel ein tydeleg skilnad mellom frasar og samansette former.

Til saman er det 722 døme med frase (338 frå NDC Austlandet og 446 frå NoTa-korpuset). Det er stor variasjon på talet på døme for dei ulike frasane. 22 av 34 frasar har mindre enn 20 døme, og 6 frasar har meir enn 50 døme (GÅ AN, GÅ INN, TA OPP, GÅ OVER, TA OVER, STÅ PÅ). Det er flest døme i infinitiv (288), og ganske jamnt fordelt i presens og preteritum (245 og 242).

Det er i alt 293 døme med samansette former i materialet (114 frå NDC og 176 frå NoTa). 29 av 33 samansette former har mindre enn 20 døme (20 av desse er under 10), og berre eitt døme har meir enn 50 døme (OPPLEVE). Men ei jamn fordeling mellom infinitiv (97), presens (95) og preteritum (99).

Falk og Torp (1900) skriv at samansette former har vore vanlegare i infinitiv enn finitte tider («men ogsaa inden disse er brugen [af egte sammensætning] afvigende» (1900, s. 335)). Både frasen og den samansette forma har flest døme i infinitiv i materialet mitt. Forholdet mellom døme i infinitiv og andre tider er omtrent like stort i samansett form og frase, også i frasar og samansette former med samanfall i tyding. Utan å akkurat vita kva for verb Falk og Torp siktar til, er det ikkje mogeleg å gjera ei god samanlikning her.

Av dei meir frekvente formene er det nokre former som har mange døme med liknande tyding, medan andre har større variasjon i tyding. Det er 91 døme med GÅ AN i korpus, men eg har ikkje kunne argumentere for meir enn éi tyding (jf. 3.2.1). Til skilnad har STÅ PÅ 147 døme, og i alle fall 6 ulike tydingar (3.9.7). GÅ OVER har 73 døme i materialet og 5 tydingar (3.8.1). Alle desse tre er frasar med verbet GÅ, eit skilje mellom dei er at AN er eit tysk lån.

Den samansette forma kan også vera frekvent med få tydingar, OPPLEVE har 107 døme, men berre éi tyding (jf. 3.7.8). Det same gjeld PÅSTÅ med 43 døme og éi tyding (jf. 3.9.8).

Frekvens i døme og tydingar taler også for at den samansette forma er meir leksikalisert og spesifikk. Tendensen verkar tydeleg å vera at samansette former har færre tydingar enn frasen.

### 4.1.3 Stil

Når det ikkje er nokon tydingsskilnad å spore, er stil ei mogeleg forklaring på kvifor den eine varianten er valt framfor den andre. Bokmål har meir bruk av samansett form enn talemål og nynorsk, og det har historisk vore fleire samansette former i høgtidelege og formelle tekstar enn meir munnlege og daglegdagse tekstar (jf. 1.2 og særleg Ongstad (1974) og Ljunggren (1932)). Då kan ein også rekne med meir bruk av samansett form i bokmålsnære dialektar/sosiolektar og formelt språk. Datagrunnlaget i oppgåva er ikkje stort, så det er berre mogeleg å vise til ulike tendensar på skilnad i stil.

Dei to mest frekvente av para med samanfall i tyding er TA OVER-OVERTA og HØRE TIL-TILHØRE. I fyrstnemnde er det noko variasjon i bruk, men frase og samansett form uttrykkjer dei same tydingane jamnt over. I HØRE TIL-TILHØRE tyder døme med frase og samansett form også så godt som det same, og dei er nytta i liknande kontekstar. Det er ingen formelle eller strukturelle skilnader som gjer seg gjeldande mellom dei (som ordstilling og tempus). I desse to para, og dei andre med samanfall, har eg sett på stil, dialektale og sociolingvistiske skilnader mellom informantar. Det viser seg at der det er samanfall i tyding, er frasen den mest frekvente i paret i NDC (19 av 25 er HØRE TIL, 49 av 78 er TA OVER), medan skilnaden mellom frase og samansett form ikkje er like stor i NoTa (19 av 28 er TILHØRE, 17 av 29 er OVERTA). Det er ikkje nok døme til å kunne seia at det er statistisk gyldig, men det viser ein tendens.

Skilnaden mellom korpusa er relevant fordi NoTa har informantar frå Oslo-området, og ein kan vente meir bruk av samansett form fordi desse har eit meir bokmålsnært/påverka talemål. I par med få døme med samanfall, som LEGGE NED-NEDLEGGE og TA PÅ-PÅTA, er den samansette forma frå ein informant frå NoTa. I dømet med PÅTA har informanten høgare utdanning og er frå område i byen ein kan vente eit meir bokmålsnært talemål (jf. 3.9.12). Eit skilje i stil kan altså forklare nokre av tilfella med samanfall, og tendensen av mindre samansett form i NDC. Ein ytterligare skilnad mellom samansett form og frase med samanfall i tyding, har ikkje vore mogeleg å koma fram til her. Det er truleg fleire faktorar som spelar inn, enkelttalarar kan til dømes nytte både den samansette

forma og frasen (jf. 3.10.9 og 3.8.12). Det er ein variasjon som er vanskeleg å gjera greie for (gjera greie for valet).

#### 4.1.4 Oppsummering av funn og vidare forskning

I to korpus som NoTa og NDC er det altså funne 37 par, og 33 av desse er analysert i denne oppgåva. Frase og samansett form med lik tyding er ikkje så vanleg, i alle fall ikkje å finna i talemålskorpus. Tydingane i eit par har ofte eit samband, det viser seg særleg ved at tydingar til den samansette forma er metaforiske ekstensjonar av den grunnleggjande romlege tydinga. Hovudskiljet mellom frase og samansett form er at frasen kan ha ei tyding som er nærare den grunnleggjande romlege tydinga. Frasen er også generelt meir frekvent.

Ein må skilja mellom dei som kan uttrykkje romleg tyding, gjeld både frase og samansett form, og dei som har ei tyding som ligg nære grunntydinga til dei sjølvstendige elementa, dette gjeld berre frasen.

Dei få døma med samanfall i tyding ser ut til å kunne reflektere den tidlegare skilnaden med frasar i «folkemålet» og meir bruk av samansette former i dansk-påverka talemål. Dette ser ein ved at det i par med samanfall er fleire døme med frase i NDC, som i mindre grad inkluderer bymål, og jamnare bruk av samansette former og frasar i NoTa, som er meir bokmålpåverka. Men TA OVER-OVERTA og HØRE TIL-TILHØRE viser at ein finn både frasar og samansette former blant ulike talarar, og talarar sjølv kan variere.

Lån forklarar på den andre sida dei para kor det ikkje er eit samband.

#### Vidare forskning

Vidare studiar av par med eit samanfall, basert på eit større datamateriale, er av stor interesse. Det er også nødvendig med ei diakron gransking av dei ulike para, og den faktiske historiske utviklinga.

Forholdet og variasjonen i tyding og bruk av partisippar og perfektumsformer anten som samansett form eller frase er ikkje gjort greie for i særleg grad, og generell utforsking av dette fenomenet er interessant, til dømes i lys av denne analysen. Det manglar også ein analyse av frasar og samansette former i ulike passivkonstruksjonar.

# Referansar

- Aa, L.I. (2015). *The Grammar of Verb-Particle Constructions in Spoken Norwegian* (Avhandling). NTNU.
- Aasen, I. (1899). *Norsk Grammatik* (Omarb. utg.). Kristiania: Cammermeyer.
- Aasen, I. (1918). *Norsk ordbog: med dansk forklaring* (4. uforandrede utg.). Kristiania: Cammermeyer.
- Åfarli, T.A. (1984). *Norwegian verb particle constructions as causative constructions* (vol. 11). Dragvoll.
- Bakken, K. & Vikør, L.S. (2011). Samansette preposisjonar i norske dialektar. *Norsk Lingvøistisk Tidsskrift*, 29(2), 191-204.
- Berg, H.C. (2013). *Det kroatiske verbalprefikset na-: En kognitiv analyse av prefiksets betydning og oversettelse til norsk* (Masteroppgåve). Universitetet i Oslo.
- Berntsen, H.E. (2009). *Norske partikkelverb og oversettelse til spansk: en detaljert analyse av norske partikkelverb og en kontrastiv analyse mellom norsk og spansk som belyser hvordan spanske oversettere oppfatter disse* (Masteroppgåve). Universitetet i Oslo.
- Brugman, C.M. (1983). *Story of over*. Bloomington, Ind.
- Dehé, N. (2002). *Verb-particle explorations* (vol. 1). Berlin: Mouton de Gruyter.
- Dewell, R.B. (2011). *The meaning of particle / prefix constructions in German*. Amsterdam: John Benjamins.
- Dirven, R. (1993). Dividing up physical and mental space into conceptual categories by means of English prepositions. I C. Zelinsky-Wibbelt (red.), *The semantics of prepositions: From mental processing to natural language processing* (vol. 3, s. 73). Berlin: Mouton de Gruyter.
- Ekberg, L. (1991). Den lokativa användningen av i och på. En privativ opposition i betydelsesdomänen DIREKT LOKALISERING. *Språk och stil*, 1, 89-108.
- Faarlund, J.T., Lie, S. & Vannebo, K.I. (1997). *Norsk referansegrammatikk*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Falk, H. & Torp, A. (1900). *Dansk-norskens syntax i historisk fremstilling*. Kristiania: Aschehoug.
- Falk, H. & Torp, A. (1991). *Etymologisk ordbog over det norske og det danske sprog*. Oslo: Bjørn Ringstrøms antikvariat.

- Geeraerts, D. (2006). *Cognitive linguistics: Basic Readings* (vol. 34). Berlin: Mouton de Gruyter.
- Golden, A., Mac Donald, K. & Ryen, E. (1998). *Norsk som fremmedspråk: grammatikk* (2. utg.). Oslo: Universitetsforl.
- Hageberg, A., Pedersen, G., Nordlie, S., Bakken, K., Killingbergtrø, L., Grønvik, O., ... Universitetet i Oslo Avdeling for, l. (1993). *Norsk ordbok: ordbok over det norske folkemålet og det nynorske skriftmålet: B. 3 H. 4: Flusker - gigla Fuklefingrar - få* (vol. B. 3 H. 4). Oslo: Samlaget.
- Johnson, M. (1987). *The body in the mind: the bodily basis of meaning, imagination, and reason*. Chicago: University of Chicago Press.
- Kinn, T. (1994). *Prepositional phrases in Norwegian: internal structure and external connections : an LFG analysis* (Hovudoppgåve). Institutt for fonetikk og lingvistikk, Universitetet i Bergen.
- Kjelsvik, B. (2013). Leksikaliseringsprosesser i samansette verb: Adjektiv eller partisipp? I 12. *Konferanse om leksikografi i Norden*. Oslo.
- Klavan, J. (2014). A multifactorial corpus analysis of grammatical synonymy: The Estonian adessive and adposition peal 'on'. I D. Glynn & J.A. Robinson (red.), *Corpus Methods for Semantics: Quantitative studies in polysemy and synonymy* (s. 253). Amsterdam: John Benjamins Publishing Company.
- Knudsen, K. (1881). *Unorsk og norsk, eller Fremmedords avløsning*. Kristiania: Cammermeyer.
- Kristoffersen, K.E. (2001). Semantic Structure of the Norwegian Preposition mot. *Nordic Journal of Linguistic*, 24(1), 3-27. doi: 10.1080/03325860118748
- Kristoffersen, K.E. & Runde, I.S. (2006). Preposisjonen til mellom lingvistisk teori og leksikografisk praksis. *Norsk Lingvistisk Tidsskrift*, 24(1), 3-25.
- Krogstad, G. (2000). *Å forske på på: en leksikalsk-semantisk beskrivelse av preposisjonen på* (Masteroppgåve). Universitetet i Oslo.
- Lakoff, G. (1987). *Women, fire, and dangerous things: what categories reveal about the mind*. Chicago, Ill: University of Chicago Press.
- Lakoff, G. (1993). The contemporary theory of metaphor. I A. Ortony (red.), *Metaphor and thought* (2. utg.). Cambridge University Press. Hentet fra <http://escholarship.org/uc/item/4nv3j5j9>
- Lakoff, G. & Johnson, M. (2003). *Metaphors we live by*. Chicago and London: University of Chicago Press.
- Langacker, R.W. (1987). *Foundations of cognitive grammar: 1 Theoretical prerequisites*. Stanford, Calif: Stanford University Press.
- Lindner, S.J. (1983). *A lexico-semantic analysis of english verb particle constructions with out and up*. Bloomington, Ind.
- Ljunggren, K.G. (1932). *Studier över förhållandet mellan verbalpartikel och verb i*

- fornsvenskan*. Lund.
- Miccoli, A. (2010). "We can pull it off, if we hold on... Men skal det ta av, hvis vi står på?": Off versus Av and On versus På: a corpus-based contrastive investigation (Masteroppgåve). Universitetet i Oslo.
- Newman, J. (2010). Balancing acts: Empirical pursuits in cognitive linguistics. I D. Glynn & K. Fischer (red.), *Quantitative methods in cognitive semantics: Corpus-driven approaches* (vol. 46, s. 79).
- Norén, K. (1996). *Svenska partikelverbs semantik* (vol. 17). Göteborg: Acta Universitatis Gothoburgensis.
- Næs, O. (1952). *Norsk grammatikk: 1: Ordlære: bokmål og nynorsk på bakgrunn av språkhistorie og dialekter* (vol. 1). Oslo: Fabritius.
- Næs, O. (1972). *Norsk grammatikk: elementære strukturer og syntaks* (3. utg.). Oslo: Fabritius.
- Ongstad, S. (1974). *Fakultative tilknytningsformer i partikkel-komponerte verb. Setningssemantisk analyse og syntaktisk-pragmatisk beskrivelse av moderne norsk skriftspråk* (Hovedoppgåve). Universitetet i Oslo.
- Papazian, E. (2006). Adverb, adjektiver og preposisjoner i norsk referansegrammatikk. et forsøk på å rehabilitere adverbene. *Norsk Lingvistisk Tidsskrift*, 24(2), 149-192.
- Radden, G. (1985). Spatial Metaphors Underlying Prepositions of Causality. I P. Wolf & R. Dirven (red.), *The Ubiquity of Metaphor. Metaphor in Language and Thought* (vol. 29). Amsterdam: John Benjamins Publishing Company.
- Rosch, E. (1975). Cognitive Representations of Semantic Categories. *Journal of experimental psychology: General*, 104(3), 192.
- Rosch, E., Mervis, C.B., Gray, W.D., Johnson, D.M. & Boyes-Braem, P. (1976). Basic Objects in Natural Categories. *Cognitive psychology*, 8(3), 382-439.
- Rudzka-Ostyn, B. (1985). Metaphorical Processes in Word Formation. The Case of Prefixed Verbs. I P. Wolf & R. Dirven (red.), *The Ubiquity of Metaphor. Metaphor in Language and Thought* (vol. 29). Amsterdam: John Benjamins Publishing Company.
- Sandøy, H. (1976). *Laust samansette verb i vestnordisk: ein samanliknande leddstilingsanalyse for islandsk, færøysk og romsdalsmål* (Magistergradsavhandling). Universitetet i Oslo.
- Strzelecka, E. (2003). *Svenska partikelverb med in, ut, upp och ner* (Avhandling). Institutionen för nordiska språk vid Uppsala universitet.
- Svenonius, P. (1996). The optionality of particle shift. *Working papers in Scandinavian syntax*, 157, 47-75.
- Tekstlaboratoriet. (u.d.). *Norsk talespråkskorpus - Oslodelen*. <http://www.tekstlab.uio.no/nota/oslo/index.html>.

- Tyler, A. & Evans, V. (2001). Reconsidering Prepositional Polysemy Networks: The Case of Over. *Language*, 77(4), 724-765.
- Western, A. (1921). *Norsk riksmåls-grammatikk: for studerende og lærere*. Kristiania: Aschehoug.
- Zivanovic, M. (2016). *Et oppgjør med OPP: En leksikalsk-semantisk beskrivelse av verbalpartikkelen OPP* (Masteroppgåve). Universitetet i Oslo.

# Tillegg A

# Tillegg A

## A.1 Oversyn over tal og tyding til frasar

**GÅ AN Døme:** 91 (NDC 47, NoTa 46)

**Tyding:** vera mogleg, la seg gje-  
ra/utføre

**Romleg:** nei, og ikkje rørsle

**Samanband:** ikkje påviseleg

**Elles:** *ikkje komposisjonell og inga ty-  
ding for AN*

metaforisk ekstensjon

**Elles:** *Kan vera både reflektiv og ikkje  
reflektiv.*

**LEGGE AN Døme:** 1 (NoTa)

**Tyding:** ta til med (ny) måte

**Romleg:** nei, og ikkje rørsle

**Samanband:** Ja, verkar å vera saman-  
fall i tyding

**Elles:** *Ikkje særleg analyserbar*

**GJØRE AV Døme:** 4 (3 NDC, 1 NoTa)

**Tyding:** setja/leggja frå (seg), flytte  
(seg)

**Romleg:** Ja

**Samanband:** Kan vera mogleg sam-  
band

**Elles:**

**SLÅ AN Døme:** 1 (NDC)

**Tyding:** fengje, fange interesse

**Romleg:** Nei, og ikkje rørsle

**Samanband:** Nei

**Elles:** *Metafor som kan bli gjort greie for*

**GÅ AV Døme:** 31 (6 NDC, 25 NoTa)

**Tyding:** 1. Skilje seg frå eit fysisk  
objekt (til fots). 2. Bli borte. 3. Slut-  
te, slutte i jobben (pensjonere seg)

**Romleg:** Nei.

**Samanband:** Mogleg i preposisjo-  
nen si fråskiljingstyding

**Elles:** *GÅ AV med pensjon er ofte ut-  
trykt utan med pensjon-frasen.*

**BRYTE AV Døme:** 4 (NDC)

**Tyding:** Brekkje eit heile i to eller  
fleire delar

**Romleg:** Ja

**Samanband:** Ja, samansett form er

**TA FRA Døme:** 3 (1 NDC, 2 NoTa)

**Tyding:** gripe og fjerne objekt i mot-  
sett retning av noverande plassering  
eller eigar, skilje



**Romleg:** Ja

**Samanband:** ja

**Elles:** *Både fysiske og ikkje fysiske deltakarar*

**FØRE INN Døme:** 2 (NoTa)

**Tyding:** Skrive ned førebudd tekst eller materiale (på flate/papir)

**Romleg:** Nei, berre metafor

**Samanband:** Ikkje direkte her, men både frase og samansett form er metaforar

**Elles:** *Ikkje den grunnleggjande romlege tydinga i materialet*

**GÅ INN Døme:** 106 (29 NDC, 87 NoTa)

**Tyding:** 1. Bevege seg mot det indre av ein behaldar, frå utside til innsida. 2. registrere i hugsen/minnet, bli oppfatta. 3. Kjøpe opp (selskap) 4. Bli samde om avtale (kontrakt)

**Romleg:** Ja,

**Samanband:** ja.

**Elles:** *Kan også skildre statisk tilstand, som landskap. Er både transitiv og intransitiv.*

**SE INN Døme:** 1 (NoTa)

**Tyding:** Oppfatte innsida av ein behaldar med augo, men sjølv vera utanfor behaldaren

**Romleg:** Ja

**Samanband:** Ja

**Elles:**

**GÅ GJENNOM Døme:** 44 (20 NDC, 24 NoTa)

**Tyding:** 1. Bevege seg, følgje ein veg i eit tredimesjonalt område/terreng. Til fots, også med ulike

framkome. 2. Bli godkjent av. 3.ta føre seg punkt for punkt. 4. Presentere, leggja fram, førelesa

**Romleg:** Ja.

**Samanband:** Ja, nært samband i tyding **presentere, leggja fram, førelesa**

**Elles:** *Kan også uttrykkje statisk tilstand som eit landskap eller rom*

**TA IMOT Døme:** 25 (11 NDC, 14 NoTa)

**Tyding:** 1. Få eit eller fleire objekt i si retning, koma til å halde og eige det. 2. Svare på samtaler i telefon. 3. Møte, velkoma

**Romleg:** Ja.

**Samanband:** Ja, i tyding **Svara på samtalar i telefon**

**Elles:**

**LEGGE NED Døme:** 15 (9 NDC, 6 NoTa)

**Tyding:** 1. Lagre (i hovudsak mat) 2. Stenge, avslutte. 3. Kalve

**Romleg:** Berre delvis i lagre-tydinga

**Samanband:** Ja, samanfal med NED-LEGGE i stenge/avslutte-tydinga

**Elles:**

**DRA OPP Døme:** 23 (10 NDC, 13 NoTa)

**Tyding:** 1. Trekkje/flytte eit fysisk objekt mot ein høgare stad, mot den positive polen på den vertikale akse. 2. Få i gang, ta til med

**Romleg:** Ja.

**Samanband:** Ja

**Elles:** *Reise-tydinga av DRA er ikkje med i analysen*

**FYLLE OPP Døme:** 9 (2 NDC, 6 NoTa)

**Tyding:** 1. Ha/putte fysisk objekt i

- ein behaldar til det blir fullt. 2. Ha i meir innhald i ein behaldar, fysisk og ikkje-fysisk**  
**Romleg:** Ja.  
**Samanband:** ja  
**Elles:**
- LEVE OPP Døme:** 4 (1 NDC, 7 NoTa)  
**Tyding:** Vera i live fram til ein bestemt alder  
**Romleg:** Nei  
**Samanband:** Mogeleg i tydinga nå eit høgare nivå som OPP har.  
**Elles:**
- LYSE OPP Døme:** 2 (NDC)  
**Tyding:** 1. Gje frå seg lys (på/mot eit objekt), skine, stråle. 2. Vise glede  
**Romleg:** Ja  
**Samanband:** Ja  
**Elles:**
- STÅ OPP Døme:** 42 (19 NDC, 39 NoTa)  
**Tyding:** Gå ut av senga eller generelt liggjande/sitjande posisjon  
**Romleg:** Ja  
**Samanband:** Ja, ved at STÅ OPP uttrykkjer at noko blir aktivt  
**Elles:** *Ikkje berre menneske som reiser seg. Denne kan også bli nytta om statisk tilstand på objekt*
- TA OPP Døme:** 59 (20 NDC, 39 NoTa)  
**Tyding:** 1. Lyfte/flytte eit objekt frå eit lågare nivå og til seg eller gjera synleg. 2. Spela inn lyd eller bilete på eit format. 3. Gjera om igjen etter å ha lagt frå seg.  
**Romleg:** Ja  
**Samanband:** Ja, ved å uttrykkje at
- noko er aktivt og tilgjengeleg  
**Elles:**
- GÅ OVER Døme:** 73 (39 NDC, 34 NoTa)  
**Tyding:** 1. Bevege seg til fots frå ei side (av ei hindring) til ei anna. 2. Gjera meir enn ynskjeleg, metaforisk krysse ei grense. 3. Endre seg til noko, overgang. 4. Ta føre seg objekt del for del, punkt for punkt.  
**Romleg:** Ja.  
**Samanband:** Delvis, men uttrykkjer ikkje det same, samansette forma har med høgare enn-tydinga å gjera.  
**Elles:** *Kan også uttrykkje statisk tilstand som eit landskap eller om*
- KJØRE OVER Døme:** 6 (2 NDC, 4 NoTa)  
**Tyding:** Bevege seg med eit framkome frå den eine sida (av ei hindring eller område) til den andre  
**Romleg:** Ja.  
**Samanband:** Delvis  
**Elles:**
- SE OVER Døme:** 3 (2 NDC, 1 NoTa)  
**Tyding:** Oppfatte gjenstand eller omgjevnad bak og forbi ei hindring med augo.  
**Romleg:** Ja  
**Samanband:** Delvis  
**Elles:**
- TA OVER Døme:** 61 (49 NDC, 12 NoTa)  
**Tyding:** 1. Få i eige, bli ny eigar, (arve)  
**Romleg:** Nei, ikkje i materialet  
**Samanband:** Ja, eit samanfall i tyding.

**Elles:** *Uttrykkjer generelt eit skifte i eigarskap*

**DRA PÅ Døme:** 2 (NDC)

**Tyding:** Klede på (seg), føre klede om kroppen

**Romleg:** Ja

**Samanband:** Mogeleg, tyding til samansett form som metaforisk eksten-sjon

**Elles:** *Er refleksiv i mine døme*

**PEKE PÅ Døme:** 2 (NoTa)

**Tyding:** Rette (felles) merksemd mot

**Romleg:** Kan vera

**Samanband:** Ja, i den ikkje-romlege tydinga

**Elles:** *Det merksemda blir retta mot kan vera fysisk og ikkje fysisk*

**STÅ PÅ Døme:** 147 (56 NDC, 91 NoTa)

**Tyding:** 1. Vera oppreist og i kontakt med underlag. 2. Halde på med aktivitet. 3. Vera nedskriven, også metaforisk. 4. Koma an på, avhenge av. 5. Vera aktiv.

**Romleg:** Ja, særleg i tyding 1.

**Samanband:** Truleg, men ikkje nok døme til å vise det godt.

**Elles:**

**TA PÅ Døme:** 24 (4 NDC, 20 NoTa)

**Tyding:** 1. Klede på (seg), setja eller legja tøy om eller rundt kroppen. 2.

Seia seg villig til arbeid

**Romleg:** Ja, i tyding 1.

**Samanband:** Ja, i tyding 2

**Elles:** *Er refleksivt i desse døma*

**FØRE TIL Døme:** 2 (NoTa)

**Tyding:** Forårsake, verke som årsak

**Romleg:** Nei.

**Samanband:** Ikkje direkte i desse døma, men truleg frå den romlege

**Elles:** *Mogeleg å vise til relasjonen til den romlege tydinga*

**GI TIL Døme:** 6 (1 NDC, 5 NoTa)

**Tyding:** Føre objekt (fysisk og abstrakt) i retning av nokon så dei får det «i eige»

**Romleg:** Ja

**Samanband:** Nei, TILGI er eit tysk lån.

**Elles:**

**HØRE TIL Døme:** 28 (19 NDC, 9 NoTa)

**Tyding:** Ha samband med, vera del av eller eigedel av

**Romleg:** Nei

**Samanband:** Ja, samanfall

**Elles:**

**PASSE TIL Døme:** 6 (2 NDC, 4 NoTa)

**Tyding:** Stemme overeins, vera høveleg

**Romleg:** Delvis

**Samanband:** Éi av fleire PASSE-tydingar, denne er intransitiv, den samansette forma har transitiv PSSE

**Elles:** *Er både om like storleikar, skildringar og harmonering.*

**SETTE TIL Døme:** 4 (3 NDC, 1 NoTa)

**Tyding:** 1. Føre bort mot, i retning av. 2. Be om å gjera/utføre handling.

3. Føde, få barn.

**Romleg:** Ja, i tyding 1

**Samanband:** Ja

**Elles:**

**TREKKE TIL Døme:** 2 (NoTa)

**Tyding:** Dra/få noko i retning av seg

**Romleg:** Ja,

**Samanband:** Ja, litt uklart kor stor skilnad det er.

**Elles:** *Denne er refleksiv*

**Tyding:** 1. Vise til med fingeren, rette merksemda mot ein plass/referent 2. (*refleksiv*) Vera synleg (i gruppe)

**Romleg:** Delvis romleg i 1.

**Samanband:** Ja, eit samband i den refleksive tyding 2.

**Elles:** *To av dei tre er refleksive*

**GÅ UNNA Døme:** 1 (NoTa)

**Tyding:** Bli fort borte

**Romleg:** Berre delvis

**Samanband:** Mogeleg

**Elles:**

**SETTE UT Døme:** 5 (3 NDC, 2 NoTa)

**Tyding:** Flytte bort frå det indre av ein behaldar eller sentrum

**Romleg:** Ja.

**Samanband:** Mogeleg gjennom BEHALDAR og SENTRUM-PERIFERI

**Elles:**

**PEKE UT Døme:** 3 (2 NDC, 1 NoTa)

## A.2 Oversyn over tal og tyding som samansette former

**ANGÅ Døme:** 1 (NoTa)

**Tyding:** Påverke, gjelde for, berøre

**Romleg:** Nei

**Samanband:** Nei

**Elles:** *Tysk opphav, kan sjå av AN*

**Elles:** *Tysk opphav, kan sjå av AN*

**AVBRYTE Døme:** 2 (NoTa)

**Tyding:** Hindre andre talarar i å snakke vidare (Ved å snakke sjølv)

**Romleg:** Nei

**Samanband:** Ja, ved metaforisk ekstensjon

**Elles:**

**ANLEGGE Døme:** 2 (NoTa)

**Tyding:** Ta til, starte med prosess, setja i stand

**Romleg:** Nei

**Samanband:** Ja, mogeleg samanfall

**Elles:** *Tysk opphav, kan sjå av AN*

**AVGJØRE Døme:** 4 (2 NDC, 2 NoTa)

**Tyding:** Bestemme, ta ei avgjersle

**Romleg:** Nei

**Samanband:** Ikkje direkte, men kan vera.

**Elles:** *Tysk opphav - abmachen*

**ANSLÅ Døme:** 4 (NDC)

**Tyding:** Berekne

**Romleg:** Nei

**Samanband:** Nei

**AVGÅ Døme:** 1 (NoTa)

**Tyding:** Døy

**Romleg:** Nei

**Samanband:** Kanskje

**Elles:**

**Romleg:** Nei

**Samanband:** Frasen kan ha same tyding som 1.

**Elles:** *Tyding 2 er i konstruksjonen [FÅ GJENNOMGÅ]*

**FRATA Døme:** 1 (NoTa)

**Tyding:** Fjerne ikkje-fysisk eige

**Romleg:** Nei

**Samanband:** Ja, metaforisk eksten-sjon

**Elles:**

**MOTTA Døme:** 3 (1 NDC, 2 NoTa)

**Tyding:** Få (ikkje-fysisk) objekt i si retning

**Romleg:** Nei, ikkje i desse døma

**Samanband:** Ja, i éi av tydingane til frasen

**Elles:**

**INNFØRE Døme:** 4 (NoTa)

**Tyding:** Ta i bruk, setja i gang (vane, tradisjon, regel)

**Romleg:** Nei

**Samanband:** Ikkje direkte til frasen her, men turleg til annan,

**Elles:**

**NEDLEGGE Døme:** 1 (NoTa)

**Tyding:** Stenge, avslutte

**Romleg:** Nei,

**Samanband:** Ja, samanfall med éi av tydingane til frasen

**Elles:**

**INNGÅ Døme:** 2 (1 NDC, 1 NoTa)

**Tyding:** Vera del av, høyre med i

**Romleg:** Nei

**Samanband:** Mogeleg i den ikkje-romleg tydinga til frasen

**Elles:**

**OPPDRA Døme:** 3 (2 NDC, 1 NoTa)

**Tyding:** Lære (opp), påverke oppførsel og åtverd, metaforisk vise veg

**Romleg:** Nei

**Samanband:** Kan vera, men vanskeleg å vise

**Elles:**

**INNSE Døme:** 3 (NoTa)

**Tyding:** Forstå, skjone, bli klar over

**Romleg:** Nei

**Samanband:** Eit mogeleg samband

**Elles:** *SE generelt metafor for å forstå, og INN metaforisk kryssing av grense*

**OPPFYLLE Døme:** 1 (NoTa)

**Tyding:** Innfri, tilfredsstill

**Romleg:** Nei

**Samanband:** Mogeleg

**Elles:** *MEIR ER OPP og BEHALDAR-metaforen er viktig her*

**GJENNOMGÅ Døme:** 6 (2 NDC, 4 NoTa)

**Tyding:** 1. Ta føre seg (eit stoff) punkt for punkt, del for del. 2. Bli utsett for vond (be)handling

**OPPLEVE Døme:** 107 (40 NDC, 67 NoTa)

**Tyding:** Kjenne, føle, røyne, fatte, koma ut for

<b>Romleg:</b> Nei	<b>Elles:</b>
<b>Samanband:</b> Vanskeleg å visa	
<b>Elles:</b>	
<b>OPPLYSE Døme:</b> 1 (NDC)	<b>OVERSE Døme:</b> 1 (NoTa)
<b>Tyding:</b> Informere, gjera kjent	<b>Tyding:</b> Ikkje bry seg om, ikkje leggja merke til, sjå bort ifrå
<b>Romleg:</b> Nei	<b>Romleg:</b> Nei
<b>Samanband:</b> Ja, ved at LYSE og OPP uttrykkjer at noko er tilgjengeleg	<b>Samanband:</b> Ja.
<b>Elles:</b>	<b>Elles:</b>
<b>OPPSTÅ Døme:</b> 6 (3 NDC, 3 NoTa)	<b>OVERTA Døme:</b> 46 (29 NDC, 17 NoTa)
<b>Tyding:</b> Bli til	<b>Tyding:</b> Bli ny eigar, arve
<b>Romleg:</b> Nei	<b>Romleg:</b> Nei
<b>Samanband:</b> Kan vera, STÅ uttrykkjer synleg og aktiv, og OPP uttrykkjer synleg og aktiv	<b>Samanband:</b> Ja, eit samanfall i tyding
<b>Elles:</b>	<b>Elles:</b> <i>Også ny driftar/eigar for verksemd</i>
<b>OPPTA Døme:</b> 2 (1 NDC, 1 NoTa)	<b>PÅDRA Døme:</b> 2 (NoTa)
<b>Tyding:</b> 1. Bruke plass, 2 Interesse-re, fange interesse	<b>Tyding:</b> Her: Handle så det får konsekvensar
<b>Romleg:</b> Ja, i tyding 1	<b>Romleg:</b> Nei
<b>Samanband:</b> Ja, ved å uttrykkje eige-forhold, og utilgjengelegheit.	<b>Samanband:</b> Ja
<b>Elles:</b>	<b>Elles:</b> <i>Berre i ein spesiell samanheng her</i>
<b>OVERGÅ Døme:</b> 2 (2 NoTa)	<b>PÅPEKE Døme:</b> 1 (NoTa)
<b>Tyding:</b> Bli/vera betre enn	<b>Tyding:</b> Seia, uttrykkje, rette (felles) merksemd mot
<b>Romleg:</b> Nei	<b>Romleg:</b> Nei
<b>Samanband:</b>	<b>Samanband:</b> Ja, delvis samanfall
<b>Elles:</b> <i>OVER som høgare enn og uttrykk for høgare på ein skala</i>	<b>Elles:</b>
<b>OVERKJØRE Døme:</b> 1 (NoTa)	<b>PÅSTÅ Døme:</b> 43 (20 NDC, 23 NoTa)
<b>Tyding:</b> Ikkje ta omsyn til	<b>Tyding:</b> Hevde, meine, seia for visst
<b>Romleg:</b> Nei	<b>Romleg:</b> Nei
<b>Samanband:</b> Mogeleg samband	<b>Samanband:</b> Ikkje påviseleg i materialet, men jamfør uttrykk <i>stå på sitt</i> .
	<b>Elles:</b>

**TILFØRE Døme:** 3 (1 NDC, 2 NoTa)

**Tyding:** Gje, skaffe, koma med, bidra med

**Romleg:** Ikkje direkte i desse døma

**Samband:** Frasen er ikkje romleg i mine døme, men dei kan begge bli trekt att til **leie/frakte**-tydinga av FØRE, og uttrykkjer begge eit mål.

**Elles:**

**TILGI Døme:** 1 (NoTa)

**Tyding:** La vera gløymd, ikkje lenger rekne (ein) til last.

**Romleg:** Nei

**Samband:** Nei

**Elles:** *Er opphavleg eit tysk lånord (togeven), jf. norrøne fyrirgefa.*

**TILHØRE Døme:** 25 (6 NDC, 19 NoTa)

**Tyding:** Ha samband med eller tilknytning til

**Romleg:** Nei

**Samband:** Ja, samanfall med frasen i ei rekkje døme

**Elles:**

**TILPASSE Døme:** 6 (2 NDC, 4 NoTa)

**Tyding:** Endre (seg) i retning av eller mot noko(n), bli likare eller høveleg for

**Romleg:** Nei

**Samband:** Eit slags samband til frasen, men anna tyding av PASSE

**Elles:**

**TILSETTE Døme:** 2 (NoTa)

**Tyding:** 1. Putte ingrediens i blan-

**ding. 2. Gje arbeid/stilling**

**Romleg:** I tyding 1

**Samband:** Mogeleg samband i begge tydingar

**Elles:** *1 er romleg, men ikkje grunnleggjande*

**TILTREKKE Døme:** 1 (NDV)

**Tyding:** Dra/få i si retning

**Romleg:** Delvis

**Samband:** Ja, mogeleg samanfall

**Elles:**

**UNNGÅ Døme:** 17 (6 NDC, 9 NoTa)

**Tyding:** Koma/sleppe frå

**Romleg:** Ikkje i desse døma

**Samband:** Ikkje nok døme til å vise klart samband

**Elles:**

**UTPEKE Døme:** 1 (NoTa)

**Tyding:** Vise seg fram, vera synleg

**Romleg:** Nei,

**Samband:** Ja, frasen har også ikkje-romleg synleg

**Elles:**

**UTSETTE Døme:** 8 (1 NDC, 7 NoTa)

**Tyding:** 1. Vente med. 2. Klaga på, mislike. 3. Koma/vera i nærleiken av

**Romleg:** Delvis i tyding 3.

**Samband:** Ikkje i materialet

**Elles:** *Tydeleg UT si tyding tilgjengeleg og synleg*

# Tillegg B

# Tillegg B

## B.1 Uttrykk med tal i tempus og total

Uttrykk	Infinitiv	Presens	Preteritum	Total
GÅ AN	8	60	21	91
ANGÅ	1	0	0	1
LEGGE AN	0	0	1	1
ANLEGGE	0	0	2	2
SLÅ AN	0	1	0	1
ANSLÅ	0	4	0	4
BRYTE AV	1	0	3	4
AVBRYTE	0	1	1	2
GJØRE AV	4	0	0	4
AVGJØRE	1	2	1	4
GÅ AV	10	14	7	31
AVGÅ	1	0	0	1
TA FRA	1	1	1	3
FRATA	1	0	0	1
FØRE INN	2	0	0	2
INNFØRE	4	0	0	4
GÅ INN	54	28	28	106
INNGÅ	0	3	0	2
SE INN	1	0	0	1
INNSE	1	0	2	3
GÅ GJENNOM	14	17	13	44
GJENNOMGÅ	3	3	0	6
TA IMOT	11	5	9	25
MOTTA	1	2	0	3



LEGGE NED	9	2	4	15
NEDLEGGE	0	1	0	1
DRA OPP	14	4	5	23
OPPDRA	2	1	0	3
FYLLE OPP	3	3	3	9
OPPFYLLE	1	0	0	1
LEVE OPP	1	1	2	4
OPPLEVE	37	35	35	107
LYSE OPP	1	1	0	2
OPPLYSE	0	1	0	1
STÅ OPP	11	10	21	42
OPPSTÅ	1	2	3	6
TA OPP	28	8	23	59
OPPTA	0	2	0	2
GÅ OVER	20	17	36	73
OVERGÅ	2	0	0	2
KJØRE OVER	3	2	1	6
OVERKJØRE	0	1	0	1
SE OVER	3	0	0	3
OVERSE	1	0	0	1
TA OVER	40	9	12	61
OVERTA	21	5	20	46
DRA PÅ	0	1	1	2
PÅDRA	2	0	0	2
PEKE PÅ	0	2	0	2
PÅPEKE	0	0	1	1
STÅ PÅ	47	47	53	147
PÅSTÅ	13	17	13	43
TA PÅ	15	4	5	24
PÅTA	1	0	1	2
FØRE TIL	1	1	0	2
TILFØRE	1	1	1	3
GI TIL	3	2	1	6
TILGI	0	0	1	1
HØRE TIL	1	17	10	28
TILHØRE	0	9	16	25
PASSE TIL	1	5	0	6
TILPASSE	4	2	0	6
SETTE TIL	3	0	1	4
TILSETTE	1	1	0	2

---

Samanlikning av preposisjon og verb i frase og samansetning

---

<b>TREKKE TIL</b>	1	1	0	2
<b>TILTREKKE</b>	0	1	0	1
<b>GÅ UNNA</b>	0	0	1	1
<b>UNNGÅ</b>	14	3	0	17
<b>PEKE UT</b>	0	1	2	3
<b>UTPEKE</b>	0	1	0	1
<b>SETTE UT</b>	1	3	1	5
<b>UTSETTE</b>	1	5	2	8